# Kommunedirektørens forslag til handlings- og økonomiplan for 2025 — 2028

Hå kommune

# Innhold


Saman om ei trygg omstilling ..... 3

Plangrunnlaget ..... 5

Beredskap og samfunnstryggleik ..... 5

Personal og stillingar ..... 5

Status kommunale planar ..... 7

Status og rammevilkår ..... 9

Utvikling i befolkning ..... 11

Investeringar i økonomiplanen ..... 13

Hovudtala i budsjettforslaget ..... 16

Sentraladministrasjon og eigedom ..... 24

Oppvekst og kultur ..... 38

Helse og velferd ..... 65

Kyrkja ..... 86

Samfunn ..... 88

Fellesfunksjonar ..... 110

# Saman om ei trygg omstilling

## Saman om ei trygg omstilling

Perspektivmeldinga syner at velferdssystemet er under sterkt press og det er vår oppgåve å gjere kommunen berekraftig for framtida.  Fødselstala går nedover og levealderen vil fortsette å auke. Samtidig blir det færre i yrkesaktiv alder – og me får ein kamp om arbeidskraft for å få utført alle arbeidsoppgåvene.  Denne demografiske utviklinga er ei utfordring me må handtere. I komande planperiode må me vera tydelege på korleis me løyser nye, veksande behov, innanfor den gitte ramma. Kommunane vil framover ikkje ha nok folk til å møte alle behov og utfordringar. Kvar og ein må derfor ta meir ansvar for eige liv.

**Hå mot 2036:**

Ser me fem år tilbake i tid var det få som kunne ane at me sto framføre ein pandemi som skulle vara i over to år, krig i Europa og generelt meir uro i verda. Ser me fem år fram i tid - eller endå lengre,  "Hå mot 2036", som er overskrifta på kommuneplanen veit me av erfaring at det kan bli meir usikkerheit som me må takla.

For å møte dei framtidige utfordringane må kommunen jobbe langsiktig og systematisk. Det betyr at me må prioritere tiltak som har effekt og at me i større grad viser at me planlegg og prioritere for framtida.

Nærvær på jobb er vesentleg for å klara å løyse dei utfordringane me står ovanfor. Me må saman finna løysingar for å få fleire i arbeid. Myndiggjorte leiarar og medarbeidarar, samarbeid med dei tillitsvalde og målretta leiarutvikling, er avgjerande for ei trygg omstilling.

For å ta nødvendige grep for framtida, satsar me på at me saman skal ha ei trygg omstilling i heile organisasjonen.Me må få til meir for mindre, og jobba på nye måtar. Me ser blant anna på korleis me kan følgje opp vedtaket frå kommunestyret i desember 2023 om spesialundervisning, tilpassa opplæring og inkluderande praksis. Parallelt med forslaget til handlings- og økonomiplan kjem det ei eiga sak med ein plan som har som mål å få fleire barn og elevar inn i ordinær/tilpassa opplæring. På den måten kan flest mogleg verta inkludert i fellesskapet. Me ser på omstilling i helse og velferd for blant anna å etablere eit bufellesskap.  Og det er mykje som skjer innan velferdsteknologien. Utvikling av digital kompetanse, implementering av teknologiske løysingar og systematisk bruk av kunstig intelligens kan erstatta ressurskrevande manuelle oppgåver og gode tenester med innbyggaren i sentrum. I tillegg er me opptatt av sambruk og gjenbruk av eigedomsmassen vår, og klimatilpassing med flaumsikring og utskifting av vann og avløpsrøyr.

Me er opptatt av å ivareta eigenarten til Hå kommune, dei seks tettstadane og stasjonsbyane våre. Derfor foreslår me å bygga barnehage på Brusand, veg inn til skuletomta på Vigrestad, bufellesskap på Nærbø og ny brannstasjon på Nærbø. Me legge også opp til å opparbeide nye næringsareal.

**God økonomistyring:**

God økonomistyring er Hå kommune sitt varemerke. Sjølv om me har den lågaste gjennomsnittlege skatteinngangen av alle kommunane i Rogaland, me har ikkje eigedomsskatt og me er landets største husdyrkommune. Det handlar derfor om å sette tæring etter næring, sambruk, gjenbruk og prinsippet å "ikkje overlate garden i dårlegare stand enn då me tok over". Gjennom verktøyet kommunaløkonomisk bærekraftsmodell (KØB-modellen) viser me det økonomiske handlingsrommet med eit

nettodriftsresultat i heile planperioden på 1,75 prosent som og er måltalet i kommuneplanen. Eit disposisjonsfond som ligg stabilt på omlag 20 prosent, og er høgare enn måltalet på ti prosent. Gjeldsgraden er aukande med eit måltal på 60 prosent, medan me i slutten av planperioden ligg på omlag 74 prosent. Politikk handlar om prioriteringar. Her syner kommunedirektøren at dei folkevalde gjennom KØB-modellen kan gjere prioriteringar som viser korleis handlingsrommet kan endra seg framover avhengig av politiske val.

**Takk til alle tilsette:**

Handlings- og økonomiplanen for 2025-2028 er eit resultat av innsatsen til tilsette, tillitsvalde og leiarar. Kommunedirektøren vil rette ein stor takk til alle som bidrar i dette viktige arbeidet. Prosessen har vore prega av konstruktive, ærlege og opne tilbakemeldingar, som har gjort forslaget stadig betre. I Hå løfter me i lag. Det er eit godt fundament for å lukkast saman for ei trygg omstilling, og i tett samarbeid med innbyggarane og dei folkevalde.

Anne Berit Berge Ims

Kommunedirektør

# Plangrunnlaget

Den nye kommuneplanen tek utgangspunkt i langsiktige utfordringar og moglegheiter, med ei sterk forankring i FN sine berekraftsmål. I samfunnsdelen er sju hovudsatsingsområde valde ut for å sikra berekraftig utvikling i Hå kommune.

**Dei sju satsingsområda er:**

1. Me løfter i lag
2. Berekraftig matproduksjon
3. God helse
4. God utdanning
5. Innovasjon, infrastruktur og næringsutvikling
6. Berekraftige stasjonsbyar og tettstader
7. Handling mot klimaendring

Planen inneheld vidare ein langsiktig arealstrategi som skal fungera som eit bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen.

**«Hå mot 2036» består av:**

- Samfunnsdel med hovudsatsingsområde(PDF, 46 MB) for kommunen si ønska utvikling og langsiktige mål og strategiar.

# Beredskap og samfunnstryggleik

**Organisering av beredskapsarbeidet i Hå kommune**

Kommunedirektøren er beredskapsleiar. Med seg i beredskapsgruppa har ho ordførar, beredskapskoordinator, kommuneoverlegen, kommunalsjef for helse og velferd, kommunalsjef for oppvekst og kultur, kommunalsjef for samfunn, organisasjonssjef, økonomisjef og eigedomssjef.

**Planer for og øving av beredskap**

Me oppdaterer vedlegg i beredskapsplanen. Rayvn er innført som krisekommunikasjonsplattform. Oppdatert informasjon om deltakarar, ressursar og planar blir lenka i Rayvn. Beredskapsarbeidet med organisering, planar og telefonlister ligg lett tilgjengeleg under eige område på Steinbukken - intranettet vårt. Det gjer at det alltid er tilgjengeleg.

# Personal og stillingar

Om lag 70 prosent av kostnadane til kommunen er knytt til løn. Dei fleste av kommunen sine tilsette møter innbyggarane kvar dag. Samla oversikt over årsverk i kvart tenesteområde:

| Årsverk | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Sentraladministrasjon og eigedom | 102,5 | 108,0 | 109,9 | 109,3 |
| Oppvekst og kultur | 631,4 | 652,0 | 666,6 | 694,3 |
| Helse og velferd | 581,2 | 597,5 | 617,3 | 602,5 |
| Samfunn | 66,5 | 66,4 | 66,4 | 72,2 |
| **SUM** | **1 381,5** | **1 423,9** | **1 460,2** | **1 478,3** |

Frå 2024 til 2025 aukar me totalt med18,1 årsverk. Desse fordeler seg slik:

**Eigedom: -0,6**

- - 0,6 Samanslåing av låge stillingsprosentar til heile eller større stillingar

**Oppvekst og kultur: 9,0**

- -0,3 Administrasjon (person slutta - ikkje erstatta)
- -3,0 Andre skuletenester ( 2 årsverk ordinær skule, 0,5 årsverk vaksenopplæring og 0,5 årsverk undervisning mottakselevar)
- 0,6 Kultur (kulturskolelærar)
- 6,0 SFO (pga regjeringas vedtak om gratis SFO også for 3. klassingar)
- 5,7 Barnehage (pga auking i antal flyktningar)

**Helse og velferd: 4 årsverk**

- 2 nye årsverk i Psykisk helse og rusvern
- 2 nye årsverk innanfor BPA (Brukarstyrt Personleg Assistent)

**Samfunn: 5,7 årsverk**

- 1 nytt årsverk innanfor brannvern
- 3 årsverk prosjekt og utbygging (sjølvkost)
- 1 årsverk Teknisk drift, avløp (sjølvkost)
- 0,5 årsverk Teknisk drift, vann og avløp, (sjølvkost)
- 0,2 årsverk justering tidlegare vedtak

Barnevernstenesta: I 2024 flytta me denne tenestene på 19 årsverk frå Helse og velferd til Oppvekst og Kultur. Årstallsoversikta er oppdatert i dei to tenesteområdande frå 2025.

Av 1478,3 årsverk i 2025 har me ekstern finansiering på totalt 94,3 årsverk. Dei fordelar seg slik:

**Oppvekst og kultur**

- Bibliotek : 1,3 årsverk på Åna fengsel (og alle driftsutgifter) dekkes fullt ut.
- Prosjektstillingar har blitt dekket i 2024, men blir ikkje lenger dekt då prosjekta er ferdig: Alle er BUFDIR-prosjekt: 1,30 årsverk

- Undervisning elever på asylmottak: 7,0 årsverk (et årsverk mindre enn i 2024)
- 0,4 årsverk stilling skule: IKT, Dekom-midler frå staten
- 8 årsverk i ordinært barnehagetilbod er finansiert av midlar frå IMDi
- 2,5 årsverk i barnevernet er finansiert frå IMDi
    - *Sum 20,5 årsverk*

**Helse og velferd**

- Midlar frå IMDi  19,4 årsverk
- Hå mottak 4,2 årsverk
- Fengselstenesten 5,8 årsverk
- Hjemlar med midlertidig tilskott 4 årsverk
    - *Sum 33,4 årsverk*

**Samfunn**

- *Sjølvkost  40,4 årsverk*

# Status kommunale planar

## Kommuneplan

Den 20. juni 2024 vedtok kommunestyret ny kommuneplan for Hå kommune i sak 065/24. Planen kalla «Hå mot 2036», omfattar både ein samfunnsdel og arealdel. Som namnet tilseier gjeld planen fram til 2036. Den nye kommuneplanen tek utgangspunkt i langsiktige utfordringar og moglegheiter, med ei sterk forankring i FN sine berekraftsmål. I samfunnsdelen er sju hovudsatsingsområde valde ut for å sikra berekraftig utvikling i Hå kommune. Planen inneheld vidare ein langsikteg arealstrategi som skal fungera som eit bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen. Eit viktig element er å ta i vare jordvernet samtidig som det vert lagt til rette for naudsynt bustadbygging i planperioden.

## Varhaug sentrum

Kommunedelplan for Varhaug sentrum vart vedteken av kommunestyret i sak 061/21 den 7. oktober 2021. Hovudgrepet i kommunedelplanen er å utvikla ein heilskapleg struktur med ei klar og funksjonell avgrensing av sentrum. For å setja fart på realiseringa av sentrumsplanen er
det sett av midlar til å starta opp detaljregulering av Varhaug sentrum i økonomiplanperioden. Kommunedirektøren er no i gang med å avklara offentlege og private behov i sentrumsområdet, før arbeidet med detaljreguleringa skal byrjast på.

## Vigrestad sentrum

Planprogrammet for kommunedelplan for Vigrestad sentrum vart vedteke av kommunestyret 16. juni 2022, i sak 042/22. Arbeidet med planen vart noko forsinka grunna mykje arbeid knytt til motsegner og innspel til kommuneplanen, men er no teke opp att. Fleire temasaker vil verta lagde fram for politisk behandling før førstegongsbehandling av planen.

## Vigrestad skule

I Kommuneplanutval sak 002/23 vart det vedteke at det skal etablerast ny adkomstgate aust på Vigrestad i samband med områderegulering for Vigrestad skule og idrettsområde. Ny forbindelse skal gå på utsida av ny barneskule og skal knyte Haugstadvegen og Langgata saman.

I forslaget til planprogrammet som vart sendt ut på høyring 09.02.2024 presenterte kommunedirektøren to alternative traséar. Før varsel om oppstart og forslag til planprogram vart lagt ut på høyring, kom politikarane med eit tredje alternativ til trasé i utval for samfunn (USAM) den 18.01.2024. Undervegs i høyringsperioden kom det inn eit fjerde forslag. Dette var forslaget frå Terning, representant for gnr. 80 bnr. 9, som blir direkte råka av ny adkomstgate.

I USAM-møte 20.06.2024 sak 055/24 la kommunedirektøren fram ei prinsippavklaringssak med fire ulike alternativ til ny adkomstgate aust på Vigrestad. Dette var i samband med fastsetting av planprogram for Vigrestad skule og idrettsområde (planID 202301). Utval for samfunn trefte følgjande vedtak om å leggje alternativ 1 til grunn i det vidare arbeidet med områderegulering for Vigrestad skule og idrettsområde, planID 202301.

## Grødaland næringsområde

Planavdelinga har utarbeidd reguleringsplan for utviding av Grødalandnæringsområde, med 69 dekar til næring eller nytt biogassanlegg, og dessutan 1 dekar utviding av IVAR sitt reinseanlegg. Planen vart vedteken av kommunestyret den 5. september 2024 i sak 81/24.

## Kviamarka næringsområde

Planavdelinga har utarbeidd eit planforslag for utviding av Kviamarka næringsområde i tråd med føringane frå avklaringane i arbeidet med Hå kommuneplan 2024-2036. Planforslaget vart førstegongsbehandla den 30. mai av utval for samfunn som la planen ut på høyring. Høyringa var i perioden 3. juni til 8. august 2024 og fekk 6 motsegner. For tida jobbar kommunedirektøren med å avklara og løysa motsegnene. Kommunedirektøren forventar å fremje eit planforslag til ny førstegongsbehandling på byrjinga av nyåret 2025.

## Krusemarka øst

Reguleringsplanen skal leggje til rette for utviding av næringsområdet nord på Nærbø, samt avsette areal til ein framtidig omkøyringsveg. Planprogrammet for Krusemarka aust vart vedteke i UTN-sak 060/22 i møte 23.06.2022, der det var planlagt at omkøyringsvegen skulle følgje Bøvegen. Under revideringa av kommuneplanen vart det likevel bestemt å endre plasseringa av omkøyringsvegen, basert på nye utgreiingar som viste kor utfordrande det ville vere å leggje vegen langs Bøvegen. Difor vedtok ein i KPU-sak 007/23 at omkøyringsvegen skal gå gjennom Pyttaskogen. Samtidig vart planområdet justert.

På bakgrunn av desse endringane vart eit revidert planprogrammet vedteke i UTN-sak 120/23 i møte 23.11.2023. Under utarbeidinga av planforslaget oppstod det behov for ei prinsippavklaring om omkøyringsvegen. I UTN-sak 76/24 i møte 26.09.2024 og FS-sak 68/24 i møte 01.10.2024 vart det vedteke at omkøyringsvegen skal gå under jernbanen, og at ein skal detaljplanleggje og etablere vegstrekninga frå Bjorlandsringen til Torlandsvegen med rundkøyring. Planavdelinga vil no fortsette arbeidet med å utarbeide eit endeleg planforslag

### Skoga næringsområde

Skoga næringsområde vert peika på som eit satsingsområde for industri i Hå kommune. Det er difor viktig for kommunen å legge til rette for ei utviding her. I samband med ny kommuneplan er det lagt inn i utviding nordover langs fv. 44 på om lag 73 daa. Detaljregulering av området vil verta prioritert i 2024 og 2025.

### Områderegulering for Nærbø nordvest

Kommunedirektøren føreslo, og utval for tekniske saker og næring vedtok 24.08.2023 (UTN-079-23), å utarbeide områdeplan for området mellom Krusemarka, Loen og sentrum. Føremålet er å løyse utfordringar med tilkomst og utdaterte reguleringsplanar, og gir betre verktøy for å realisere regulert rundkøyring, fortetting og langsiktig utvikling av området. Bakgrunnen er hovudsakleg eit ønske om å få bygd den regulerte rundkøyringa (planID 1146) og å legge til rette for ny bustadbygging. Nærområda, inkludert Tryggheim, er i dag regulert i utdaterte planar og det er naturleg å sjå desse i ein større samanheng. Plangrensa er redusert etter nærare vurdering, då det ikkje vert rekna føremålstenleg å regulera område som er tekne ut, samt at det ville utløyst behovet for arkeologiske registreringar. Planen skal etablere rimelege rammer for tilkomst, rekkefølgekrav og andre vanlege utfordringar, som til dømes krav til tettleik og overvasshandtering, for både nye bustadbygg, Tryggheims-området og eventuelt transformasjonsområder på sørsida av Bernervegen. Trygg tilkomst til skular og barnehage for bil, gåande og syklande, og god kopling til sentrum. Det blir utarbeida ei prinsippsak for korleis kostnadsfordelinga av regulert rundkøyring skal fordelas mellom ulike aktørar som har interesse av å byggje ut i området.

### Områderegulering for Nærbø nordvest

Kommunedirektøren føreslo, og utval for tekniske saker og næring vedtok 24.08.2023 (UTN-079-23), å utarbeide områdeplan for området mellom Krusemarka, Loen og sentrum. Føremålet er å løyse utfordringar med tilkomst og utdaterte reguleringsplanar, og gir betre verktøy for å realisere regulert rundkøyring, fortetting og langsiktig utvikling av området. Bakgrunnen er hovudsakleg eit ønske om å få bygd den regulerte rundkøyringa (planID 1146) og å legge til rette for ny bustadbygging. Nærområda, inkludert Tryggheim, er i dag regulert i utdaterte planar og det er naturleg å sjå desse i ein større samanheng. Plangrensa er redusert etter nærare vurdering, då det ikkje vert rekna føremålstenleg å regulera område som er tekne ut, samt at det ville utløyst behovet for arkeologiske registreringar. Planen skal etablere rimelege rammer for tilkomst, rekkefølgekrav og andre vanlege utfordringar, som til dømes krav til tettleik og overvasshandtering, for både nye bustadbygg, Tryggheims-området og eventuelt transformasjonsområder på sørsida av Bernervegen. Trygg tilkomst til skular og barnehage for bil, gåande og syklande, og god kopling til sentrum. Det blir utarbeida ei prinsippsak for korleis kostnadsfordelinga av regulert rundkøyring skal fordelas mellom ulike aktørar som har interesse av å byggje ut i området.

## Status og rammevilkår

Når det gjeld berekning av skatteinngang tek me utgangspunkt i venta nivå for tidligare skatteår og same nivå som for landet ellers for 2025. Skatteinngang per innbyggjar er forventa å være på omlag 83,4 % av landsgjennomsnittet skatt per innbyggjar for året 2025. Med inntektsutjamninga kan Hå kome opp på om lag 95 % når ein legg saman skatt og inntektsutjamninga. Dei økonomiske rammene

for Hå er stramme, for veksten i pålagte tenester er større enn auken i frie inntekter. Dette gjeld innanfor alle områder. Det er aukande behov for nye, eller utvida, tenester, som må finansierast med omprioritering og omstilling.

Summen av inntektsskatt og statlege rammeoverføringar utgjer kommunen sine «frie inntekter». Det vil seie at bruken av midla ikkje er retta inn mot bestemte utgiftsformål. Som i tidlegare prosessar legg ein budsjettet for skatt og rammetilskot ut frå kommunesektoren sin organisasjon (KS) sin prognosemodell som igjen baserer seg på framlagt forslag til statsbudsjett for 2025. For anslaga i åra 2026-2028 tek ein utgangspunkt i 2025. Skatten og rammetilskottet utover 2025 er sett på som usikkert grunnlag og er difor flata ut. Det same er det forventa folketalet.

Skatteinngangen per innbyggar i Hå blei 81,3 % av landsgjennomsnittet i 2023. Med inntektsutjamning blei prosenten på 94,2. For 2024 er det same måltalet sett til 81,3 % og med skatteutjamninga kan Hå koma på 94,3 % av landsgjennomsnittet. Hå kommune har låg skatteinngang målt i kroner per innbyggjar. Kommunen ligg i nedre sjikt i Rogaland.

I forslag til Statsbudsjett er det lagt inn ein auke i skatteinngang som for Hå sin del gjer at kommunen auke skatteinngangen med 7,9 %. Auken i skatteinngang gjer at skatteinngangen for Hå målt inntekt per innbyggjar auka frå 81,3 % til 83,4 i 2025, mens den auka til 85,1 % i 2026.

Frå forslag til statsbudsjett er frie inntekter til Hå rekna til 1 458,9 mill kroner, og er fordelt som følgjer – samanlikna med tal frå same modell.

| **Millionar** | **2023** | **Prognose 2024** | **Prognose 2025** | **Kommentar** |
|---|---:|---:|---:|---|
| Innbyggjartilskott | 549 718 | 588 043 | 628 545 | Likt beløp per innbyggjar |
| Utgiftsutjamning | 25 486 | 20 349 | 17 724 | Eit tillegg for kommunar som har eit utgiftsbehov som er høgare enn landsgjennomsnittet |
| INGAR | - 803 | -741 | -2 420 | Ordninga skjermar kommunane mot brå nedgang i rammetilskotet. Finansierast av dei som har stor vekst. |
| Sakar med særskilt fordeling | 13 142 | 13 869 | 19 667 | |
| Stortingets saldering i budsjett 2024 | 0 | 3 923 | 0 | |
| Stortinget opprinneleg saldering 2023 | 3 217 | 0 | 0 | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| RNB 2023 - 2024 | 9 509 | -664 | 0 | |
| **Sum rammetilskott** | 601 126 | 624 779 | 663 516 | |
| **Skatt på inntekt og formue** | 612 779 | 624 398 | 698 280 | Skatteøre aukar frå 10,95 til 12,75 % |
| **Inntektsutjamning** | 97 194 | 99 203 | 97 114 | Utjamninga jamnar delvis ut skilnader i skatteinntekter mellom kommunane |
| **Sum frie inntekter** | **1 311 099** | **1 348 400** | **1 458 900** | |

Auken i prognosen for 2025 syner at kommunen får stort auke i skatteinngang. Det er omlegginga av kommunalt skattegrunnlag som gjær at kommunar med skatteinngang per innbyggjar som er lågare enn 90 % av landsgjennomsnittet, får økte skatteinntekter. Dette igjen redusera behov for inntektsutjamning på sikt.

## Utvikling i økonomiske nøkkeltal

| Økonomi | Hå 2022 | Hå 2023 | Time | Klepp | Rogaland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Frie inntekter i kroner per innbygger** | 64 276 | 66 127 | 66 185 | 63 960 | 67 308 | 66 737 |
| **Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter** | 6,8 % | 6,3 % | 1,5 % | 5,9 % | 3,8 % | 0,4 % |
| **Netto lånegjeld i kroner per innbygger** | 68 291 | 68 026 | 84 327 | 57 334 | 74 730 | 99 653 |
| **Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter** | 72,8 % | 68,4 % | 87,0 % | 62,7 % | 73,4 % | 97,5 % |

# Utvikling i befolkning

## Befolkningsendringar

### Målstyrt hovudalternativ (MMMM)

Kommuneplan legg opp til ei befolkningsutvikling som tek utgangspunkt i Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt hovudalternativ (MMMM) for framskriving av folkemengda på kommunenivå. Hovudalternativet, kalla MMMM, legg til grunn middels fruktbarheit, middels levealder, middels innanlandsk mobilitet og middels innvandring.

SSB oppdaterer og omstrukturerer sine framskrivingar anna kvart år. Hovudalternativet (MMMM) som ligg til grunn for kommuneplanen er SSB-framskrivinga. Etter dette har det komme nye framskrivingar anna kvart år, sist sommaren 2024. I alle framskrivingane unntatt 2024 har SSB lagt til grunn ein mindre befolkningsvekst. Framskriving av folkemengd i Hå kommune per 31. desember (MMMM 2014-2023).

Framskrivinga viser nå at folketalet aukar frå 19 962  31.12.2024 til 20 260 31.12.2028. Det utgjer ein folkevekst på 298 innbyggarar. Folkeveksten utgjer ein gjennomsnittleg vekst på om lag 60 innbyggarar i året.

## Framskriving i aldersgrupper (MMMM 2024)

Framskrivinga viser at folketalet aukar og den aukar mest i aldersgruppa over 67 år. I aldersgruppa 1-5 år er det nedgang i antal barn. Denne utviklinga går over i aldersgruppa 6 - 15 år noko seinare.

| **Framskrevet folketal per 31.12** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2028** |
|---|---|---|---|---|---|
| Innbyggjar 0 år | 216 | 219 | 220 | 220 | 223 |
| Innbyggjarar 1-5 år | 1 266 | 1 233 | 1 206 | 1 173 | 1 151 |
| Innbyggjarar 6-12 år | 1 985 | 1 933 | 1 908 | 1 879 | 1 857 |
| Innbyggjarar13-15 år | 935 | 932 | 909 | 887 | 850 |
| Innbyggjarar 16-22 år | 1 874 | 1 922 | 1 941 | 1 964 | 2 000 |
| Innbyggjarar 23-24 år | 470 | 449 | 452 | 474 | 470 |
| Innbyggjarar 25-66 år | 10 372 | 10 443 | 10 471 | 10 498 | 10 524 |
| Innbyggjarar 67-79 år | 2 060 | 2 098 | 2 138 | 2 171 | 2 221 |
| Innbyggjarar 80-89 år | 658 | 693 | 742 | 784 | 823 |
| Innbyggjarar 90 år og over | 126 | 139 | 136 | 136 | 142 |
| **Sum** | **19 962** | **20 061** | **20 123** | **20 186** | **20 260** |

Tabellen synar at kommunen vil i denne perioden oppleve ein nedgang i aldersgruppa 0-15 år, mens det vil bli ein oppgang i gruppa 67 og over. Slike endringar gjer utslag på tenestelevering frå kommunen i same periode. Ser ein frem mot 2036 vil det ikkje bli noko markant endring i denne utviklinga frå 2029 på den gruppa 0-15 år, men det vil bli ei auke i aldersgruppa 67 år og eldre. Kommunen må da omstille organisasjonen på desse endringane.

# Investeringar i økonomiplanen

Nivået på investeringar i denne planperioden er høgare enn i førre plan. I økonomiplanperioden 2025 - 2028 er det lagt inn 1 172,1 mill. kr., ei auke på 124,3 mill. kr. frå 2024-2027 planen (1 047,8 mill. kr). Det er tatt omsyn til prosjektframdrift slik at tidlegare løyvingar som ikkje er brukt er lagt inn i planen der dei no er planlagt brukt (rebudsjettering).

Tabellane viser investeringar per tenesteområde og korleis investeringane blir finansiert. Tabellen har også med eigenkapitaltilskottet til KLP på totalt 17,1 mill. kr, og forskottering av spelemidlar til vellag, slik at summen til saman er 1 189,5 mill. kr. Dette vises under området Fellesfunsjoner. Eigekapitaltilskott til KLP vert finansiert ved avdrag på ansvarlege lån i Lyse AS.

I kommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan er eit av dei større prosjekta innanfor tenesteområde for Oppvekst og kultur, ny barnehage på Brusand. Andre større prosjekt er rehabilitering av Varhaug ungdomsskole og Brannsikring av Hå gamle prestegard. Oppvekst og kultur har ansvar for 10% av dei totale investeringane.

Innanfor tenesteområde for Helse og velferd er bygging av burettslag for funksjonshemma (Viervegen) det største prosjektet. Prosjektet Velferdsteknologi er planlagt ferdigstilt i 2025. Helse og velferd sin del av investeringane i økonomiplanperioden er 9%.

I sentraladministrasjonen er det lagt inn forslag om investering for betre utnytting av Rådhuset, saman med ei auke i dei årlege løyvingane til IT-investeringar.

Når det gjeld tenesteområdet Samfunn, er det totale forslaget til investeringar i perioden 2025-2028 høgare enn førre plan. Den store auken skuldast i hovudsak at kostnadsanslaget i samband med ny brannstasjon på Nærbø er auka. Andre større prosjekt er innan flaumsikring, vassleidningar og sanering. Betydelege beløp er og sett av til sentrums- og næringsutvikling. Det er i tillegg lagt inn midlar til servicebygg, og kaianlegg i Sirevåg i 2025. Samfunn har ansvar for 74% prosent av dei totale investeringane i planperioden.

| | **2025** | **2026** | **2027** | **2028** |
|---|---:|---:|---:|---:|
| Fellesfunksjonar | 4 585 | 4 585 | 4 585 | 4 285 |
| Sentraladministrasjon og eigedom | 24 875 | 19 325 | 12 000 | 11 800 |
| Oppvekst og kultur | 62 300 | 45 450 | 7 300 | 8 400 |
| Helse og velferd | 69 840 | 15 790 | 9 140 | 8 640 |
| Kyrkja | 9 850 | 0 | 0 | 0 |
| Samfunn | 249 220 | 360 230 | 137 050 | 121 500 |
| **Totalsum** | **420 670** | **445 380** | **170 075** | **154 625** |

## Oversikt Investering og finansiering

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Investeringer i varige driftsmidler** | 415 485 | 440 795 | 165 490 | 150 340 |
| **Tilskudd til andres investeringer** | 600 | 0 | 0 | 0 |
| **Investeringer i aksjer og andeler i selskaper** | 4 285 | 4 285 | 4 285 | 4 285 |
| **Utlån av egne midler** | 300 | 300 | 300 | 0 |
| Sum finansieringsbehov | **420 670** | **445 380** | **170 075** | **154 625** |
| **Kompensasjon for merverdiavgift** | -38 164 | -52 893 | -7 050 | -7 010 |
| **Tilskudd fra andre** | -16 750 | -14 368 | 0 | 0 |
| **Salg av varige driftsmidler** | -5 000 | -18 300 | -5 000 | -5 000 |
| **Mottatte avdrag på utlån av egne midler** | -5 449 | -5 449 | -5 449 | 0 |
| **Bruk av lån** | -302 157 | -309 220 | -107 426 | -97 615 |
| **Videreutlån** | 30 000 | 40 000 | 30 000 | 30 000 |
| **Bruk av lån til videreutlån** | -30 000 | -40 000 | -30 000 | -30 000 |
| **Avdrag på lån til videreutlån** | 9 420 | 10 230 | 10 230 | 10 230 |
| **Mottatte avdrag på videreutlån** | -9 420 | -10 230 | -10 230 | -10 230 |
| **Overføring fra drift** | -53 000 | -45 000 | -45 000 | -45 000 |
| **Bruk av bundne investeringsfond** | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Avsetninger til ubundet investeringsfond** | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Bruk av ubundet investeringsfond** | -150 | -150 | -150 | 0 |
| Sum finansiering | **-420 670** | **-445 380** | **-170 075** | **-154 625** |
| Sum finansieringsbehov | **420 670** | **445 380** | **170 075** | **154 625** |
| Sum finansiering | **-420 670** | **-445 380** | **-170 075** | **-154 625** |
| Udekt finansiering | **0** | **0** | **0** | **0** |

### Låneopptak

For å halde lånegjelda nede føreslår kommunedirektøren å nytta midlar frå disposisjonsfond. Me forventar tilskott til burettslag for funksjonshemma (Viervegen) og eit flaumsikringsprosjekt på Varhaug. Budsjettert låneopptak kjem fram i Forskriftskjema 2A og er på 302,2 mill. kr. i 2025. Samla låneopptak for heile perioden blir på 816,5 mill. kr.

Forventa lånegjeld til eigne investeringar ved utgangen av 2028 vil vere på 1 614 mill. kr. Dette er 289 mill.kr. høgare enn siste året i førre plan. Bruk av frie inntekter til nedbetaling av lån aukar dermed i perioden. Årlege avdrag på lån aukar til over 100 mill. kr. i 2028, og kommunen bruke 5,2 prosent av driftsinntektene til å dekke netto finansutgifter.

Som ein del av utviklinga av kommunen, føreslår kommunedirektøren at salsinntekter ut over eigne kostnader knyta til opparbeiding av tomter til sal (bolig og næring) settes av til tomtefond.

### Gjeld og lån i % av driftsinntektene

| **Per 31.12** | **2025** | **2026** | **2027** | **2028** |
|---|---|---|---|---|
| Eigne lån, millionar kroner | ***1 411*** | ***1 620*** | ***1 621*** | ***1 614*** |
| Lån i % av driftsinntektene | ***65,5 %*** | ***75,1 %*** | ***75,3 %*** | ***74,7 %*** |

I investeringsbudsjettet ligg det det inne to låneopptak kvart år på eigne lån. Årleg tek me opp 30 millionar kroner i Startlån for vidare utlån. Første tap på Startlån hadde kommunen i 2023. Så langt er det regnskapsført lite tap, men med kommunen sine retningsliner om fullfinansiering, er risikoen for tap større enn før. Avdragstida er auka til 30 år sidan kvart lån er mykje større enn tidlegare. For 2026 er det tatt høgde for 10 millionar kroner meir i opplåning med tanke på bufellesskap.

Tabellen under syner forskjellige finansieringskjelder på investeringsområda:

| | **2025** | **2026** | **2027** | **2028** |
|---|---|---|---|---|
| **Investeringsinntekter** | | | | |
| Kompensasjon for merverdiavgift | -38 164 | -52 893 | -7 050 | -7 010 |
| Tilskott fra andre | -16 750 | -14 368 | 0 | 0 |
| Salg av varige driftsmidlar | -5 000 | -18 300 | -5 000 | -5 000 |
| Salg av finansielle anleggsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utdeling frå selskapa | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midlar | -5 449 | -5 449 | -5 449 | 0 |
| Bruk av lån | -302 157 | -309 220 | -107 426 | -97 615 |
| **Sum investeringsinntekt** | **-367 520** | **-400 230** | **-124 925** | **-109 625** |
| | | | | |
| **Overføring frå drift og netto avsetning** | | | | |
| Overføring frå drift | -53 000 | -45 000 | -45 000 | -45 000 |
| Avsetningar til bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetningar til ubundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | -150 | -150 | -150 | 0 |
| Dekning av tidligare års udekt beløp | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum overføring frå drift og netto avsetninger** | **-53 150** | **-45 150** | **-45 150** | **-45 000** |

# Hovudtala i budsjettforslaget

## Sentrale inntekter

*Beløp i 1000*

| | | | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. i fjor 2024 | Rev. bud. i fjor 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Inntekts- og formuesskatt** | -612 780 | -647 324 | -645 324 | -698 200 | -712 555 | -712 555 | -712 555 |
| **Rammetilskott** | -601 126 | -621 517 | -624 717 | -663 516 | -664 544 | -664 981 | -665 187 |
| **Inntektsutjamning** | -97 194 | -98 485 | -101 585 | -97 114 | -87 963 | -87 963 | -87 963 |
| **Vertskommunetilskott** | -28 365 | -27 700 | -25 684 | -19 780 | -19 780 | -19 780 | -19 780 |
| **Inv tilskott skular/lånekomp** | -2 108 | -1 363 | -1 363 | -1 323 | -1 289 | -1 249 | -1 249 |
| **Avgift på vindkraft** | -2 083 | -8 400 | -8 400 | -8 100 | -8 100 | -8 100 | -8 100 |
| Sum frie inntekter | **-1 343 656** | **-1 404 789** | **-1 407 073** | **-1 488 033** | **-1 494 231** | **-1 494 628** | **-1 494 834** |

### Skatteinntekter og rammetilskott

Når det gjeld skatteinntekter og rammetilskott, som er kommunen sine hovudinntektskjelder, har me tatt utgangspunkt i dei grunnlaga som kjem frå KS og departement på venta nivå for 2025 - 2028. Skatteinntektene skal vere 40 % av kommunanes frie inntekter, men i Hå oppnår me ikkje dette. Skatteøre blir auka frå 10,95 % til 12,75 %. Skatteøre er den prosenten av innbetalt skatt i kommunen som kommunane får behalde.

Stor auke i kommunen si skatteinngang frå 2024 til 2025 skuldast høgt skatteanslag for landet samtidig som det nye inntektssystemet inneber ei endring i den symmetriske utjamninga. Endringa er til det betre for Hå kommune.

Som ein del av omlegginga av inntektssystemet er 1,5 mrd. kr. av veksten i frie inntekter i 2025 gjeve med ei særskild fordeling, slik at kommunar med låge samla skatteinntekter får ein større del av veksten enn skattesterke kommunar. Inntektsnivået for 2025-tildelinga er berekna ut frå skatteinntekter etter inntektsutjamning i 2023.

Alle kommunar får minimum 30 kroner per innbyggjar. For kommunar med låge skatteinntekter blir tildelinga per innbyggjar høgare desto lågare skatteinntektene var i 2023, opp til 345 kroner per innbyggjar for kommunen med det lågaste inntektsnivået. Midlane er fordelt ut frå innbyggjartal per 1. januar 2023.
Midlane blir vidareført med ei særskild fordeling til neste heilskaplege revisjon av inntektssystemet. Fordelinga mellom kommunane vil bli justert årleg med utgangspunkt i oppdaterte skatte- og inntektstal. For 2025 vil det for Hå utgjera 6,6 mill. kr.

Endringa frå 2024 til 2025 skuldast endringar i innbyggjartilskottet og ein realvekst til kommunane i nytt inntektssystem som er fordelt til kommunane.

### Vertskommunetilskott

Alle midlane som vertskommunane får tildelt på bakgrunn av HVPU-reforma, er frå 2009 samla i eit eige, øyremerka vertskommunetilskott. Anslaget for tilskottet i økonomiplanperioden 2025 – 2028 er basert på eigne berekningar for perioden og årets forslag i statsbudsjett. I statsbudsjett er det føreslått ein reduksjon i øyremerka tilskott på om lag 50 mill. endringane er gjort i forhold til dødsfall og Hå kommune får ein reduksjon på 5,9 mill. kr. frå 2024 til 2025 .

**Lånekompensasjon handlingsplan eldreomsorg og opptrappingsplan for psykisk helse**

Dette er ei ordning der staten dekker renter og avdrag på lån som blei tatt opp i samband med bygging av bustader under Handlingsplan for eldreomsorga og Opptrappingsplan for psykisk helse. Kommunen har nytta si kvote fullt ut.

**Investeringstilskott**

Regjeringa har innført ei ordning med investeringstilskott til sjukeheimar og omsorgsbustader. Det er ei øvre grense for tilskott per plass. Beløpa er tatt inn i finansieringsplanen for investeringar og er vist for kvart prosjekt. Kommunen har hatt dialog med Husbanken om støtte til "Borettslag for funksjonshemmede", men det kan ikkje søkast om støtte før prosjektet er vedtatt lokalt og “godkjent” av Husbanken.

**Rentekompensasjon opprusting skuleanlegg**

Dette er ei ordning for å stimulere kommunesektoren til å rehabilitere, ruste opp og legge til rette eksisterande skulebygg og å oppføre nye skulebygg der det er behov for det. Rentekompensasjonen bygger på lån med 5 avdragsfrie år og samla løpetid 20 år. Ordninga blei sett i verk i 2002. Kvar kommune fekk ei ramme for maks kompensasjon. Hå har nytta ordninga fullt ut.

**Rentekompensasjon skule- og symjeanlegg**

I 2009 blei det innført ei ny rentekompensasjonsordning for skule- og symjeanlegg. Rentekompensasjonen skal reknast ut med utgangspunkt i eit serielån med flytande rente, løpetid på 20 år og 5 år avdragsfritt. Hå kommune har nytta ordninga fullt ut.

Samla vil kompensasjonsordningane gi ei svakt fallande inntekt i perioden.

**Avgift på vindkraft**

Frå 1 juli 2022 blei det innført ein kompensasjon til kommunane som er vertskommunar for vindkraftanlegg med ei avgift på 1 øre per produsert kWh. Avgifta blir utbetalt året etter produksjonsår. For 2023 er avgifta på 2 øre, mens for 2024 blei det ei avgift på 2,3 øre. Alle utbetalingar skjer året etter. Stipulert produksjon med ulik avgiftsstørrelse ligg i budsjett. Etter at ordninga blei innført har det vore produksjon for heile 2023. Det vise seg at produksjonen er lågare i 2023 enn kva som NVE har stipulert som eit normalår. Difor er budsjett for 2025 tatt ned med 1,5 mill. kr. i forhold til tidligare HØP og dette er basert på erfaringar frå avgiftsår 2023.

Avgifta kjem frå anlegga Skinnansfjell, Røyrmyra og Høgjæren.

**Endringar i kommunens inntekter**

Tabellen syner at det er endringar i kommunen sine inntekter som skuldast høgare innbyggjartilskot enn for 2024 - innlemming av barnevernsreforma, tilskot til nytt tilbod SFO, samtidig som kommunane blei

kompensert for løns- og prisvekst. Kompensert prisvekst er høgare i prosent enn prisveksten elles. Samtidig er kommunane kompensert for ein generell realvekst, mens Hå kommune også blir kompensert (få tilbake) for dei midlane kommunen mista i forhold til endringane i trekk kostnadsnøklene for psykisk utviklingshemma over 16 år. Dette er ein kompensasjon som kommunen får behelde til ein ny gjennomgang av inntektssystemet skjer.

Når det gjelder skatteinngangen kjem Hå kommune godt ut av endringane da kommunen er skattesvak når ein måler inngang per innbyggjar også målt opp mot gjennomsnittet målt i prosent. Intensjonen med skatteendringane er å fordele inntekter på ein annan måte en tidligare. Ein vil med dette omfordele store inntekter slik at tensetetilbodet skal bli likt i kommunane. Som det står i kommuneproposisjonen, er likeverdige tenester ikkje det same som like tenester, men prisnsippet om likeverdige tenester inneber at alle kommunar bør ha økonomiske føresetnader for å kunne tilby sine innbyggjarar likeverdige tenester.

Med auka skatteinntektar blir det mindre innteksutjevning i 2026 og utover i perioden grunna aukt skatteinngang. Nedtrekk på inntektsutjamninga er lågerar enn auka skatteinngang slik at netto kjem kommunen til å få høgare inntekter enn i 2024.

## Driftsutgifter per tenesteområde (1B)

*Beløp i 1000*

| | | | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. i fjor 2024 | Rev. bud. i fjor 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Sentraladministrasjon og eigedom** | 204 924 | 208 009 | 210 594 | 215 219 | 212 566 | 212 586 | 212 586 |
| **Oppvekst og kultur** | 624 063 | 598 294 | 673 382 | 693 281 | 679 126 | 670 826 | 666 236 |
| **Helse og velferd** | 545 086 | 553 213 | 515 541 | 536 746 | 539 371 | 542 121 | 542 121 |
| **Kyrkja** | 14 548 | 15 400 | 15 400 | 17 407 | 16 432 | 16 432 | 17 232 |
| **Samfunn** | 53 003 | 43 003 | 55 473 | 59 138 | 54 157 | 49 009 | 43 612 |
| **Fellesfunksjonar** | -122 906 | -24 709 | -47 692 | -22 758 | -14 693 | -23 334 | -13 194 |
| Driftsutgifter per tenesteområde | **1 318 718** | **1 393 210** | **1 422 698** | **1 499 032** | **1 486 958** | **1 467 639** | **1 468 592** |

## Finansinntekter og -utgifter

*Beløp i 1000*

| | | | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. i fjor 2024 | Rev. bud. i fjor 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Renteinntekter** | -32 839 | -26 730 | -32 545 | -27 855 | -25 302 | -23 587 | -23 587 |
| **Utbytte og eieruttak** | -49 635 | -37 252 | -38 198 | -42 009 | -42 766 | -42 766 | -42 766 |
| **Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler** | 0 | -120 | -120 | -120 | -120 | -120 | -120 |
| **Renteutgifter** | 47 336 | 54 802 | 54 502 | 57 908 | 62 045 | 67 036 | 67 874 |
| **Avdrag på lån** | 77 487 | 86 310 | 83 475 | 89 512 | 100 503 | 106 618 | 105 033 |
| **Netto finansinntekter/finansutgifter** | 42 350 | 77 010 | 67 114 | 77 436 | 94 360 | 107 181 | 106 434 |

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. i fjor 2024 | Rev. bud. i fjor 2024 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Finansutgifter i tenesteområda** | 86 | 0 | -2 904 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Totale finansutgifter | **42 436** | **77 010** | **64 210** | **77 436** | **94 360** | **107 181** | **106 434** |
| **Motpost avskrivninger** | -109 714 | -109 931 | -115 150 | -115 150 | -115 150 | -115 150 | -115 150 |
| Motpost avskrivninger | **-109 714** | **-109 931** | **-115 150** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Motpost avskrivninger** | -109 714 | -109 931 | -115 150 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Finanspostar

Renter på lån blir i hovudsak avgjort av 3 forhold:

- Nivået på styringsrenta til Norges Bank.
- Risiko-påslaget i pengemarknaden der bankane finansierer seg.
- Bankane sine marginar overfor lånekundane.

Norges Bank og Statistisk Sentralbyrå (SSB) har tidlegare i haust laga renteprognoser. Kommunalbanken har òg gitt prognoser mellom anna ut frå at det i rentemarknaden blir sett renter som viser forventningar til framtidig rentenivå.

Kommunedirektøren har lagt til grunn Kommunalbanken si forventa utvikling for gjennomsnittleg 3 måneders NIBOR rente, samt noverande marginpåslag for renteprognosen i dei ulike åra. Hå kommune har knyta om lag 33 % av låneporteføljen mot fastrenteavtale, og forventar ei vekta renteutvikling som vist i tabellen under.

| **Lånerente** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2028** |
|---|---|---|---|---|---|
| Handling- og økonomiplan 2025 - 2028 | | 4,17 % | 3,79 % | 3,81 % | 3,87 % |
| Handling- og økonomiplan 2024 - 2027 | 4,58 % | 4,12 % | 3,93 % | 3,89 % | |
| Handling- og økonomiplan 2023 - 2026 | 3,9 % | 4,0 % | 4,0 % | | |
| Handling- og økonomiplan 2022 - 2025 | 2,5 % | 2,4 % | | | |
| Handling- og økonomiplan 2021 - 2024 | 1,5 % | | | | |

Renteinntekt av driftsmidlar er rekna til 8,3 mill. kr i 2025 og reduserast til 6,3 mill.kr i 2028. Likviditetsmessig får kommunen ei årleg svekking på grunn av auken i premieavviket.

Renter av pengeplasseringar er sett til 9,4 mill. kr i 2025 og fell i perioden til 7,1 mill.kr i 2028.

Kommunen sine utlån av eigne midlar (Lyse Energi)

Det er nytta 6,3 % ved utrekning av inntekta av kommunen sitt lån til Lyse Energi i 2025. Vilkåra er 3 månaders NIBOR + 2 prosent-poeng. I planperioden er det nytta rente i tråd med omtale ovanfor. Mottekne avdrag frå Lyse (3,785 mill. kr per år) er ført til inntekt i investeringsbudsjettet. Nedbetalingstida for lånet til Lyse er 30 år. Lånet vil vera nedbetalt i 2038. I 2023 blei det eit nytt ansvarleg lån oppretta. Nedbetalast over 10 med årleg avdrag på 1,514 mill. kr. Same renteavtale som dei andre ansvarlege låna.

Avdrag

Desse er sett opp i samsvar med eksisterande lån, nye låneopptak som er godkjent tidlegare og låneopptak i samsvar med forslag til investeringar i økonomiplanperioden.

Utbytte

I samsvar med budsjett- og rekneskapsføresegnene, skal påreknelege utbytte budsjetterast i driftsbudsjettet.

Hå kommune sin eigardel i Lyse AS er 3,785 %. Forventing om nivået på utbyttet i denne planperioden er lagt av eigarkommunane med grunnlag i eigarstrategien, forventa resultatutvikling og i dialog med selskapet. I 2023 blei det delt ut eit utbytte til eigarane på 700 mill. kr. for 2022, av dette er Hå kommune sin del på 26,5 mill. kr. Totalt utbytte er venta å auke til 780 mill. kr. for 2024 (utbetaling i 2025).

I tråd med eigarstrategien er utbytte frå Hå energi føresett å auke til 12 mill. kr., og dette beløpet er lagt inn for perioden.

## Disponering av driftsramma

### Oversikt Drift

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. i fjor 2024 | Rev. bud. i fjor 2024 | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Frie inntekter | | | | | | | |
| **Inntekts- og formuesskatt** | -612 780 | -647 324 | -645 324 | -698 200 | -712 555 | -712 555 | -712 555 |
| **Rammetilskott** | -601 126 | -621 517 | -624 717 | -663 516 | -664 544 | -664 981 | -665 187 |
| **Inntektsutjamning** | -97 194 | -98 485 | -101 585 | -97 114 | -87 963 | -87 963 | -87 963 |
| **Vertskommunetilskott** | -28 365 | -27 700 | -25 684 | -19 780 | -19 780 | -19 780 | -19 780 |
| **Inv tilskott skular/lånekomp** | -2 108 | -1 363 | -1 363 | -1 323 | -1 289 | -1 249 | -1 249 |
| **Avgift på vindkraft** | -2 083 | -8 400 | -8 400 | -8 100 | -8 100 | -8 100 | -8 100 |
| Sum frie inntekter | **-1 343 656** | **-1 404 789** | **-1 407 073** | **-1 488 033** | **-1 494 231** | **-1 494 628** | **-1 494 834** |
| Sentrale utgifter | | | | | | | |
| **Omstillingsbehov** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum sentrale utgifter | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Driftsutgifter per tenesteområde | | | | | | | |
| **Sentraladministrasjon og eigedom** | 204 924 | 208 009 | 210 594 | 215 219 | 212 566 | 212 586 | 212 586 |
| **Oppvekst og kultur** | 624 063 | 598 294 | 673 382 | 693 281 | 679 126 | 670 826 | 666 236 |
| **Helse og velferd** | 545 086 | 553 213 | 515 541 | 536 746 | 539 371 | 542 121 | 542 121 |
| **Kyrkja** | 14 548 | 15 400 | 15 400 | 17 407 | 16 432 | 16 432 | 17 232 |
| **Samfunn** | 53 003 | 43 003 | 55 473 | 59 138 | 54 157 | 49 009 | 43 612 |
| **Fellesfunksjonar** | -122 906 | -24 709 | -47 692 | -22 758 | -14 693 | -23 334 | -13 194 |
| Driftsutgifter per tenesteområde | **1 318 718** | **1 393 210** | **1 422 698** | **1 499 032** | **1 486 958** | **1 467 639** | **1 468 592** |

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. i fjor 2024 | Rev. bud. i fjor 2024 | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Korr. finansutgifter i tenesteområda** | -86 | 0 | 2 904 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Korr. avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda** | -31 538 | 13 631 | -19 974 | -9 342 | -8 156 | -1 219 | -1 339 |
| **Korr. motpost avskrivingar i tenesteområdet** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Brutto resultat (KOSTRA) | **-56 562** | **2 053** | **-1 444** | **1 658** | **-15 428** | **-28 207** | **-27 580** |
| Netto finansutgifter og inntekter | | | | | | | |
| **Renteinntekter** | -32 839 | -26 730 | -32 545 | -27 855 | -25 302 | -23 587 | -23 587 |
| **Utbytte og eieruttak** | -49 635 | -37 252 | -38 198 | -42 009 | -42 766 | -42 766 | -42 766 |
| **Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler** | 0 | -120 | -120 | -120 | -120 | -120 | -120 |
| **Renteutgifter** | 47 336 | 54 802 | 54 502 | 57 908 | 62 045 | 67 036 | 67 874 |
| **Avdrag på lån** | 77 488 | 86 310 | 83 475 | 89 512 | 100 503 | 106 618 | 105 033 |
| **Netto finansinntekter/finansutgifter** | 42 350 | 77 010 | 67 114 | 77 436 | 94 360 | 107 181 | 106 434 |
| **Finansutgifter i tenesteområda** | 86 | 0 | -2 904 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Totale finansutgifter | **42 436** | **77 010** | **64 210** | **77 436** | **94 360** | **107 181** | **106 434** |
| | | | | | | | |
| **Motpost avskrivninger** | -109 714 | -109 931 | -115 150 | -115 150 | -115 150 | -115 150 | -115 150 |
| **Motpost avskrivninger** | -109 714 | -109 931 | -115 150 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Motpost avskrivninger** | -109 714 | -109 931 | -115 150 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Motpost avskrivingar i tenesteområda** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | | | | | | | |
| Netto resultat (KOSTRA) | **-123 840** | **-30 868** | **-52 384** | **-36 056** | **-36 218** | **-36 176** | **-36 296** |
| | | | | | | | |
| Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar | | | | | | | |
| **Til ubundne avsetninger** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Overføring til investering** | 115 145 | 37 230 | 38 730 | 53 000 | 45 000 | 45 000 | 45 000 |
| **Bruk av disposisjonsfond i investering** | -6 085 | -15 000 | -16 500 | -15 000 | -15 000 | -15 000 | -15 000 |
| **Bruk av ubundne avsetninger** | -16 757 | 22 269 | 10 180 | -11 286 | -1 938 | 4 957 | 4 957 |
| **Netto avsettingar** | 92 302 | 44 499 | 32 410 | 26 714 | 28 062 | 34 957 | 34 957 |
| **Netto avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda** | 31 538 | -13 631 | 19 974 | 9 342 | 8 156 | 1 219 | 1 339 |
| Totale avsettingar | **123 840** | **30 868** | **52 384** | **36 056** | **36 218** | **36 176** | **36 296** |
| | | | | | | | |
| Årsoverskot (-)/Årsunderskot (+) | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## Oversikt Investering og finansiering

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|
| **Investeringer i varige driftsmidler** | 415 485 | 440 795 | 165 490 | 150 340 |
| **Tilskudd til andres investeringer** | 600 | 0 | 0 | 0 |
| **Investeringer i aksjer og andeler i selskaper** | 4 285 | 4 285 | 4 285 | 4 285 |
| **Utlån av egne midler** | 300 | 300 | 300 | 0 |
| Sum finansieringsbehov | **420 670** | **445 380** | **170 075** | **154 625** |
| **Kompensasjon for merverdiavgift** | -38 164 | -52 893 | -7 050 | -7 010 |
| **Tilskudd fra andre** | -16 750 | -14 368 | 0 | 0 |
| **Salg av varige driftsmidler** | -5 000 | -18 300 | -5 000 | -5 000 |

| | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|
| **Mottatte avdrag på utlån av egne midler** | -5 449 | -5 449 | -5 449 | 0 |
| **Bruk av lån** | -302 157 | -309 220 | -107 426 | -97 615 |
| **Videreutlån** | 30 000 | 40 000 | 30 000 | 30 000 |
| **Bruk av lån til videreutlån** | -30 000 | -40 000 | -30 000 | -30 000 |
| **Avdrag på lån til videreutlån** | 9 420 | 10 230 | 10 230 | 10 230 |
| **Mottatte avdrag på videreutlån** | -9 420 | -10 230 | -10 230 | -10 230 |
| **Overføring fra drift** | -53 000 | -45 000 | -45 000 | -45 000 |
| **Bruk av bundne investeringsfond** | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Avsetninger til ubundet investeringsfond** | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Bruk av ubundet investeringsfond** | -150 | -150 | -150 | 0 |
| Sum finansiering | **-420 670** | **-445 380** | **-170 075** | **-154 625** |
| Sum finansieringsbehov | **420 670** | **445 380** | **170 075** | **154 625** |
| Sum finansiering | **-420 670** | **-445 380** | **-170 075** | **-154 625** |
| Udekt finansiering | **0** | **0** | **0** | **0** |

## Budsjettskjema 1A - Driftsbudsjettet (Framsikt)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. budsjett 2024 | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Frie disponible inntekter | | | | | | |
| **Inntekts- og formuesskatt** | -612 780 | -647 324 | -698 200 | -712 555 | -712 555 | -712 555 |
| **Rammetilskott** | -601 126 | -621 517 | -663 516 | -664 544 | -664 981 | -665 187 |
| **Inntektsutjamning** | -97 194 | -98 485 | -97 114 | -87 963 | -87 963 | -87 963 |
| **Vertskommunetilskott** | -28 365 | -27 700 | -19 780 | -19 780 | -19 780 | -19 780 |
| **Inv tilskott skular/lånekomp** | -2 108 | -1 363 | -1 323 | -1 289 | -1 249 | -1 249 |
| **Avgift på vindkraft** | -2 083 | -8 400 | -8 100 | -8 100 | -8 100 | -8 100 |
| Sum Frie disponible inntekter | **-1 343 656** | **-1 404 789** | **-1 488 033** | **-1 494 231** | **-1 494 628** | **-1 494 834** |
| Sentrale utgifter | | | | | | |
| **Omstillingsbehov** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Sentrale utgifter | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Finansinntekter/-utgifter | | | | | | |
| Motpost avskrivninger | **-658 283** | **-659 584** | **-115 150** | **-115 150** | **-115 150** | **-115 150** |
| Avsetningar og bruk av avsetningar | | | | | | |
| **Til ubundne avsetninger** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Overføring til investering** | 115 145 | 37 230 | 53 000 | 45 000 | 45 000 | 45 000 |
| **Bruk av disposisjonsfond i investering** | -6 085 | -15 000 | -15 000 | -15 000 | -15 000 | -15 000 |
| **Bruk av ubundne avsetninger** | -16 757 | 22 269 | -11 286 | -1 938 | 4 957 | 4 957 |
| Sum Avsetningar og bruk av avsetningar | **92 302** | **44 499** | **26 714** | **28 062** | **34 957** | **34 957** |
| **Sum Til fordeling drift** | -1 867 287 | -1 942 863 | -1 499 032 | -1 486 958 | -1 467 639 | -1 468 592 |
| **Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)** | 1 318 718 | 1 393 210 | 1 499 032 | 1 486 958 | 1 467 639 | 1 468 592 |
| Sum Meirforbruk/mindreforbruk | **-548 569** | **-549 653** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## Budsjettskjema 1B - Driftsbudsjettet (Framsikt)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. budsjett 2024 | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sentraladministrasjon og eigedom** | 204 924 | 208 009 | 215 219 | 212 566 | 212 586 | 212 586 |
| **Oppvekst og kultur** | 624 063 | 598 294 | 693 281 | 679 126 | 670 826 | 666 236 |
| **Helse og velferd** | 545 086 | 553 213 | 536 746 | 539 371 | 542 121 | 542 121 |
| **Kyrkja** | 14 548 | 15 400 | 17 407 | 16 432 | 16 432 | 17 232 |
| **Samfunn** | 53 003 | 43 003 | 59 138 | 54 157 | 49 009 | 43 612 |
| **Fellesfunksjonar** | -122 906 | -24 709 | -22 758 | -14 693 | -23 334 | -13 194 |
| Til fordeling drift (frå budsjettskjema 1A) | **1 318 718** | **1 393 210** | **1 499 032** | **1 486 958** | **1 467 639** | **1 468 592** |

## Økonomisk utvikling i planperioden

Tabellen for den økonomiske utviklinga syner at kommunen held seg til måltal for driftsresultat på 1,75 % i hele perioden. Det er eit av måltala som kommunestyret har vedtatt i kommuneplan.

## Vurdering av den økonomiske utviklinga

*Beløp i 1000*

| | Budsjett 2024 | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Sum inntekter** | -1 920 045 | -2 050 225 | -2 058 928 | -2 055 296 | -2 060 903 |
| **Sum utgifter** | 1 922 098 | 2 051 883 | 2 043 500 | 2 027 089 | 2 033 322 |
| Brutto resultat | **2 053** | **1 658** | **-15 428** | **-28 207** | **-27 580** |
| **Netto finansutgifter og inntekter** | 77 010 | 77 436 | 94 360 | 107 181 | 106 434 |
| **Motpost avskrivinger** | -109 931 | -115 150 | -115 150 | -115 150 | -115 150 |
| Netto resultat | **-30 868** | **-36 056** | **-36 218** | **-36 176** | **-36 296** |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | 30 868 | 36 056 | 36 218 | 36 176 | 36 296 |
| Årsresultat | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Netto resultat i prosent av sum inntekter** | 1,6 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % |

## Kommunen sine tenesteområde

# Sentraladministrasjon og eigedom

## Innleiing

Dette området omfattar kommunedirektøren og sentrale stabsfunksjonar som samarbeider tett for å sikre ei trygg omstilling i Hå kommune. Politisk sekretariat og spesialrådgivar rapporterer til kommunedirektøren. Organisasjon, som har ansvar for digitalisering og IT, kommunikasjon og innovasjon, personal og dokumentsenter, spelar ei sentral rolle i å støtte omstillinga. Eigedom har ansvar for byggleiing, drift, vedlikehald og reinhald, medan økonomi har ansvar for og støttar opp om omstillingsarbeidet gjennom budsjett og analyse, rekneskap, lønn og anskaffingar. Kommuneadvokaten er organisert i Jæren kommuneadvokat KO som medverkar med juridisk støtte, saman med organisasjonen om ei trygg omstilling.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 86 557 | 84 306 | 86 344 | 88 981 | 88 788 | 87 431 | 87 431 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 60 560 | 65 877 | 64 677 | 65 807 | 64 352 | 64 209 | 64 209 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 3 626 | 3 552 | 3 552 | 3 994 | 3 994 | 3 994 | 3 994 |
| **Overføringsutgifter** | 13 432 | 12 038 | 12 108 | 12 004 | 12 004 | 12 004 | 12 004 |
| **Finansutgifter** | 64 702 | 63 565 | 65 242 | 65 092 | 65 092 | 65 092 | 65 092 |
| Sum Driftsutgifter | **228 877** | **229 338** | **231 923** | **235 877** | **234 229** | **232 729** | **232 729** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Salgsinntekter** | -3 919 | -3 434 | -3 434 | -3 442 | -3 442 | -3 442 | -3 442 |
| **Refusjoner** | -19 320 | -15 740 | -15 740 | -15 586 | -16 591 | -16 521 | -16 521 |
| **Overføringsinntekter** | 0 | -750 | -750 | -0 | -0 | -0 | -0 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | -714 | -1 405 | -1 405 | -1 630 | -1 630 | -180 | -180 |
| Sum Driftsinntekter | **-23 954** | **-21 329** | **-21 329** | **-20 659** | **-21 664** | **-20 144** | **-20 144** |
| Sum | **204 924** | **208 009** | **210 594** | **215 219** | **212 566** | **212 586** | **212 586** |

## Utfordringar og strategi

- «Saman for ei trygg omstilling» betyr at me alle må bidra for å møte framtida på ein måte som ivareteke fellesskapet og ressursane våre. Med den nye kommuneplanen «Hå mot 2036» må vi som organisasjon arbeide på nye måtar for å handtere utfordringar innan digitalisering, beredskap, kommunikasjon, innbyggjardialog og medverknad.
- Me står overfor eit aukande sjukefråvær som krev at me saman finn løysingar for å få fleire i arbeid. Sterkt leiar- og medarbeidarskap, saman med målretta leiarutvikling, er avgjerande for ei trygg omstilling.
- Vidare må me bygge vidare på «Framtidsløftet» for å fornye, forenkle og forbetre organisasjonen, slik at me står betre rusta til framtidas utfordringar.

- Regionalt samarbeid med nabokommunane vil vere viktig for å sikre ei god utvikling, og me må halde fram det gode samarbeidet for å stå sterkare saman.

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| Beskriving tiltak | Avdeling | 2025 | Økonomiplan 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|---|
| Vedtatt budsjett | | **208 009** | **208 009** | **208 009** | **208 009** |
| Sum Tekniske justeringer | | **4 903** | **4 903** | **4 903** | **4 903** |
| Vedtak forrige periode | | | | | |
| **Auka inntekt for kaileige Sirevåg havn** | Sentraladministrasjon og eigedom | -1 075 | -1 075 | -1 075 | -1 075 |
| **Auka tillegg** | Sentraladministrasjon og eigedom | 0 | 0 | -100 | -100 |
| **Auke i lisenskostnadar** | Sentraladministrasjon og eigedom | 10 | 20 | 30 | 30 |
| **Auke i refusjoner** | Sentraladministrasjon og eigedom | 170 | 240 | 310 | 310 |
| **Aukte kostnadar til innleie av reinhaldspersonale** | Sentraladministrasjon og eigedom | -50 | -100 | -200 | -200 |
| **Framtidsløftet - sentraladministrasjonen og eiendom sin andel** | Sentraladministrasjon og eigedom | 300 | 300 | 300 | 300 |
| **Hjerte for Hå** | Sentraladministrasjon og eigedom | -100 | -100 | -100 | -100 |
| **Innovasjonsprosjekt innkjøp og klima** | Sentraladministrasjon og eigedom | -45 | -45 | -45 | -45 |
| **Kommunedag 2024** | Sentraladministrasjon og eigedom | -450 | -450 | -450 | -450 |
| **Leiarutviklingsprogram 2024 - 2025** | Sentraladministrasjon og eigedom | 800 | 0 | 0 | 0 |
| **Rekruttering av kommunedirektør** | Sentraladministrasjon og eigedom | -400 | -400 | -400 | -400 |
| **Toalett i Nærbøparken** | Sentraladministrasjon og eigedom | -30 | -30 | -30 | -30 |
| **Utgifter val** | Sentraladministrasjon og eigedom | 641 | 0 | 640 | 640 |
| **Utvalstur i 2024 og korrigering 2022** | Sentraladministrasjon og eigedom | -262 | -262 | -262 | -262 |
| Sum Vedtak forrige periode | | **-491** | **-1 902** | **-1 382** | **-1 382** |
| Konsekvenser av vedtak forrige periode | | | | | |
| **Endring auke inntekt for kaileige Sirevåg havn** | Sentraladministrasjon og eigedom | 1 075 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Konsekvenser av vedtak forrige periode | | **1 075** | **0** | **0** | **0** |
| Konsekvensjustert budsjett | | **5 487** | **3 001** | **3 521** | **3 521** |
| Konsekvensjustert ramme | | **213 496** | **211 010** | **211 530** | **211 530** |
| Budsjettendring i år | | | | | |
| Sum Budsjettendring i år | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Innsparingstiltak | | | | | |
| **Reduksjon i straumkostnadar** | Sentraladministrasjon og eigedom | -2 369 | -2 369 | -2 369 | -2 369 |
| Sum Innsparingstiltak | | **-2 369** | **-2 369** | **-2 369** | **-2 369** |
| Nye tiltak | | | | | |
| **Administrasjon - intern flytting mellom sentraladministrasjonen og helse** | Sentraladministrasjon og eigedom | 753 | 753 | 753 | 753 |
| **Auka kostnader til innkjøp arbeidstøy reinhaldare** | Sentraladministrasjon og eigedom | 40 | 20 | 20 | 20 |
| **Auke i bedriftshelsetenestene** | Sentraladministrasjon og eigedom | 325 | 325 | 325 | 325 |

| Beskriving tiltak | Avdeling | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Auke i driftsbudsjett IT** | Sentraladministrasjon og eigedom | 500 | 500 | 500 | 500 |
| **Auke i forsikringspremie** | Sentraladministrasjon og eigedom | 610 | 610 | 610 | 610 |
| **Auke i lisenskostnadar** | Sentraladministrasjon og eigedom | 90 | 90 | 90 | 90 |
| **Indeksregulering driftskonti** | Sentraladministrasjon og eigedom | 567 | 470 | 470 | 470 |
| **Justering Hå kontrollutval** | Sentraladministrasjon og eigedom | 79 | 79 | 79 | 79 |
| **Kommunedag 2026** | Sentraladministrasjon og eigedom | 0 | 500 | 0 | 0 |
| **Oppgradering lisensutgifter Microsoft 365** | Sentraladministrasjon og eigedom | 500 | 500 | 500 | 500 |
| **Reduksjon i Bilgodtgjersle** | Sentraladministrasjon og eigedom | -22 | -22 | -22 | -22 |
| **Tall Ships Race 2025** | Sentraladministrasjon og eigedom | 550 | 0 | 0 | 0 |
| **TV-aksjonen på NRK** | Sentraladministrasjon og eigedom | 50 | 50 | 50 | 50 |
| **Årleg auke kontingent IKA** | Sentraladministrasjon og eigedom | 50 | 50 | 50 | 50 |
| Sum Nye tiltak | | **4 092** | **3 925** | **3 425** | **3 425** |
| Nye tiltak og realendringer budsjett | | **1 723** | **1 556** | **1 056** | **1 056** |
| Ramme 2025-2028 | | **215 219** | **212 566** | **212 586** | **212 586** |

## Vedtak forrige periode

### Auka inntekt for kaileige Sirevåg havn
Auke i kaileige Sirevåg havn

### Hjerte for Hå
KST vedtak sak 121/23. Støtte til Hjerte for Hå i 2024.

### Kommunedag 2024
Kommunedag 2024

### Leiarutviklingsprogram 2024 - 2025
Leiarutviklingsprogram

## Konsekvenser av vedtak forrige periode

### Endring auke inntekt for kaileige Sirevåg havn
Endring auke inntekt for kaileige Sirevåg havn

## Innsparingstiltak

### Reduksjon i straumkostnadar
I mai 2023, inngjekk Hå kommune ein fastprisavtale på straum for 3 år med Lyse energi. Avtalen gjeld for dei største kommunale bygga, som utgjer omlag 63% av det totale straumforbruket. Avtalen inneber at 70% av forventa forbruk for desse største bygga er sikra med fastpris. Resterande 30% av forventa forbruk samt alle dei øvrige kommunale bygga er regulert prismessig med spotpris.
Frå 2022 som var toppår reint prismessig har den gjennomsnittlige spotprisen gått jevnt nerover og har i

perioder sågar våre negativ. Dette, saman med ENØK tiltaka som førar til eit lågare straumforbruk, gjer at kommunedirektøren finn rom for å redusera forventa straumkostnader i komande økonomiplanperiode med ein årleg innsparing på 2,36 mill.kr. For budsjettåret 2025 utgjer dette omlag 12% i innsparing.

## Nye tiltak

**Auka kostnader til innkjøp arbeidstøy reinhaldare**
I henhald til lokal avtale for arbeidstøy i Hå kommune skal ansatte i reinhaldstenesten få utdelt egna arbeidstøy frå arbeidsgivar. I tillegg får dei godtgjersle på kr 1000,- årleg til kjøp av skotøy. Reinhald har budsjett for godtgjersle til sko, men har ikkje hatt eige budsjett til innkjøp av arbeidstøy. Kommunedirektøren tilrår at det settes av kr 40.000,- til innkjøp av 2 sett med arbeidsklede til reinhaldarane i 2025 og deretter med kr 20.000,- i resten av økonomiplanperioden for årleg innkjøp av 1 sett med arbeidstøy.

**Auke i bedriftshelsetenestene**
På grunn av auka fokus på risikovurderingar/-kartleggingar, ergonomikartlegging/-opplæring og HMS-opplæring for leiarar i ny økonomiplanperiode, er det behov for å auka BHT-budsjettet med kr 300 000. I tillegg føreslås det å legge inn 25 000 til "Sykle til jobben-aksjonen"

**Auke i driftsbudsjett IT**
Auke i IT sitt driftsbudsjett

**Auke i forsikringspremie**
Indeksregulering av forsikringspremien.

**Auke i lisenskostnadar**
Lisenskostnadane innan eigedom er framleis underbudsjetterte. Det ligg inne ei gradvis auke på dette området, år for år i økonomiplanperioden, men dette er for lite og kommunedirektøren tilrår ei ekstra auke i 2025 og resten av økonomiplanperioden på kr 90.000,- For eigedom er det: ISY prosjektøkonomi, IK Bygg/LAFT, EcoOnline stoffkartotek, NKF prosjekthjelper, Norsk standard samling og Norsk prisbok som inneber dei største kostnadane. I tillegg kjem ei rekke mindre dataprogram, kor fleire har varierande kostnader litt etter bruk.

**Indeksregulering driftskonti**
Indeksregulering for fleire av eigedom sine driftskonti.

**Justering Hå kontrollutval**
Hå kontrollutval har sjølv vedteke sitt eige budsjett og endringane er lagt inn.

**Kommunedag 2026**
Me ønsker å arrangere ein kommunedag for alle tilsette i Hå kommune. Ein dag der me kan løfte kvarandre og utvikle det gode laget me har i kommunen vår.

**Reduksjon i Bilgodtgjersle**
Reduksjon i bruk av bilgodtgjersle, då fleire medarbeidare er oppsett med eigen tenestebil.

**Tall Ships Race 2025**
Hå kommune er invitert til å bli med som Cruise in Company-havn i forbindelse med at Tall Ships Race arrangerast i 2025 mellom Aberdeen og Kristiansand. Kommunedirektøren føreslår å legge inn midlar til dette arrangementet i 2025 som eit arrangement i Sirevåg for heile Hå kommune og regionen rundt oss.

**TV-aksjonen på NRK**
Etter vedtak i formannskapet hausten 2024, ligg det eit årlig bidrag på 50 000 i heile perioden

**Årleg auke kontingent IKA**
Årleg auke av kontingent IKA.

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | Sum Økonomiplan 2025-28 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Digital transformasjon reinhaldstenesta** | 200 | 0 | 0 | 0 | 200 |
| **Diverse prosjekt eigedom** | 1 100 | 800 | 0 | 800 | 2 700 |
| **ENØK** | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 16 000 |
| **IT investeringar** | 10 000 | 9 000 | 8 000 | 7 000 | 34 000 |
| **Kjøp av bil eigedom** | 850 | 0 | 0 | 0 | 850 |
| **Lekkasjer Nærbø kyrkje** | 6 100 | 0 | 0 | 0 | 6 100 |
| **Mellombels løysing Nærbø U.skule** | 2 800 | 0 | 0 | 0 | 2 800 |
| **Ny barneskule Vigrestad** | 1 000 | 0 | 0 | 2 000 | 3 000 |
| **Omlegging til el-bilar** | 3 000 | 0 | 0 | 0 | 3 000 |
| **Oppgradering NAV kontorer** | 400 | 0 | 0 | 0 | 400 |
| **Påbygg Breidablikk** | 5 150 | 5 150 | 0 | 0 | 10 300 |
| **Rehabilitering av Helsesenter på Nærbø** | 4 700 | 0 | 0 | 0 | 4 700 |
| **Rehabilitering Varhaug U. Skule** | 10 100 | 0 | 0 | 0 | 10 100 |
| **Reinhaldsrobot til reinhaldstenesta** | 200 | 0 | 0 | 0 | 200 |
| **Rådhuset - auka arealutnytting** | 5 525 | 5 525 | 0 | 0 | 11 050 |
| **Stokkalandsmarka BH. Utviding av uteområde** | 5 500 | 0 | 0 | 0 | 5 500 |
| **Utvendig renovering Nærbøgata 44** | 3 500 | 0 | 0 | 0 | 3 500 |
| Sum investeringsprosjekt | **64 125** | **24 475** | **12 000** | **13 800** | **114 400** |

**Digital transformasjon reinhaldstenesta**
For budsjettåret 2024 vart det sett av kr 100.000,- til digitalisering av reinhaldstenesta som eit pilotprosjekt, med innkjøp av nettbrett som eit verktøy i det daglege arbeidet. Dei større bygga vart veld ut for dette pilotprosjektet. Erfaringane så langt er så gode at ein ynskjar å utvida dette til å omfatta fleire bygg og reinhaldare. Alle som har delteke i pilotprosjektgruppen er særs fornøgde. Bruk av nettbrett gjer meir oversikt over arbeidsdagen. Reinhald blir tildelt gjennom reinhaldsmodulen på nettbrettet og gir god oversikt over arbeidsoppgåvene og syner hvilke rom som skal reinhaldas og når. Dei reinhaldarane som har delteke i pilotprosjektet meldar at det er enklare registrera arbeidet ved bruk av nettbrett. Tidlegare måtte dette gjeras på papir og ting blei av og til glømt. Registreringa i systemet gjer og ei god totaloversikt over arbeidet som utføras av reinhaldstenesta. Kommunedirektøren tilrår at det sette av kr 200.000,- i 2025 til ein opptrapping av digitalisering innan reinhaldstenesta.

**Diverse prosjekt eigedom**
Diverse prosjekt eigedom skal dekke uføresette kostnader i eigedomsavdelinga, etter godkjenning av kommunedirektøren. Eit døme på slikt prosjekt er naudsynt byggsanering. Det er brukt svært lite midlar i dette prosjektet i 2024 og kommunedirektøren tilrår at dei gjenståande midlane overføras til 2025. Prosjektet har årleg blitt tilført kr 800.000,- Kommunedirektøren legg i komande økonomiplan til grunn at prosjektet ikkje tilføras midlar i 2025 men i 2026 og 2028.

**ENØK**
Kommunedirektøren tilrår å oppretthalde investeringane på totalt 4 mill kr. til ENØK tiltak i økonomiplanperioden.

**IT investeringar**
Ein betydeleg del av budsjettmidlane vert brukt til fornying av Chromebooks til skulane. Kvart år vert eit større antal maskiner kjøpt inn til elevar for å erstatte utstyr basert på alder og slitasje. I 2024 vart det gjort ei ekstra investering i nye maskiner også til lærarane. Vidare har generell prisvekst på teknologi og utstyr vore ein betydeleg faktor som har påverka det totale budsjettet. Vi har òg valt å gjere strategiske investeringar som inkluderer vedlikehaldsavtalar framover i tid. Slike avtalar kan vere meir kostnadseffektive på lang sikt, då dei reduserer presset på driftsbudsjettet, sjølv om dei inneber ei høgare investering. Målet på sikt er å redusere investeringsbudsjettet etter kvart som fleire tenester vert overført til abonnementsmodellar, som vil belaste driftsbudsjettet i staden for investeringsbudsjettet.

**Kjøp av bil eigedom**
I henhold til planlagd utskiftingsplan skal det investerast i 1 ny bil hjå eigedom i 2025.

**Lekkasjer Nærbø kyrkje**
Planleggingsarbeid knytt til lekkasjar ved Nærbø kyrkje er starta, med plan om utføring i løpet av vår/sommar 2025.

**Mellombels løysing Nærbø U.skule**
Nærbø ungdomsskule tek i mot elevar frå flyktningmottaket i Hå. Dette sett press på dei eksisterande areala som det nå byrjar å bli knappheit på. Rektor ved skulen har ved fleire tilhøve meldt om utfordringar og kor areal som ikkje er tiltenkt dette formålet er tatt i bruk for å løysa utfordringane. Kommunedirektøren har vurdert om det er mogleg å setta opp modular inne på skulen sitt område som ei mellombels løysing. Det er innhenta pristilbod på ei modulløysing med 2 klasserom som kan ha plass til omlag 30 elevar i kvart klasserom. Modulløysinga inneheld og toalett, HCWC og garderobefasilitetar. Årlege leigekostnader ved ei slik løysing er berekna til ca 600.000,- I tillegg kjem mobiliseringa og demonteringskostnadar på omlag 1,9 mill.kr. Det er og mogleg å kjøpa desse modulane til ein pris av 1,2 mill.kr. Skal modulane stå lengre enn 2 år vil det verta mest kostnadseffektivt å kjøpa dei.

Kommunedirektøren tilrår ei løysing der kommunen kjøpar modular, med planar om å nytta dei i minst 5 år, og at det settast av 2,8 mill.kr til dette for budsjettåret 2025. Me legg opp til å kunne nytta eigne ressursar til ein viss grad i samband med mobilisering og demontering for å redusera dei totale kostnadane. Løysinga krev søknad om byggeløyve som ein permanent bygning, med ein seinare rivesøknad.

**Ny barneskule Vigrestad**
I kommunestyret den 17.11.22, sak 084/22, blei det vedteke å bygge ny skule på ny tomt, alternativ 3. I kommunestyret den 15.12.22, sak 100/22, vart det løyvd 107 mill kroner til å starta prosjektet. I løpet av 2024 har det pågått reguleringsarbeid som må vera på plass før planleggingsarbeid kan starta.

Ny barneskule på Vigrestad er planlagd å kosta opp mot 350 mill.kr basert på kalkyle i 2022. Siden den gong har det vore ei prisauke knytt til bygg og eigedom som gjer desse tala høgst usikre. Dei totale investeringane som er planlagd i den komande økonomiplanperioden sett og stort press på driftsbudsjettet i kommunen. Dette er krevande å løysa samstundes som me skal levera gode tenester til innbyggarane i Hå. Kommunedirektøren tilrår difor i samband med budsjettforslag for 2025 og forslag til økonomiplan for 2025 - 2028 og utsetta arbeida med planlegging av ny barneskule på Vigrestad til 2028. Kommunedirektøren føreslår difor å setta av 1 mill.kr til ferdigstilling av reguleringsplan i 2025 og 2 mill.kr til oppstart og planleggingsmidlar i 2028 med mål om oppstart på arbeida i 2029 og ferdigstilling av ny skule i 2031.

**Omlegging til el-bilar**

Prosjektet med ladestasjonar og omlegging til el-bilar baserar seg på sak 011/20 som vart vedteken i kommunestyret den 07.04.2020. I saka vart det lagt opp til ei årleg investering på 3 mill.kr for å etablera kommunale ladestasjonar og nå ei målsetting om omlegging av inntil 48 nullutsleppskjøyretøy innan 2025. Midlane blei finansiert med bidrag frå vindkraft pengane og skulle gjelde til og med budsjettåret 2024.

Status nå i slutten av 2024 er at det totalt er registrert 63 el-bilar på Hå kommune (av totalt 159 registrerte køyretøy). Noken av desse er kjøpt inn over vanlege investeringsbudsjett, men dei fleste er kjøpt inn via dette prosjektet. Køyretøya fordelar seg over fleire tenesteområder, men det er innan helse dei fleste bilane er kjøpt inn. Det er montert opp kommunale ladestasjonar ved 25 kommunale bygg med totalt 137 ladepunkt. Desse nyttast av dei kommunale kjøretøya ved bruk av ei eiga brikke, men kan og nyttast av andre mot betaling. I forhold til planane som vert lagt for kommunale ladestasjonar, så manglar det å montera ladestasjonar ved Hå gamle prestegard, Varhaug skule, Nærbø U. skule, Vigrestad storskule og Eivindhagen. Kommunedirektøren tilrår difor at det også i 2025 settast av 3 mill.kr for å kunna fullføra desse arbeida. Behov utover dette frå og med budsjettåret 2026 må tas over det vanlege investerings- og driftsbudsjettet for dei enkelte tenestene.

**Oppgradering NAV kontorer**
Det er behov for oppgradering av dei lokala som NAV Hå leigar på Nærbø saman med NAV Rogaland. Lokala oppfyller ikkje NAV sine minimumsstandardar for sikring av NAV kontor. Dette handlar om økt personsikkerheit og personvern i publikums-mottaket. Kostnadane ved oppgradering skal delast mellom NAV Rogaland og NAV Hå. Kommunedirektøren tilrår at det settes av kr 400.000,- til dette, som er NAV Hå sin andel av dei totale oppgraderingskostnadane.

**Påbygg Breidablikk**
Planleggingsarbeid for nytt tilbygg ved Breidablikk barnehage pågår. For å sikre god brukarmedverknad er det oppretta ei prosjektgruppe. Arkitekt er også kontrahert (inngått kontrakt med) og deltek i prosjektgruppa. Det er tidlegare i år utarbeida ei førebels skisseløysing. Den løysar ikkje alle ønskene i prosjektet og er difor blitt diskutert både i tenesteområdet for oppvekst og kultur og i samband med ny barnehagebruksplan. Me har nå funne løysingar som me ynskjer å gå vidare med. Arbeidet er krevande då deler av Breidablikk barnehage er verna. Det vidare arbeidet blir nå å utvikla dette til eit prosjekt som ivaretek alle krav. Reguleringsmessige formål og krav i ny kommuneplan skal og vurderast. Planlagt ferdigstilling er sett til 2026.

**Rehabilitering av Helsesenter på Nærbø**
Arbeid med rehabilitering av Hå Helsesenter er starta. Det er lagt opp til utføring i fleire byggetrinn. Alle byggetrinna er planlagt ferdigstilt i løpet av våren 2025.

**Rehabilitering Varhaug U. Skule**
Planleggingsarbeid for oppgradering av Varhaug ungdomsskule starta hausten 2023 og pågår framleis. For å sikre god brukarmedverknad er det oppretta ei prosjektgruppe. Prosjektet er komplisert i den forstand at ein ynskjer å få til oppgraderingar som ikkje krevar ein byggesøknad. Det vil nemleg utløyse svært kostbare krav som ein ikkje har midlar til. Samstundes er det ynskjer om oppgraderingar som vil vera søknadspliktige, så dette er ein vanskeleg balansegang. Det skal utarbeidas ein prosjektbeskrivelse som skal visa kva som er mogleg å få til og kva som ikkje er mogleg. Me tar sikte på ein politisk handsaming av dette prosjektet tidleg i 2025.

**Reinhaldsrobot til reinhaldstenesta**
Reinhaldstenesta har i fleire år prøvd ut mindre robotar til reinhald. Dette har vore av den type som ein og finn i private heimar. Desse er ikkje meint å fungera i ein profesjonell samanheng og slitasjen på desse er stor. Dei gir heller ikkje den kvalitet som ein ynskjer. Større og moderne robotar, meint for

profesjonell bruk er av ein heilt anna kvalitet, men også svært kostbare. Reinhaldstenesta ynskjer å testa ut desse profesjonelle robotane og ser i fysste omgang føre seg å prøva dette ut ved Hå folkebibliotek på Nærbø.
Kommunedirektøren tilrår at det settes av kr 200.000,- til investering i ein profesjonell reinhaldsrobot.

**Rådhuset - auka arealutnytting**
Det har heller ikkje i 2024 vore kapasitet hjå eigedom til å starte planlegginga av dette skisseprosjektet slik me håpa på. Det har vore oppsigelsar innan prosjektleiing. Førebels er ny prosjektleiar leigd inn på rammeavtale og me reknar med å kunna starta planlegging og prosjektering tidleg i 2025 slik at moglegheiter, kostnadar og framdrift kan vurderast. Det er sett av 11,5 mill.kr til prosjektet. Dette baserer seg på ei grovkalkyle om rehabilitering av 450m2 til ein m2 pris på 25.000,- pr m2. Ferdigstilling er planlagt til 2026.

**Stokkalandsmarka BH. Utviding av uteområde**
Uteområda ved Stokkelandsmarka barnehage er ikkje i den tilstanden som er ønskeleg og areala er for små. Dette blei også peikt på i en tilstandsrapport frå 2018 som Sweco utarbeida på oppdrag frå kommunen. Det blei vist til for lite leikemoglegheiter i forhold til antal born, for lite areal og mangel på naturleikeområder. DARK arkitekter blei i 2024 engasjert for å sjå på moglege løysingar. Dei har utarbeida eit skisseforslag som visar korleis dette kan løysast og ei grovkalkyle som synar kostnadar på omlag 3,3 mill.kr. Skisseforslaget er i ei tidleg fase og det gjenstår ein god del planlegging og prosjektering. Kalkyla er heller ikkje komplett. Mellom anna manglar kommunen sine eigne kostnadar. Kommunedirektøren tilrår at det i fysste omgang blir sett av 5,5 mill.kr til endring og utviding av uteområde ved barnehagen.

**Utvendig renovering Nærbøgata 44**
Renovering av Nærbøgata 44 har ikkje kome i gang i 2024 som planlagt. Midlane er ført over til 2025 kor planane er å få dette prosjektet gjennomført.

## Sentraladministrasjonen

### Driftsbudsjett

#### Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Kommunestyre og formannskap** | 6 337 | 5 584 | 5 706 | 5 374 | 5 374 | 5 374 | 5 374 |
| **Andre utval og nemnder** | 992 | 1 110 | 1 660 | 1 110 | 1 110 | 1 110 | 1 110 |
| **Val** | 841 | -14 | -0 | 627 | -14 | 626 | 626 |
| **Partistøtte** | 188 | 188 | 188 | 188 | 188 | 188 | 188 |
| **Revisjon og kontrollutval** | 1 552 | 1 765 | 1 765 | 1 832 | 1 832 | 1 832 | 1 832 |
| **Administrativ ledelse** | 5 802 | 4 676 | 6 002 | 6 091 | 6 091 | 6 091 | 6 091 |
| **Personaladm./-tiltak og løn** | 12 962 | 15 310 | 14 412 | 16 111 | 15 311 | 15 311 | 15 311 |
| **Økonomi/regnskap** | 7 570 | 6 668 | 6 075 | 6 980 | 6 980 | 6 980 | 6 980 |
| **It, fellesfunksjon** | 10 918 | 12 429 | 12 629 | 13 010 | 13 010 | 13 010 | 13 010 |
| **Kommunikasjon og innovasjon** | 1 648 | 2 171 | 2 413 | 2 469 | 1 919 | 1 919 | 1 919 |
| **Dokumentsenter** | 1 640 | 1 338 | 1 384 | 1 354 | 1 354 | 1 354 | 1 354 |
| **Politisk sekretariat** | 1 879 | 1 813 | 1 981 | 1 945 | 1 945 | 1 945 | 1 945 |
| **Tillitsvalde personal** | 4 596 | 4 068 | 4 068 | 4 181 | 4 181 | 4 081 | 4 081 |
| **Amu** | 447 | 1 725 | 1 278 | 1 262 | 1 762 | 1 262 | 1 262 |

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **BEVILGNING/SKJENKEKONTROLL** | -85 | -63 | -63 | -63 | -63 | -63 | -63 |
| **Forretningsdrift** | -657 | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -2 075 | -2 075 | -2 075 |
| Sum | **56 257** | **57 768** | **58 498** | **61 472** | **58 906** | **58 946** | **58 946** |

## Beskriving av verksemda i dag

## Politisk sekretariat

Kommunestyre og formannskap
Utgiftene gjeld løn til ordførar og varaordførar, og godtgjersle til folkevalde. Det er budsjettert med utgifter i samsvar med forskrift for løn og godtgjersle for folkevalde 2023 – 2027. Forskrifta blei revidert og godkjent av kommunestyret den 05.10.2023 i KS-sak 079/23.
I ny kommunestyreperiode er det fleire folkevalde som gjer krav på tapt arbeidsforteneste enn det var i forrige periode.

Andre utval og nemnder
Dette er godtgjersle til styre, råd og utval utanom kommunestyret og formannskap.

Val
Det er Stortings- og sametingsval i 2025 og kommune-/fylkestingval i 2027. Utgifter knytt til dette er lagt inn i økonomiplanen. Det er ny vallov og valforskrift, som fører med seg at det blir noko meir opplæring/kurs for valansvarlege.

Partistøtte
Hå kommune gjer stønad til kommunestyregruppene finansiert gjennom rammetilskottet frå staten. I tillegg har Hå kommune ein lokal stønad til kommunestyregruppene. Forslag til løyving er sett opp for 2024 i samsvar med tidlegare praksis. Det lokale tilskottet på 90 000 kroner blir vidareført som nå.

Revisjon og kontrollutval
Teneste 1100 gjeld godtgjersle til kontrollutvalet og utgifter til kontrollutvalsekretariat og revisjon. Kontrollutvalet si tilråding til budsjett for 2025 skal vedtas av kommunestyret.

Politisk sekretariat
Dette er utgifter til stillingane i politisk sekretariat. Arbeidsoppgåvene i politisk sekretariat er mange og mangfoldige. Det er ei rekke møteseriar og meir arbeid i samband med val. Politisk sekretariat har overteke det praktiske arbeidet for innbyggjarrådet og innkalling og føring av møteprotokoll for ungdomsrådet. Avdelinga bistår organisasjonen med opplæring og informasjon når det gjeld sakshandsaming. Avdelinga har òg ansvar for tilrettelegging og gjennomføring av jegerprøveeksamen samt behandling av ambulerande skjenkeløyve. Arbeid kring Klart språk er lagt til leiar av politisk sekretariat.

## Organisasjon

Organisasjon omfattar Personal, IT/Digitalisering, Kommunikasjon/innovasjon og Dokumentsenter og avdelinga legg i budsjett og økonomiplan 2025 - 2028 til grunn en bemanning på 19,5 årsverk fordelt på 20 tilsette. Hovudtillitsvalde er også organisert under organisasjon. Det er totalt 4,6 årsverk sett av til

frikjøp av hovudtillitsvalde. Omfanget av frikjøp blir bestemt etter Hovudavtalen. I tillegg kjem ei 55 prosent stilling for tillitsvald budsjettert på oppvekst. Budsjettet administrativ leiing for 2025 er i hovudsak sett opp som for 2024.

Arbeidsmiljøutvalet

Arbeidsmiljøutvalget (AMU) disponerer midler avsett til velferds- og fellesarrangement, bedriftsidrett, lokale julearrangement, deltaking i Nordsjørittet og gratis inngang på Hå gamle prestegard og ulike fellestiltak føreslått og fremma av enkelttilsette.

Personaladministrasjon

Personaladministrasjon arbeider med inkluderande arbeidsliv (IA), Helse, miljø og sikkerheit (HMS) arbeid, rekruttering, kompetanseheving og personalsaker. Me bidrar og inn i arbeidet med leiarutvikling, organisasjonsutvikling og lønsforhandlingar. Frå juni 2023 til utgangen av 2024 er det sett av midlar til ein 100 % stilling til å arbeide med heiltidskultur i kommunen. Prosjektet avsluttast ved utgangen av 2024, men arbeidet held fram innanfor eksisterande rammer i tjenesteområdene. Kostnadane for tenesta inkluderer løn til tilsette i personal- og HMS-arbeid, samt felles utgifter til kompetanseutvikling, bedriftshelseteneste og forsikringar. Felles kursmidlar blir fordelt etter prioriteringar i den årlege opplæringsplanen. Utgiftene til bedriftshelsetenesta er budsjettert med ein auke frå 2024. Kostnadene til gruppe- og ulykkesforsikring blir bestemt gjennom årlege anbodsrundar, og har dei siste seks åra variert mellom 1,6 og 2,55 millionar kroner per år. For 2025 er det budsjettert med 2,55 millionar kroner, basert på anslaget frå forsikringsmeklaren.

Digitalisering og IT

Ein av strategiane i kommuneplanen 2024-2036 er å tilby gode digitale løysingar for dei som ønskjer å kommunisere elektronisk med kommunen. Me investerer i nye løysingar som gjer det mogleg å samarbeide digitalt både internt i kommunen, med eksterne partar og med innbyggarane. Kommunen har over 5000 PC-brukarar, inkludert tilsette og elevar, som kvar dag nyttar IT-tenester. Desse brukarane har ulike tilgangsnivå basert på rolla si og oppgåvene dei skal løyse. I tillegg har me eit ope, trådlaust nettverk som mange brukar, med nær 1000 sendarar plassert rundt om i kommunale bygg. Gjestenettet er ope for alle. I nettverket vårt for tilsette og elevar vert det nytta både mobiltelefonar, nettbrett, terminalar, PC og Chromebook. Desse får tilgang til både interne og eksterne tenester.

Systema våre er i drift døgnet rundt og krev robuste og stabile løysingar. Dette stiller store krav til drift, oppdateringar og vedlikehald av systema. Det krevst store ressursar å vedlikehalde og skifte ut gammalt utstyr og programvare. Me har stort fokus på å styrke og trygge datasentralane, nettverka og sentral infrastruktur mot driftsstans, øydeleggingar og åtak. Alle kommunale bygg er kopla saman i eit eige kommunikasjonsnettverk. Der det er mogleg legg me eigne fiberkablar ut til flest mogleg av bygga for å gje meir stabile samband utan leigekostnad.

På teneste 1205 fører me fellesutgifter knytt til kommunikasjon, utbygging og drift av fellesutstyr, programvare og infrastruktur. For 2025 ser me at driftskostnadane aukar ytterlegare. Dette kjem av at fleire nye digitale løysingar vert tekne i bruk, og me ser ei utvikling mot meir bruk av skydrift. Fleire løysingar vil gå frå eingongsinvesteringar til abonnementstenester, då leverandørar i større grad tilbyr programvare i sky framfor lokalt installerte system.

Kommunikasjon og innovasjon

God kommunikasjon er nøkkelen til utvikling og omstilling. Ved å involvera og lytta til innbyggarar og tilsette, vert tillit bygd og utvikling kan skje. På den måten skaper me ein framtidsretta, open og innovativ kommune.

Næringsutvikling og digitalisering

Korleis skal me gjera det endå meir attraktivt å både bu, arbeida og besøka Hå? Her arbeider me for å samla kreftene internt i kommunen gjennom nettverket Hei Hå, i tillegg til å samarbeida med nabokommunane i til dømes prosjektet Enklare å vera togturist på Jæren. Samarbeid på tvers er også eit stikkord når det gjeld digitalisering og innovasjon. Her må alle gode krefter jobba saman for å skapa utvikling og finna dei beste løysingane.

Innbyggarperspektivet

Servicetorget er innbyggarane sitt kontaktpunkt for tenestene i kommunen. Servicetorget er heile tida oppteken av å gjera det enklare for innbyggarane å ta kontakt, og hjelpa dei som ikkje er så digitale. Her får du informasjon og rettleiing om byggesaker, meklarpakkar, nabolister, kart, tomtekjøp og renovasjon. Dei hjelper også med søknader om redusert barnehagebetaling, parkeringskort for forflyttingshemma og skjenkeløyve.

Dokumentsenter

Dokumentsenteret sørger for at Hå kommune sitt arkiv er i samsvar med gjeldande lovar og reglar, at arbeidsoppgåvene blir utførte på ein god og effektiv måte, og at det blir gitt naudsynt opplæring og rettleiing til sakshandsamarar og leiarar i kommunen. Dokumentsenteret skal yte god service til forvaltning og publikum, og sikre at Hå for ettertida kan dokumentere sine vedtak og tiltak.

Dokumentsenteret deltar aktivt i arbeidet med digitalisering i kommunen, t.d. ved overgang til fullelektroniske arkiv, innføring av elektroniske skjema og ekspedering/mottak via digitale kanalar. I 2025 er det planlagt ei større oppgradering av sak/arkivsystemet vårt, WebSak. I tillegg er nesten alt papirarkivet i kommunen nå levert til depotet vårt, IKA Rogaland, i det interkommunale arkivet.

Frå februar 2024 ble arkivfunksjonen i Helse og velferd innlemma i dokumentsenteret. Det er overført eit årsverk frå Helse og velferd til Organisasjon som deles mellom dokumentsenteret og servicetorget (60/40). Dette har vært en viktig omstilling å gjennomføre for å effektivisere og gjera tenesten meir robust. Kostnadane er sett opp som tidlegare år. Utgiftene vert belasta tenesteområda.

Gode støttetenester er avgjerande når organisasjonen skal tilpasse seg nye måtar å jobbe på og stå saman i trygg omstilling. Ved å satse på leiar- og organisasjonsutvikling, vil organisasjonen bidra til at leiarar er trygge i rollene sine og klare til å leie gjennom endringane. Me vil bidra i omstillingsarbeidet i heile organisasjonen, slik at me saman kan møta dei nye krava som kjem. Ved å prioritere god kommunikasjon og samarbeid på tvers, legg me til rette for at omstillinga skjer på ein trygg måte der alle tilsette er med på reisa.

Hå mot 2036, er overskrifta på kommuneplanen, og ein av fire strategiar som er sette av kommunedirektøren og som skal bane veg for vår framtidige organisasjonsutvikling. Det handlar om menneske og kultur i ein prosess der me vert utfordra til å tenkje annleis om korleis me løyser oppgåver og leverer tenester. Organisasjon har starta arbeidet med å leggje til rette for ein strukturert og målretta prosess for omstilling, der alle partar i organisasjonen vil bli involverte. Me vil i fyrste omgang jobbe med å kartleggje oppgåver og prosessar saman med tenesteområda for å forstå behova våre. Vidare vil me saman setje strategiske og langsiktige mål for korleis me skal utvikle organisasjonen vår til å møte behova for framtida. På fleire område ser me at det er nødvendig med meir samhandling på tvers, både i eigen kommune og regionalt for å lukkast med omstillinga me står ovanfor, og det blir ein viktig faktor å utforske i arbeidet med Hå mot 2036.

## Økonomi

Budsjett for 2025 er i hovudsak sett opp som for 2024 og det er økonomiavdelinga som føljer opp tenesteområde for oppvekst og kultur på økonomien i barnehagesektoren. Økonomiavdelinga støttar også tenesteområdet samfunn og eigedomsavdelinga. I tillegg følgjes sentraladministrasjonen opp av økonomiavdelinga. Økonomiavdelinga omfattast av rekneskap, lønn, anskaffelser og budsjett og analyse.

Anskaffelser
Klare krav blir stilte til offentlege oppdragsgjevarar for å sikre effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Innan for anskaffelser er klima og miljø som er kriterium innarbeid i dei forespørslar som kommunen sendar ut. Prosjektet Klimakrav i anskaffelser på Jæren gjer oss godt rusta til denne endringa og prosjektet er avslutta i 2024. Det er viktig at anskaffingsprosessane i Hå er gode og effektive. Me arbeider for å nå måla i Innkjøpsstrategien som blei vedteken 7. mai i 2020, KS-sak 021/20. Revidering av innkjøpsstrategien vil bli lagt frem i revidert utgåve i 2025. Me vil bli enda betre på styring og oppfølging av anskaffingar i Hå.  Utvikling av e-handel vil og vera sentralt i arbeidet vidare.

For 2025 vil ein måtte ha gode strukturar med avdelingane for oppfølging av dei omstillingane som skjer framover.

## Andre tenester

Forretningsdrift
Sirevåg Havn KF i Hå står for innkrevjing av avgifter og drift av hamna i Sirevåg. Kommunen står framleis som eigar av kai-investeringane frå før 01.01.2007. KF-et betalar leige til kommunen for kaiane på 0,375 mill kr i 2025, det same som i 2024. Frå 2025 var det tenkt auka kaileiga med 1,075 mill kr til 1,45 mill kroner, men dei tenkte investeringane er flytta ut i tid. I tillegg får kommunekassa leigeinntekter av industriareal. Inntektene har motsatsen sin i kommunale investeringar og finansutgifter for utbygginga. 2,4 mill kr er leigeinntekt frå Felleskjøpet i Sirevåg.

# Eigedom

## Driftsbudsjett

### Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Kommunestyre og formannskap** | 133 | 110 | 110 | 110 | 110 | 110 | 110 |
| **Eigedomsavdeling** | 3 138 | 4 100 | 4 305 | 4 595 | 4 593 | 4 593 | 4 593 |
| **Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen** | 2 299 | 3 898 | 3 951 | 4 328 | 4 328 | 4 328 | 4 328 |
| **Drift og vedlikeh.adm.lokaler** | 2 | 0 | 49 | 49 | 49 | 49 | 49 |
| **Drift og vedlikeh.adm.lokaler eigedomsavdelingen** | 8 067 | 11 795 | 10 288 | 12 572 | 12 576 | 12 586 | 12 586 |
| **Vaktmester admin.bygg** | 756 | 874 | 891 | 919 | 919 | 919 | 919 |
| **Uteanlegg admin.bygg  eigedomsavdelingen** | 6 | -100 | 20 | -99 | -99 | -99 | -99 |
| **Reinhald admin.bygg** | 3 791 | 2 760 | 2 832 | 3 081 | 3 061 | 3 061 | 3 061 |

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **It - fellesutgifter** | 31 | 31 | 31 | 31 | 31 | 31 | 31 |
| **Bilar eigedomsavdelingen** | -138 | 184 | 488 | 488 | 488 | 488 | 488 |
| **Renhald pool** | 1 842 | 2 616 | 2 693 | 2 672 | 2 672 | 2 672 | 2 672 |
| **Lokaler til barnehagedrift** | 12 439 | 6 455 | 11 968 | 6 329 | 6 310 | 6 310 | 6 310 |
| **Vaktmeister barnehage** | 2 293 | 2 065 | 2 106 | 2 161 | 2 161 | 2 161 | 2 161 |
| **Reinhald barnehage** | 4 134 | 4 264 | 4 375 | 4 608 | 4 628 | 4 648 | 4 648 |
| **Uteanlegg barnehagedrift** | 408 | 32 | 282 | 47 | 47 | 47 | 47 |
| **Lokaler til skuledrift** | 38 507 | 34 445 | 37 992 | 34 074 | 34 046 | 34 178 | 34 178 |
| **Vaktmeister skuledrift** | 5 905 | 5 022 | 5 136 | 5 358 | 5 358 | 5 358 | 5 358 |
| **Reinhald skule** | 12 119 | 12 273 | 12 568 | 13 098 | 13 063 | 12 978 | 12 978 |
| **Eiendom opplæring og kultur** | 438 | 7 500 | 1 500 | 7 500 | 7 500 | 7 500 | 7 500 |
| **Uteanlegg skuledrift** | 1 471 | 860 | 927 | 934 | 934 | 934 | 934 |
| **Bygg til eldresenter/dagsenter** | 1 041 | 1 216 | 1 468 | 1 257 | 1 253 | 1 253 | 1 253 |
| **Vaktmester eldresenter/dagsenter** | 3 718 | 3 680 | 3 761 | 3 969 | 3 989 | 4 009 | 4 009 |
| **Reinhald eldresenter/dagsenter** | 1 021 | 690 | 712 | 752 | 757 | 762 | 762 |
| **Institusjonslokaler** | 20 545 | 18 721 | 19 248 | 18 276 | 18 263 | 18 263 | 18 263 |
| **VAKTMESTER INSTITUSJON** | 1 894 | 2 102 | 2 149 | 2 212 | 2 212 | 2 212 | 2 212 |
| **Uteanlegg institusjon** | 9 | 7 | 15 | 8 | 8 | 8 | 8 |
| **Reinhald institusjon** | 5 813 | 6 076 | 6 229 | 5 901 | 5 911 | 5 921 | 5 921 |
| **Eiendom helse og sosial** | 284 | 7 500 | 1 500 | 7 500 | 7 500 | 7 500 | 7 500 |
| **BOLIGER ELDRE OG FUNKSJONSHEMMEDE** | 6 861 | 3 605 | 5 461 | 3 496 | 3 479 | 3 479 | 3 479 |
| **EIENDOMSAVDELINGEN** | | | | | | | |
| **Beredskapsboliger eigedomsavdelingen** | 5 794 | 3 386 | 4 851 | 3 344 | 3 340 | 3 340 | 3 340 |
| **Kommunale boliger eigedomsavdelingen** | 1 417 | 1 337 | 1 419 | 1 425 | 1 425 | 1 425 | 1 425 |
| **Organisering av sysselsettingstiltak** | 3 | 6 | 6 | 6 | 6 | 6 | 6 |
| **Næringsbygg eiendom** | 59 | -124 | -124 | -124 | -124 | -256 | -256 |
| **Nærbøparken** | 81 | 115 | 112 | 80 | 80 | 80 | 80 |
| **VAKTMESTER KULTURBYGG** | 1 770 | 2 193 | 2 200 | 2 216 | 2 212 | 2 212 | 2 212 |
| **Reinhald kulturbygg** | 212 | 504 | 517 | 512 | 512 | 512 | 512 |
| **Kulturbygg eiendom** | 236 | 40 | 60 | 61 | 61 | 61 | 61 |
| Sum | **148 666** | **150 241** | **152 096** | **153 746** | **153 659** | **153 639** | **153 639** |

## Beskriving av verksemda i dag

Innleiing
Eigedom omfattar byggeleiaroppgåver, drift , vedlikehald og reinhaldstenester.
Avdelinga legg i budsjett og økonomiplan 2025 - 2028 til grunn ei bemanning på 69,34 årsverk fordelt på 73 tilsette.

Mål
Eigedom har som mål å levere gode tenester innanfor både vaktmeister- og reinhaldstenesta. Det er også eit klart mål å handtere kommunen sine byggeoppdrag på ein effektiv og profesjonell måte. I åra som kjem vil auka bruk av digitalisering og klimakrav utfordra oss.

Beskriving av verksemda i dag
Ansvaret til eigedom er å forvalte og utvikle kommunen si eigedomsmasse og å stå for vedlikehald og reinhald av denne, samt byggeleiaroppgåver. Det er også eigedom som på vegne av kommunestyret ivaretek eigaransvaret for dei kommunale bygga.

Vedlikehald kommunale bygg
Dette er eit viktig område. Vedlikehald er ein gjentakande repetisjon som er naudsynt for å oppretthalde god kvalitet og gode bygg å drive dei kommunale tenestene frå. Eigedom sin drifts- og vedlikehaldsavdeling er dei som har ansvar for dette vedlikehaldet og er ansvarleg for å oppfylla alle lovkrava ein byggeigar er pålagt. På same måte er eigedom sin reinhaldsteneste ein viktig funksjon som har ansvar for dagleg reinhald på alle dei kommunale formålsbygga. Gjennom fleire år med målretta

innsats har kommunen fått ein god oversikt over vedlikehaldsbehovet på dei kommunale bygga. Ei oversikt som viser status på vedlikehald blir årleg lagt fram for dei folkevalde og dannar basis for det komande budsjettforslaget. Det er og vedteke ein eigen forvaltnings- og eigedomsstrategi, som er eit viktig verktøy i planlegging av vedlikehaldet, KS/085/20, 15.10.2020.
Kommunen nyttar IK bygg/LAFT i samband med teknisk vurdering og status på dei kommunale bygga. IK bygg er selve internkontrollsystemet, mens LAFT er FDV biten (forvaltning, drift, vedlikehald) og handtera innmelde feil og manglar. Det er også LAFT som held den totale oversikten over vedlikehaldsetterslepet på dei kommunale bygga. Alt dette skjer digitalt.

## Kostra-analyse

| | Hå 2022 | Hå 2023 | Time | Klepp | Rogaland | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Prioritet | | | | | | |
| **Forv.utgifter i ei endomsforv. brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)** | 167 | 116 | 431 | 118 | 434 | 421 |
| **Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år** | 18 923 | 20 899 | 18 693 | 21 222 | 20 324 | 23 272 |
| Produktivitet | | | | | | |
| **Herav energikostnader per kvadratameter (kr)** | 192,0 | 182,0 | 122,0 | 152,0 | 174,0 | 153,0 |
| **Korrigerte brutto driftsutgifter totalt eiendomsforvaltning, kommune utgifter per kvadratmeter bygg (kr)** | 1 365,6 | 1 488,8 | 1 200,1 | 1 263,2 | 1 428,4 | 1 354,6 |
| Økonomi | | | | | | |
| **Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter (kr)** | 72 | 107 | 53 | 117 | 118 | 101 |
| Grunnlagsdata (Nivå 3) | | | | | | |
| **Brutto investeringsutgift Eiendomsforvaltning, kommune Beløp (1000 kr)** | 49 464 | 29 813 | 178 002 | 247 943 | 2 865 503 | 3 193 057 |
| **Eid areal Formålsbygg, kommune Areal (m2)** | 88 908,0 | 87 311,0 | 88 298,0 | 90 439,0 | 2 299 741,0 | 2 860 619,0 |
| **Herav utgifter til renhold (kr)** | 189,0 | 204,0 | 227,0 | 175,0 | 188,0 | 185,0 |

Kostra tala for eigedom i 2023 syner at Hå kommune si totale eigedomsforvaltning er nokonlunde lik nabokommunane våre, Klepp og Time. Det er forskjell på nokon faktorar, mellom anna "Brutto investeringsutgift" som syner at Hå kommune har hatt lågare investeringsnivå i 2023 enn Klepp og Time. Men i det store og heile er eigedomsforvaltninga nokså lik.

# Oppvekst og kultur

## Innleiing

Tenesteområde for oppvekst og kultur har ansvar for barnehage, skule, kultur og barn og familie. I desember 2023 var det totalt 887 barn i dei kommunale barnehagane, mens det var 201 barn i private barnehagar. 1. januar 2024 var det 2649 elevar i den kommunale grunnskulen. 603 elevar starta hausten 2024 i kulturskulen. Totalt var det om lag 667 årsverk i tenesteområdet per 1. januar 2024.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 586 040 | 560 481 | 617 292 | 627 884 | 607 734 | 599 334 | 594 634 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 56 404 | 46 812 | 54 859 | 55 953 | 56 043 | 56 138 | 56 243 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 64 686 | 64 231 | 71 131 | 77 008 | 73 208 | 73 208 | 73 208 |
| **Overføringsutgifter** | 49 714 | 21 458 | 35 348 | 31 513 | 31 518 | 31 523 | 31 528 |
| **Finansutgifter** | 4 579 | 4 574 | 4 504 | 4 654 | 4 654 | 4 654 | 4 654 |
| Sum Driftsutgifter | **761 423** | **697 556** | **783 134** | **797 012** | **773 157** | **764 857** | **760 267** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Salgsinntekter** | -49 704 | -41 191 | -40 391 | -35 121 | -35 121 | -35 121 | -35 121 |
| **Refusjoner** | -77 527 | -52 157 | -53 247 | -51 133 | -50 533 | -50 533 | -50 533 |
| **Overføringsinntekter** | -7 708 | -1 839 | -12 039 | -12 402 | -4 302 | -4 302 | -4 302 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | -2 420 | -4 075 | -4 075 | -5 075 | -4 075 | -4 075 | -4 075 |
| Sum Driftsinntekter | **-137 360** | **-99 262** | **-109 752** | **-103 731** | **-94 031** | **-94 031** | **-94 031** |
| Sum | **624 063** | **598 294** | **673 382** | **693 281** | **679 126** | **670 826** | **666 236** |

## Beskriving av verksemda i dag

### Mål

- Arbeide aktivt for å skape trygge og inkluderande oppvekstmiljø
- Alle barn skal ha tilgang på barnehagar og skular av god kvalitet med høgt fagleg nivå som bidrar til utvikling, læring og tryggleik. Barna skal kjenne tilhøyrsel, oppleve motivasjon og meistring, få trening i sosial kompetanse og sikrast god helse gjennom gode leike- og læringsmiljø
- Innbyggarane skal ha moglegheitene til å tileigne seg relevant kompetanse som sikrar større fleksibilitet i møte med framtidas samfunn og arbeidsliv
- Samarbeide aktivt med innbyggarar og frivillige lag og organisasjonar, for å møte dagens og morgondagens helseutfordringar

### Strategiar

- Arbeide for eit godt samarbeidsklima med føresette i skular og barnehagar
- Arbeide for, og prioritere eit mangfald av fritidstilbod for barn og unge
- Arbeide for at barn og elevar når sitt fulle potensiale

- Arbeide for at elevane utviklar kompetanse i samarbeid, kreativitet, kritisk tenking og læringsteknologi
- Legge til rette for variasjon i læringstilnærming og opplæringsarenaar
- Tilby gode, opne og tilgjengelege bibliotek med møteplassar og studierom
- Arbeide aktivt for å hindre fråfall i skulen gjennom god dialog og samarbeid med ulike aktørar for mellom anna å motvirke utanforskap og konsekvensar av sosial ulikskap
- Fremje helse og motverke mobbing og krenking i barnehage og skule gjennom tidleg og tverrfagleg arbeid i samarbeid med heimane
- Støtte opp om og samarbeide med frivillige lag og organisasjonar for å mobilisere innbyggarane sine eigne ressursar og nettverk, og tilrettelegge for meistring og samfunnsdeltaking

**Oppvekst og kultur**
Regjeringa sitt mål for barnehagane er at «Barn i heile Norge skal ha tilgang til eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet». I barnehagesektoren i Hå leggast det difor vekt på å drive systematisk kompetanseutvikling og formell kompetansebygging, som ledd i arbeidet med førebygging og tidleg innsats. Den største utfordringa er å rekruttere og behalde barnehagelærarar. Andelen barnehagelærarar i Hå har gått ned dei siste åra, samstundes som nasjonale krav til pedagogtetthet har auka. Det er sett i gang eit arbeid på fleire frontar for å behalde og rekruttere barnehagelærarar. Framskrivingane viser at det skal komme nedgang i barnetalet, imidlertid gjer flyktningesituasjonen og auka dekningsgrad for dei minste at talet på barn i barnehagane har auka det siste året. Me har difor lagt inn ei auke i budsjettet i 2025 for å oppretthalde vaksentettleik og pedagogtettleik i henhald til norm. Desse midla blir deretter trekt ned utover i økonomiplanperioden.

Me driv effektivt, billig og godt i skulane i Hå. Me har dei siste åra hatt ei veldig god gjennomføring av vidaregåande skule, som kanskje er den viktigaste indikatoren på om me lukkast. Prognosane viser nedgang i elevtalet framover, men nedgangen blir ikkje så stor som me trudde, mykje på grunn av flyktningesituasjonen. Me har difor lagt inn ei auke i budsjettet i 2025 for å oppretthalde lærartettleiken i henhald til norm. Andel elevar med spesialpedagogikk har auka betrakteleg dei siste åra, og med bruker mykje midlar på dette. Det er sett i gang mange prosessar rundt dette, mellom anna skal skule saman med barnehage og PPT delta i eit kompetanseprosjekt med Universitetet i Stavanger om inkluderande praksis som førebygger behov for spesialundervisning. Arbeidet er no i ei oppstartfase og har midlar med seg gjennom heile 2025. Det er lagt inn ekstra midlar til spesialundervisning i 2025. Desse midla blir deretter trekt ned utover i økonomiplanperioden.

I kultursektoren er me stolte av å ha ein kulturskule på høgt nivå, dei gode fritidsklubbane, kunstformidlinga og kulturvernet, dei gode biblioteka og den unike samhandlinga med frivillige lag og organisasjonar. Det er viktig å fortsette arbeidet framover med det viktige vedlikehaldet av dei verna anlegga våre. Det er ønskje om ein kommunal fritidsklubb på Vigrestad, men kommunedirektøren finn ikkje rom for dette i årets budsjett.

Det krev ei heil landsbygd for å oppdra eit barn. Me arbeider for at ingen barn og unge skal falle utanfor. Samarbeid med innbyggarar, nærmiljø, næringsliv og lag og organisasjonar er veldig viktig for å få til dette. Barnevern, PPT, Alle med i Hå og Ung førebygging arbeider breitt ut for å bidra til at ingen fell utanfor. Barn og familie står i spissen for arbeidet med å skrive ein heilskapeleg oppvekstplan, i eit stort tverrfagleg samarbeid.

## Utfordringar og strategi

Nokre av dei største utfordringane me ser er auka barnetal i barnehagane og mindre nedgang i elevtal i skulane, begge mot prognose. Dette som følgje av mellom anna flyktningesituasjonen. Det er til dømes 30 flyktningebarn i barnehagane våre. Dette var lagt inn som innsparingar i forrige økonomiplan, men desse må reverserast og delvis reverserast i denne.

Me må gjere eit stort omstillingsarbeid for å få ned talet på elevar som får spes.ped. i skulane. Her er det sett i gang gode prosessar. Samstundes som økonomiplanen blir lagt fram blir det lagt fram i sak om korleis tenesteområdet vil arbeide med denne utfordringa nå og i tida framover. Her vil me arbeide tverrfagleg og heilskapeleg, og det er viktig med ei god involvering, ikkje minst av dei føresette. Me skal arbeide saman om ei trygg omstilling.

Vidare er det ei stor auke i behovet for institusjonsplassar i barnevern. Det er samansette grunnar til dette. Det er sett i gang eit arbeid for å lage ein heilskapeleg oppvekstplan. Dette er eit breitt arbeid, som vil involvere og utfordre heile "landsbygda"!

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Beskriving tiltak | Tiltak | Avdeling | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Vedtatt budsjett | | | **598 294** | **598 294** | **598 294** | **598 294** |
| Sum Tekniske justeringer | | | **27 056** | **27 056** | **27 056** | **76 015** |
| Vedtak forrige periode | | | | | | |
| **Auke i tillegg for pedagogisk leiar** | | Oppvekst og kultur | 525 | 525 | 525 | 525 |
| **Auke i tilskot til private barnehagar** | | Oppvekst og kultur | 1 143 | 1 143 | 1 143 | 1 143 |
| **Framtidsløftet - opplæring og kultur sin andel** | | Oppvekst og kultur | 800 | 800 | 800 | 800 |
| **Færre barn i barnehage** | | Oppvekst og kultur | -6 000 | -8 200 | -9 900 | -9 900 |
| **Færre elevar i grunnskulen** | | Oppvekst og kultur | -2 800 | -5 200 | -6 800 | -6 800 |
| **Hubben - løn og transport** | | Oppvekst og kultur | 465 | 465 | 465 | 465 |
| **Interne justeringer av inntekter på OK** | | Oppvekst og kultur | 200 | 800 | 800 | 800 |
| **Lærar kulturskulen** | | Oppvekst og kultur | 450 | 450 | 450 | 450 |
| **Redusert sats foreldrebetaling - kommunale barnehagar** | | Oppvekst og kultur | 4 400 | 4 400 | 4 400 | 4 400 |
| **Refusjonar - barnehage** | | Oppvekst og kultur | 420 | 420 | 420 | 420 |
| **Riving Rugland gamle skule** | | Oppvekst og kultur | -250 | -250 | -250 | -250 |
| **Sommarjobb for ungdom** | | Oppvekst og kultur | 200 | 200 | 200 | 200 |
| **Spesialpedagogikk skule** | | Oppvekst og kultur | -1 500 | -1 500 | -1 500 | -1 500 |
| **Styrka SFO** | | Oppvekst og kultur | -1 500 | -1 500 | -1 500 | -1 500 |
| **Ung i juli / Barn i juli** | | Oppvekst og kultur | 250 | 250 | 250 | 250 |
| **Ungdomskoordinator** | | Oppvekst og kultur | 110 | 110 | 110 | 110 |
| **Årleg justering Jærmuseet pga innbyggertall** | | Oppvekst og kultur | 25 | 25 | 25 | 25 |
| Sum Vedtak forrige periode | | | **-3 062** | **-7 062** | **-10 362** | **-10 362** |

| Beskriving tiltak | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Konsekvenser av vedtak forrige periode | | | | | | |
| **Barnehage -oppdatert prognose barn i barnehagane** | | Oppvekst og kultur | 2 500 | 2 400 | -100 | -1 800 |
| **Skule - oppdatert prognose elevar i skulane** | | Oppvekst og kultur | 1 800 | 1 800 | 1 800 | 200 |
| Sum Konsekvenser av vedtak forrige periode | | | **4 300** | **4 200** | **1 700** | **-1 600** |
| Konsekvensjustert budsjett | | | **28 294** | **24 194** | **18 394** | **64 053** |
| Konsekvensjustert ramme | | | **626 588** | **622 488** | **616 688** | **662 347** |
| Budsjettendring i år | | | | | | |
| **omkontering fra ansvar 326 til 251** | | Oppvekst og kultur | 48 959 | 48 959 | 48 959 | 0 |
| Sum Budsjettendring i år | | | **48 959** | **48 959** | **48 959** | **0** |
| Innsparingstiltak | | | | | | |
| **Skule - omstilling spes.ped skule** | | Oppvekst og kultur | 5 050 | -3 900 | -6 500 | -7 900 |
| **Skule - reversering tiltak ekstra skuleskyss frå Stokkalandsmarka** | | Oppvekst og kultur | -500 | -500 | -500 | -500 |
| Sum Innsparingstiltak | | | **4 550** | **-4 400** | **-7 000** | **-8 400** |
| Nye tiltak | | | | | | |
| **Barn og familie -auke i institusjon og fosterheim** | | Oppvekst og kultur | 4 700 | 900 | 900 | 900 |
| **Barnehage - auke i tilskott til private barnehagar** | | Oppvekst og kultur | 1 694 | 1 694 | 1 694 | 1 694 |
| **Barnehage - redusert inntekt foreldrebetaling** | | Oppvekst og kultur | 500 | 500 | 500 | 500 |
| **Barnehage og skule - leige av ishall på Nærbø** | | Oppvekst og kultur | 400 | 425 | 450 | 475 |
| **Flyktningar - justert ned budsjett Bryne kompetansesenter** | | Oppvekst og kultur | -2 600 | 0 | 0 | 0 |
| **Kultur - avtalar som har auka meir enn budsjettert** | | Oppvekst og kultur | 580 | 600 | 625 | 650 |
| **Skule - auka kostnadar for datalisensar** | | Oppvekst og kultur | 1 300 | 1 350 | 1 400 | 1 460 |
| **Skule - gratis SFO for 3.trinn** | | Oppvekst og kultur | 6 610 | 6 610 | 6 610 | 6 610 |
| Sum Nye tiltak | | | **13 184** | **12 079** | **12 179** | **12 289** |
| Nye tiltak og realendringer budsjett | | | **66 693** | **56 638** | **54 138** | **3 889** |
| Ramme 2025-2028 | | | **693 281** | **679 126** | **670 826** | **666 236** |

## Driftsbudsjettet - forslag til rammeendringar fordelt på endringskategoriar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|
| Vedtatt budsjett | **598 294** | **598 294** | **598 294** | **598 294** |
| **Tekniske justeringer** | 27 056 | 27 056 | 27 056 | 76 015 |
| **Vedtak forrige periode** | -3 062 | -7 062 | -10 362 | -10 362 |
| **Konsekvenser av vedtak forrige periode** | 4 300 | 4 200 | 1 700 | -1 600 |
| Konsekvensjustert budsjett | **28 294** | **24 194** | **18 394** | **64 053** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **626 588** | **622 488** | **616 688** | **662 347** |
| **Budsjettendring i år** | 48 959 | 48 959 | 48 959 | 0 |
| **Innsparingstiltak** | 4 550 | -4 400 | -7 000 | -8 400 |
| **Nye tiltak** | 13 184 | 12 079 | 12 179 | 12 289 |
| Nye tiltak og realendringer budsjett | **66 693** | **56 638** | **54 138** | **3 889** |
| **Ramme 2025-2028** | **693 281** | **679 126** | **670 826** | **666 236** |

## Vedtak forrige periode

**Auke i tillegg for pedagogisk leiar**
I arbeidet med å rekruttere og behalde pedagogar i barnehage og skule var eit av momenta ped.leiartillegget. Me opplever at søkarane er opptatt av skilnader i løn mellom kommunane. Hå kommune ligg under på funksjonstillegg for ped.leiar med 10 000 kroner i forhold til fleire nabokommunar. Viss me skal auke tillegget vil det medføre ei ekstra utgift på mellom 0,8 mill kroner og 1 mill kroner kvart år.

**Auke i tilskot til private barnehagar**
Auka tilskott til private barnehagar 2024

**Færre barn i barnehage**
Fra forrige plan

**Hubben - løn og transport**
Lønn

**Lærar kulturskulen**
Hå kulturskule hadde i haust 331 elevplasser på venteliste. Ein elev kan søke fleire elevplassar. I utgangspunktet prøver me å fordele flest mogleg plassar til flest mogleg elevar. Hå kulturskule har per i dag 9,15 heile stillingar. Ved å opprette ei ny lærarstilling kan me minke ventelistene betrakteleg, primært på visuelle kunstfag og jazzdans.

**Redusert sats foreldrebetaling - kommunale barnehagar**
Heilårseffekt av beløp foreldrebetaling ned til kr 2000

**Refusjonar - barnehage**
Auke Hå barn i barnehage i andre kommunar

**Spesialpedagogikk skule**
Lønn spes, nedtrapping til 0 i 2027

**Styrka SFO**
Meir løn

## Konsekvenser av vedtak forrige periode

**Barnehage -oppdatert prognose barn i barnehagane**
Opptak av barn i barnehagane for 2025 viser ei auke på 28 barn samanlikna med 2024. Dette utgjer ei auke på 46 barnehageplassar fordelt på barnehagane i Hå kommune. Me må difor reversere innsparingstiltaket frå førre plan på 6 mill kroner i 2025 og leggja til 3 mill kroner for å dekke behovet for auka bemanning i barnehagane. Ei stor del av auka skuldast at det er mange flyktningar som går i barnehagane våre. 5,5 mill kroner blir difor finansiert ved bruk av flyktningtilskott og 1 mill kroner ved bruk av fond i 2025.

Prognosane i ny barnehagebruksplan viser imidlertid ei nedgang av barnehageplassar i åra som kjem. Me korrigerer innsparingstiltaket "færre barn i barnehagen" slik at oppdatert innsparing for dei resterande åra i økonomiplanperioden blir 5,8 mill kroner i 2026, 10 mill kroner i 2027 og 11,7 mill kroner i 2028.

**Skule - oppdatert prognose elevar i skulane**

I økonomiplan 2024-2027 er det vedteke å ta ned budsjett for skule med 2,8 mill kroner i 2025, 5,2 mill kr i 2026 og 6,8 mill kr i 2027 og 2028 grunna lågare elevtal.

Nye prognosar for elevtal, mykje grunna flyktningesituasjonen, syner at nedgangen vert noko mindre enn prognosane tilsa, slik at desse beløpa må justerast opp med 1,8 mill kroner kvart år.

## Budsjettendring i år

**omkontering fra ansvar 326 til 251**
omkontering fra ansvar 326 til 251

## Innsparingstiltak

**Skule - omstilling spes.ped skule**
Det har i løpet av dei siste åra vore ei sterk auke i bruken av spes.ped i skulane. Det er ikkje berekraftig å bruke så stor del av budsjettet til skule på dette føremålet. Arbeidet med å redusere bruken av spes.ped blir difor intensivert. Me håper og trur at dette grundige arbeidet fører til at me kan redusere midlane til spes.ped utover i perioden. Budsjett for spes.ped i 2024 blei sett opp med kostnadane me visste om per 1. august 2023. I løpet av hausten 2023 og heile 2024 har kostnadane auka med om lag 11 mill kroner. Kommunedirektøren føreslår å legge inn ei auke på 5 mill kroner i 2024. Deretter blir auken fasa ut, ned til om lag same nivå som i 2023 og vidare ned i perioden.

**Skule - reversering tiltak ekstra skuleskyss frå Stokkalandsmarka**
Då kommunestyret vedtok å bygge ny skule på Vigrestad og ikkje i Stokkalandsmarka vedtok dei og å legge inn 500 000 kroner ekstra til buss for elevane i Stokkalandsmarka som ikkje har rett til skyss. Kommunedirektøren føreslår å ta ut desse midla igjen. Dette er midlar som ikkje er lovpålagde, det er ein god gang- og sykkelsti og det er ingen andre stader i kommunen med same tilbod.

## Nye tiltak

**Barn og familie -auke i institusjon og fosterheim**
Barnevernstenesta har eit høgt antal barn på institusjon. Dette skuldast fleire faktorar som opptrer samstundes. Me ser behov for å auke budsjettet i 2025 med om lag 2 plassar på institusjon, med 3,8 millionar kroner.

Grunna auke i sats til dei statlege fosterheimane er det også behov for å auke budsjettet med 0,9 mill kroner til utgifter forsterheim.

**Barnehage - auke i tilskott til private barnehagar**
Auke i tilskott til private barnehagar i Hå kommune.

**Barnehage - redusert inntekt foreldrebetaling**
Stortinget har endra sats for foreldrebetaling, makspris, til 2000 kroner per månad.

**Barnehage og skule - leige av ishall på Nærbø**
Kommunedirektøren føreslår å skrive ny leigeavtale for ishall på Nærbø. Den noverande avtalen er utdatert. Den blei skriven i ei tid der det var fleire leigeavtalar på lokale som blei sett i samanheng. Det er ikkje slik lenger, i og med at me ikkje lenger har dei to andre avtalane. Ved å auke til same pris som andre leigetakarar betaler, vil Nærbø hockey fortsett ha moglegheit til å drive aktivitetane sine på dugnad. Auka kostnadar årleg går frå 0,2 mill kroner til 0,6 mill kroner og blir indeksregulert.

**Flyktningar - justert ned budsjett Bryne kompetansesenter**
Me finansierer 2,6 mill kroner av Bryne kompetansesenter ved bruk av flyktningtilskott.

**Kultur - avtalar som har auka meir enn budsjettert**
Det er fleire driftskostnadar på kultur som har auka meir enn det som ligg inn i budsjettet:

- Avtale med Jæren friluftsråd
- Avtalen med Jærmuseet blir regulert per innbygger pluss auke i indeks årleg
- Fritid (blant anna vedlikehald av turstiar)
- Kulturskulen har utvida med ein ny lærar, leiger lokale frå Jadarheim 4 dager i staden for 2 dagar per veke
- Nav deler ut Jærkortet (felles fritidskort for lavinntektsfamiliar). Det er eit fellesprosjekt med dei andre Jærkommunane. Regninga frå NAV sendast til oppvekst og kultur

**Skule - auka kostnadar for datalisensar**
Kostnadar til datalisensar aukar kvart år. Skule tar frå august 2024 i bruk modulen "Timeplan" i Visma flyt skule.
Samla auke for datalisensar blir 1,3 mill kroner i 2025.

**Skule - gratis SFO for 3.trinn**
Stortinget har vedteke at frå 1. august 2024 får alle elevar på 3. trinn gratis SFO i 12 timer kvar veke. Dette gjer at foreldrebetalinga går ned og at bemanninga må aukast.
Med fleire elevar på SFO er det og fleire som har behov for ei tilrettelegging, slik at bemanninga og må aukast for desse elevane. I tillegg trengs det noko meir pengar til leiker og naudsynt utstyr.

Samla sett blir auka kostnadar i 2025 på 6,6 mill kroner. Dette er statlege midlar som blir tilført.

## Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

*Beløp i 1000*

| | | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Prioritet | Endringskode | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Barnehage -rekruttere og behalde pedagogar** | 2 | Nytt tiltak | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| **Kultur - kommunal fritidsklubb Vigrestad** | 2 | Nytt tiltak | 350 | 800 | 800 | 800 |
| **Skule - auka behov for skuleskyss** | 2 | Nytt tiltak | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| Sum | | | **3 350** | **3 800** | **3 800** | **3 800** |

## Nye tiltak

**Barnehage -rekruttere og behalde pedagogar**
Hausten 2024 manglar me over 27 årsverk med barnehagelærarar for å innfri lovkravet om bemanning. Det inneber at 10 avdelingar der anten 9 små barn eller 18 store barn dagleg oppheld seg, ikkje har den kompetansen som trengs for å leggje til rette for det tilbodet barn og føresette har krav på.

For å kvalitetssikre tilbodet i avdelingar utan pedagog kan grunnbemanninga aukast med 25 % stilling per avdeling utan pedagog. Med ekstra stillingsressurs kan pedagogar på andre avdelingar vere til stades og observere, samt sikre tilrettelegging for alle barn på avdelingar utan pedagog. Behovet for stillingsressurs utgjer 2,5 stilling for fagarbeidar, 1,5 mill per år. Tiltaket kan delvis finansierast av lønsforskjell mellom utdanna pedagog og fagarbeidar konstituert i barnehagelærarstilling.

Kommunedirektøren finn ikkje rom for dette i økonomiplanen.

**Kultur - kommunal fritidsklubb Vigrestad**
Ungdomsrådet ønskjer at det blir oppretta ein kommunal ungdomsklubb også på Vigrestad. Dette vil ha ein årleg kostnad på om lag 800 000 kr per år.

Kommunedirektøren finn ikkje rom for ei slik auke, men ønskjer å sjå på moglege lokale og kartlegge behovet i løpet av våren 2025.

**Skule - auka behov for skuleskyss**
Kostnadane til skuleskyss er jevnt aukande år for år. Fleire elevar har krav på transport, mellom anna på grunn av farleg skuleveg.

Auka ser ut til å bli om lag 1,5 mill kroner meir enn det som er budsjettert i gjeldande økonomiplan.

Kommunedirektøren finn ikkje rom for dette tiltaket.

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | | Sum Økonomiplan |
|---|---|---|---|---|---|
| Investeringsprosjekter | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2025-28 |
| **Bilar oppvekst og kultur** | 0 | 400 | 400 | 0 | 800 |
| **Brannsikring HGP** | 8 900 | 0 | 0 | 0 | 8 900 |
| **Brannsikring Obrestad fyr** | 0 | 3 000 | 0 | 0 | 3 000 |
| **Brusand barnehage** | 20 000 | 30 000 | 0 | 0 | 50 000 |
| **Elsykler bhg** | 300 | 300 | 300 | 300 | 1 200 |
| **Hå gamle prestegard** | 500 | 500 | 500 | 0 | 1 500 |
| **Nytt fagsystem barnevern** | 450 | 0 | 0 | 0 | 450 |
| **Skular uteanlegg** | 2 100 | 2 100 | 2 100 | 2 100 | 8 400 |
| **Tiltak barnehagar** | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 4 000 |
| **Tiltak skular** | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 6 000 |
| **Uteområde barnehage** | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 6 000 |
| Sum investeringsprosjekt | **36 250** | **40 300** | **7 300** | **6 400** | **90 250** |

**Bilar oppvekst og kultur**
I henhald til den planlagde utskiftingsplanen av bilar må barnevernet skifte ut ein bil i 2026 og ein i 2027.

**Brannsikring HGP**
Planlegging og prosjektering av sprinklarløysing for bygga ved Hå gamle prestegard er for det meste ferdigstilt. Ei ny oppdatert kalkyle syner kostnadar på 8,5 mill.kr, noko som er nær ei dobling av vedteke budsjett. Kommunedirektøren tilrår i samband med budsjett for 2025 at det tilleggsbevilgas 5,4 mill.kr for å ferdigstilla arbeida med brannsikring ved Hå gamle prestegard. Kommunedirektøren ynskjer og å presisere at det totalt er 4 bygg som skal fullsprinklas.

**Brannsikring Obrestad fyr**
Arbeid knytt til prosjektering av sprinklarløysing ved Obrestad fyr er førebels sett på vent i påvente av løysing ved Hå gamle prestegard. Kommunedirektøren tilrår å forskyve denne investeringen til 2026 og vil då koma nærare tilbake til kostnadar og mogleg løysingsforslag.

**Brusand barnehage**
Ny barnehage på Brusand har vore gjenstand for fleire politiske vedtak. I økonomiplan for 2017 - 2020 vart det sett av totalt 43 mill kroner til ein 6 avdelings barnehage på Brusand. I kommunestyret den

20.10.22, sak 079/22, vart plan 1169 - Områdereguleringsplan for Kvermefloen, Brusand - 2. gangsbehandling, vedteken. Arbeida med prosjektering og planlegging av ny barnehage på Brusand kunne dermed starta opp.

I kommunestyret den 05.10.23, sak 081/23, vart ny 4 avdelings barnehage på Brusand lagt fram som eit skisseprosjekt og vedteken å gå vidare med som eit forprosjekt. Førebels økonomisk ramme vart sett til 86,7 mill kroner.

I samband med handsaming av budsjett 2024 og økonomiplan 2024 - 2027 blei det, i staden for å gå vidare med det planlagde prosjektet på Kvermefloen, vedteke at: "Kommunestyret ønsker ei utgreiing der alle alternativ for å få ned kostnadar blir vurdert. Punkt i utgreiinga må være:

• Oppgradering av eksisterande barnehagebygg.
• Modul løysing på eksisterande tomt eller andre tomter blir vurdert.
Drift av Brusand barnehage blir vidareført".

Det blei i budsjett og økonomiplan sett av 10 mill kr til ny barnehage på Brusand i 2025.

Den 02.05.2024 vart kommunedirektøren si utgreiing lagd fram for politisk handsaming i kommunestyret. Fylgjande vedtak blei gjort:
1. Barnehagen bygges på dagens barnehagetomt, som vist i alternativ A, men eksisterande bygg blir revet og erstattet av ny plassbygd barnehage.
2. Prosjekt gjennomføres som et kombinert skisse- og forprosjekt med politisk behandling før anbudsinngivelse.

Det pågår arbeid med prosjektering og planlegging av ny barnehage på Brusand i henhold til det politiske vedtaket. Planane er å få eit ferdig prosjekt klart til politisk handsaming i byrjinga av 2025. Prosjektet kan deretter lysast ut på anbod. Askeladden barnehage med sine tilsette vil i byggjeperioden ha tilhøve i Stokkalandsmarka barnehage.

I samband med budsjettforslag for 2025 og økonomiplan for 2025 - 2028 foreslår kommunedirektøren at det settast av totalt 56,4 mill.kr til ein ny barnehage på Brusand. Desse fordelar seg med 20 mill.kr i 2025 og 30 mill.kr i 2026. I tillegg kjem 6,4 mill.kr frå tidlegare løyvingar.

Kommunedirektøren har ved fleire budsjettframlegg og politiske saker framheva at det ikkje er behov for barnehagen på Brusand og står fortsatt på at det ikkje er behov for ny barnehage på Brusand. Bakgrunnen for dette er kapasitet i alle dei tre barnehagane Stokkalandsmarka, Vigrestad og Måken. I tillegg viser demografien framover at barnetalet i kommunen går nedover og me må foreta omstilling i heile kommunen for å møte framtida. Samstundes er kommunedirektøren i liket med dei folkevalte opptatt av attraktive stasjonsbyar og at det skal vera godt å bu i alle tettstadane i Hå kommune.

Basert på siste vedtak i kommunestyre i sak 39/24 og at dette handlar like mykje om tettstadsutvikling for Brusand, føreslår kommunedirektøren i dette budsjettframlegget å bygga barnehage på Brusand.

**Elsykler bhg**
Kjøp av elsyklar til barnehagane i Hå kommune.

**Hå gamle prestegard**

Hå gamle prestegard og Obrestad fyr er gamle antikvariske bygg som treng løpande vedlikehald. Hovudhuset på Hå gamle prestegard er frå 1787 (eitt av dei eldste bustadhusa på Jæren), Jærhuset er frå om lag 1850, løene frå midten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet.

Obrestad fyr fyller 150 år i år. Her er det eit påbygg som er frå andre verdskrig. Bustadhusa på fyret er frå byrjinga av 1900-talet til 1950.
Området Obrestad fyr med omkringliggande bygningar er freda. Anlegget Hå gamle prestegard er verna. Hå gamle prestegard er omsynssone i kommuneplanen. I tillegg er begge anlegga svært populære utfartsstader. Plassar som folk tek med besøkande og syner fram med stoltheit. Me vil at anlegga skal syne seg frå sine beste sider til ei kvar tid.

Vedlikehaldsbudsjettet til Hå gamle prestegard og Obrestad fyr treng eit løft. Kommunedirektøren føreslår ei auke på 200.000 kroner i året i investeringsbudsjettet.

**Nytt fagsystem barnevern**
Samtlige barneverntjenester i Rogaland går over til eit nytt fagsystem. Det noverande fagsystemet er utdatert og vil berre vere i drift så lenge tenestene ikkje har fått det nye systemet på plass. Det vert sett av 0,45 mill kroner til dette i 2025.

**Skular uteanlegg**
Kommunedirektøren tilrår å oppretthalde investeringane på totalt 2,1 mill kroner for uteanlegg ved skulane i økonomiplanperioden.

**Tiltak barnehagar**
Kommunedirektøren tilrår å oppretthalda 1,0 mill. kr årleg til investeringstiltak i barnehagar i økonomiplanperioden.

**Tiltak skular**
Årets sak om vedlikehald som blei lagd fram i kommunestyret den 13.11.24 syner at det for skulane er eit vedlikehaldsetterslep på om lag 4,9 mill kroner. Dette er 2,7 mill kroner mindre enn i fjor. For skulane har det over tid vært ei positiv utvikling og det er god kontroll på vedlikehaldet. Kommunedirektøren tilrår difor at det i den komande økonomiplanperioden, flyttast 2 mill.kr frå tiltak skular til tiltak helsebygg for å avhjelpa vedlikehalds-etterslepet der. Det vil då vera att 1,5 mill.kr årleg til tiltak ved skulane dei neste fire åra.

**Uteområde barnehage**
Kommunedirektøren tilrår å oppretthalda 1,5 mill. kr  årleg til investeringar i uteområde ved barnehagane ut økonomiplanperioden.

# Oppvekst og kultur administrasjon

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | | Økonomiplan | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 19 919 | 14 935 | 15 147 | 15 330 | 15 330 | 15 330 | 15 330 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 1 327 | 1 216 | 1 216 | 1 216 | 1 216 | 1 216 | 1 216 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 764 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Overføringsutgifter** | 2 302 | 2 043 | 2 043 | 2 043 | 2 043 | 2 043 | 2 043 |
| **Finansutgifter** | 57 | 18 | 56 | 18 | 18 | 18 | 18 |
| Sum Driftsutgifter | **24 369** | **18 211** | **18 462** | **18 607** | **18 607** | **18 607** | **18 607** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Salgsinntekter** | -3 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Refusjoner** | -5 382 | -2 943 | -2 943 | -2 643 | -2 043 | -2 043 | -2 043 |
| **Overføringsinntekter** | -1 873 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | -442 | -4 075 | -4 075 | -4 075 | -4 075 | -4 075 | -4 075 |
| Sum Driftsinntekter | **-7 700** | **-7 018** | **-7 018** | **-6 718** | **-6 118** | **-6 118** | **-6 118** |
| Sum | **16 669** | **11 193** | **11 444** | **11 889** | **12 489** | **12 489** | **12 489** |

### Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | | Økonomiplan | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Administrasjon opplæring** | 5 859 | 5 609 | 5 769 | 5 389 | 5 389 | 5 389 | 5 389 |
| **Tillitsvalde opplæring** | 0 | 0 | 0 | 514 | 514 | 514 | 514 |
| **Barnehagetilbud, ord.** | 2 656 | 2 806 | 2 806 | 2 833 | 2 833 | 2 833 | 2 833 |
| **Kontantstøtte 2-åringer** | 2 085 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| **Undervisning, ordinær** | 4 048 | 3 156 | 3 156 | 3 244 | 3 244 | 3 244 | 3 244 |
| **Undervisning framandspråklege** | 0 | 6 | 6 | 6 | 6 | 6 | 6 |
| **Styrka barnehagetilbud** | 691 | 913 | 927 | 832 | 832 | 832 | 832 |
| **Oppvekstteam** | 2 804 | -303 | -265 | -14 | 586 | 586 | 586 |
| **Asylmottak opplæring** | -2 251 | -5 539 | -5 534 | -5 529 | -5 529 | -5 529 | -5 529 |
| **Idrett** | 847 | 821 | 838 | 790 | 790 | 790 | 790 |
| **Annan kulturaktivitet** | 1 802 | 1 723 | 1 740 | 1 823 | 1 823 | 1 823 | 1 823 |
| Sum | **16 669** | **11 193** | **11 444** | **11 889** | **12 489** | **12 489** | **12 489** |

# Barnehage

## Innleiing

### Innleiing

1116 barn går hausten 2024 i barnehage i kommunale og private i Hå kommune. Regjeringa har gjennom nasjonal barnehagestrategi *«Barnehagen for ei ny tid mot 2030»* som overordna mål, at alle barn skal ha tilgang til eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet i heile landet.

Strategien peikar vidare på: *«Det viktigaste vi kan gjere for å heve kvaliteten i barnehagane, er å sikre at barnehagane har tilsette med god og relevant kompetanse. Kvalitetsutvikling i barnehagen inneber òg ei stadig utvikling av personalet si kompetanse for å sikre realisering av rammeplanen sine intensjonar.»*

Hausten 2024 manglar dei kommunale barnehagane i Hå over 27 årsverk tilsette med barnehagelærararutdanning for å oppfylle lovkravet om pedagogisk bemanning. Dette inneber at 10 avdelingar, der anten 9 småbarn eller 18 store barn oppheld seg dagleg, ikkje har den kompetansen som trengst for å legge til rette for det tilbodet barn og føresette har krav på.

Jobb nummer ein i økonomiplanperioden er å sikre tilstrekkeleg kompetanse til barnehagane.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | | Økonomiplan | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 205 161 | 192 333 | 201 374 | 203 717 | 194 917 | 190 717 | 189 017 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 10 658 | 9 538 | 9 538 | 9 738 | 9 750 | 9 763 | 9 775 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 42 041 | 45 047 | 46 947 | 49 024 | 49 024 | 49 024 | 49 024 |
| **Overføringsutgifter** | 1 878 | 1 294 | 1 644 | 1 294 | 1 294 | 1 294 | 1 294 |
| **Finansutgifter** | 28 | 28 | 46 | 46 | 46 | 46 | 46 |
| Sum Driftsutgifter | **259 765** | **248 240** | **259 548** | **263 818** | **255 030** | **250 843** | **249 155** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Salgsinntekter** | -29 867 | -25 490 | -25 490 | -20 590 | -20 590 | -20 590 | -20 590 |
| **Refusjoner** | -18 858 | -16 344 | -16 644 | -15 641 | -15 641 | -15 641 | -15 641 |
| **Overføringsinntekter** | -125 | 0 | -4 200 | -5 500 | 0 | 0 | 0 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | -534 | 0 | 0 | -1 000 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsinntekter | **-49 384** | **-41 834** | **-46 334** | **-42 730** | **-36 230** | **-36 230** | **-36 230** |
| Sum | **210 381** | **206 406** | **213 214** | **221 087** | **218 799** | **214 612** | **212 924** |

### Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | | Økonomiplan | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Barnehagetilbud, ord.** | 188 671 | 185 213 | 192 145 | 203 930 | 196 142 | 191 955 | 190 267 |
| **Barnehagetilbud, open b.hage** | 1 398 | 1 439 | 1 446 | 1 497 | 1 497 | 1 497 | 1 497 |
| **Lærlinger OK** | 2 154 | 1 371 | 1 445 | 1 740 | 1 740 | 1 740 | 1 740 |
| **Kontantstøtte 2-åringer** | 0 | 0 | 350 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Styrka barnehagetilbud** | 18 059 | 18 075 | 19 303 | 19 049 | 19 049 | 19 049 | 19 049 |
| **Fleirspråklege barn** | 71 | 309 | 2 726 | 371 | 371 | 371 | 371 |
| **Statstilskot flyktningar** | 0 | 0 | -4 200 | -5 500 | 0 | 0 | 0 |
| Sum | **210 381** | **206 406** | **213 214** | **221 087** | **218 799** | **214 612** | **212 924** |

## Beskriving av verksemda i dag

### Mål

- Ivareta barn sine behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som legg grunnlag for positiv utvikling.

- Barn skal få tidlig og riktig hjelp for å utvikle seg.
- Tilby alle barn under opplæringspliktig alder barnehageplass i barnehagar av høg kvalitet.

**Beskriving av verksemda i dag**

**Eit barnehagetilbod av høg kvalitet**
Kvalitetsplanen for barnehage er ein plan for kvalitetsutvikling i barnehagane i Hå. Fokus på leiing og kollektiv kompetanseutvikling er eit kontinuerleg arbeid. Alle tilsette må vere med på å gje barn utvikling og læring. Kompetente og engasjerte leiarar legg eit solid grunnlag for kvalitet i kvar einskild barnehage.

Barnehagane arbeider systematisk for eit trygt og godt barnehagemiljø. Alle barn i barnehagen skal oppleve å høyre til og kjenne seg som ein del av fellesskapet.

Kvalitetsplanen skal reviderast våren 2025.

**Tidleg innsats**
Tidleg innsats handlar om å gje barnet rett hjelp så tidleg som mogleg. Med tidleg innsats kan me førebyggje skeivutvikling, sosiale vanskar, lærevanskar og seinare fråfall i skulen. Årsakene kan vere mange og komplekse. Dei fleste barna som har særskilde behov, blir tidleg fanga opp av hjelpeapparatet og barnehagen. Mindre vanskar blir derimot ikkje oppdaga like lett, og tidleg innsats er viktig også for desse barna. Mangelen på barnehagelærarar utgjer ein risiko for at barn sine behov for støtte og hjelp ikkje blir avdekka, og at dei ikkje får ei optimal utvikling.

**Barn med særskilde behov skal få tilstrekkeleg hjelp**
Spesialpedagogisk team har for tida sju spesialpedagogar. Spesialpedagogane er fordelte i barnehagane. For å gje lovfesta spesialpedagogisk hjelp, er det knytt ein spesialpedagog til kvar barnehage. Barn utan barnehageplass har òg rett på spesialpedagogisk hjelp i heimen. Behovet for tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp har gjennom fleire år vore aukande.

Hausten 2024 har 8 barn fått diagnose eller er under utgreiing for alvorleg barneautisme. Desse barna har ikkje moglegheit til å delta i fellesskapet i ein barnehagekvardag utan stor grad av hjelp og støtte, og kvart av barna vil krevje opp mot 1:1-oppfølging.

**Fleirspråklege barn**
Fleirspråklege barn i Hå kommune skal utvikle eit godt språk, oppleve seg som ein del av fellesskapet og vere trygge på eigen krysskulturell identitet. 150 barn i Hå-barnehagane har eit anna morsmål enn norsk. For desse barna er eit godt barnehagetilbod svært viktig. Barnehagen vil for mange føresette være ei støtte på vegen inn i det norske samfunnet.

Føresette har ein lovfesta rett til å velje kva barnehage dei ønskjer plass i. Det medfører at enkelte barnehagar får ein uforholdsmessig stor del fleirspråklege barn. Hausten 2024 er 43 % av barna i ein barnehage på Nærbø fleirspråklege, og dei representerer 10 forskjellige språk. Ein barnehage på Varhaug har barn med 6 ulike språk, og 45 % av barna er fleirspråklege. Det er utfordrande å leggje til rette for eit godt nok tilbod i desse barnehagane.

**Kompetanseløftet for inkludering og spesialpedagogikk**
Hå kommune skal saman med Universitetet i Stavanger arbeide med barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling for å auke kompetansen på inkludering og spesialpedagogikk. Barnehagar, skuler og PPT deltek i eit kompetansesamarbeid med Læringsmiljøsenteret. Tema er inkluderande praksis som forebygger behov for spesialundervisning. Arbeidet er no i ei oppstartfase og me får eksterne midlar til og med 2025.

**Pedagogdekning og tettleik av tilsette**

Kompetanse saman med tettleik av tilsette er avgjerande for kvaliteten i barnehagetilbodet. Lovkravet til pedagogisk bemanning er 43 %. Våren 2024 har Hå kommune 34 % pedagogisk bemanning.




Regjeringa har eit mål om 60 % dekning innan 2030.

Oversikt frå statsforvaltaren viser at Hå kommune er i ein spesielt vanskeleg rekrutteringssituasjon. Tabellen viser kor mange årsverk det er gitt dispensasjon frå utdanningskravet til tilsette i barnehagen.

Barnehagelærarane har krav til plantid som mellom anna skal nyttast til for- og etterarbeid og fagleg oppdatering. Pedagogane er då fysisk borte frå avdelinga. Kommunestyret har i dei siste økonomiplanane lagt inn til saman 2,5 millionar kroner for å dekkje opp bemanninga som er redusert i pedagogane si plantid. Dette er ressursar som er av stor betydning og som bidreg til betre tettleik av tilsette.

**Kostnadseffektive barnehagar**

Hå driv kostnadseffektive barnehagar. Driftsutgifter brukt per barn i barnehage (1–5 år) er lågast samanlikna med Time og Rogaland. Klepp kommune brukar mindre. Større bruk av deltidsplassar i Hå kan føre til at driftsutgiftene er høgare enn dei elles ville vore, mellom anna på grunn av kravet til pedagogar per barn. Hå kommune har også fleire små barnehagar som gjer dyrare drift.

Samanliknar me talet på tilsette per barn, ligg me framleis under landsgjennomsnittet for kommunale barnehagar, som er på 5,7 barn per tilsett. I Hå var dette talet i 2023 på 5,9 barn per tilsett. Dette er framleis innanfor normen som er 6 barn per tilsett.

**Jæren tilsynsteam**

Jærkommunane Hå, Time, Klepp og Gjesdal har inngått eit samarbeid om å utvikle ei felles løysing for tilsyn som oppfyller dei nye lovkrava om uavhengigheit. Det er gjennomført ei runde med tilsyn i alle kommunane. Tilsynsteamet vil fortsetje arbeidet sitt i 2025. No står utvikling av eit digitalt system for datainnhenting, ROS-analyser og ein «meldeknapp» for føresette att. Dette arbeidet vert vidareført i samarbeid med nettverk for digitalisering i dei fire jærkommunane.

**Tilby alle barn under opplæringspliktig alder barnehageplass i barnehagar av høg kvalitet**

Rett til barnehageplass gjeld alle barn som fyller 1 år innan utgangen av november, og Stortinget har varsla ei vurdering av behovet for fleire opptak gjennom året. Hausten 2024 står 29 småbarn utan barnehagerett på venteliste for plass, med ønskje om oppstart før nyttår.

Makspris for ein barnehageplass blei frå 01.08.2024 redusert frå kr 3000 til kr 2000 per månad. Det er innført nasjonale ordningar for reduksjon i foreldrebetalinga og gratis kjernetid for familiar med låg inntekt som har barn på 2, 3, 4 og 5 år. Dette kan føre til auka etterspurnad etter barnehageplassar.

I barnehagebruksplanen held me fast på prinsippet om tilnærma likeverdig kvalitet og god funksjonalitet i alle barnehagebygg. Det er vedteke å bygge ut Breidablikk kulturbarnehage i 2025, slik at barna i småbarnsavdelinga får nye lokale. Målet er å gje plass til ei avdeling, samstundes som

personalfasilitetane blir betra. Bygging av Brusand barnehage blei vedteke i økonomiplanen for 2024. Forprosjektet blir lagt fram til politisk handsaming tidleg i 2025. Personalet og barna vil ha tilhald i Stokkalandsmarka barnehage frå sommaren 2025, i påvente av ferdigstillinga av det nye bygget.

Dekningsgraden for 1-2-åringar aukar, og var i 2023 på 74,5 prosent. Dette er framleis godt under Time og Klepp. Ei årsak til lågare dekningsgrad er tilbodet om kommunal kontantstøtte for 2-åringar. Dekningsgraden for 3-5-åringar var i 2023 lik som i Klepp, medan Time låg over.

**Bruk av lokal kontantstøtte**
Hausten 2024 er det om lag 40 barn som mottar kommunal kontantstøtte. 14 av desse kombinerer barnehagetilbod og kontantstøtte. Bruk av lokal kontantstøtte har dei siste åra hatt ein nedgang. Talet på barn som mottar kontantstøtte må sjåast i samanheng med talet på barn som står på venteliste og ønskjer barnehageplass.

**Støtte til private barnehagar**
Tilskotet til private barnehagar vert rekna ut frå rekneskapen i kommunale barnehagar to år før. Desse tala blir indeksregulerte og utgjer driftstilskotet saman med nasjonal sats for kapitaltilskot for bygningsmassen. Pensjonssatsen for private barnehagar er i 2024 10%. Med atterhald om godkjent statsbudsjett og eventuelle endringar frå staten, vert driftstilskotet i 2025 til dei private barnehagane som følgjer: Driftstilskot for små barn er berekna til 279 520 kroner per barn kvart år, og driftstilskot for store barn er berekna til 143 533 kroner per barn kvart år. Kapitaltilskot er i forslag til statsbudsjett for 2025 auka til 13 300 kroner per barn kvart år.

I tillegg til dei tre ordinære ikkje-kommunale barnehagane har kommunen ein privat open barnehage, Noas Ark (Nærbø). Budsjettet til Noas Ark er på om lag 0,95 millionar kroner i 2024.

## Skule

### Innleiing

Me er stolte av Hå-skulane våre, som er veldrivne og har mange dedikerte og engasjerte lærarar og andre tilsette. Skulebidraga ligg tett opp til eller litt over det som er forventa av skulane ut i frå elevane sine tidlegare prestasjonar og familiebakgrunn. Elevane i Hå presterer tilsvarande elevar i andre kommunar med tilsvarande folketal og økonomiske rammer.

Me ynskjer å bli best mogleg når det gjeld læringsmiljø og læringsresultat, uavhengig av folketal, kommuneøkonomi, foreldra sitt utdanningsnivå, inntekt eller innvandringsbakgrunn. Elevane i Hå skal få moglegheit til å ta ut potensialet sitt, og nå sine drøymar og mål.

Samanlikna med gjennomsnittet i landet ser me at elevane på 5. trinn presterer noko under forventa nivå på dei nasjonale prøvane i engelsk, lesing og rekning. På 8. trinn har elevprestasjonane stabilisert seg på eller rett under det nasjonale gjennomsnittet.

Hovudfunn i elevundersøkinga i grunnskulen i Hå samsvarer i stor grad med landet elles. Elevane rapporterer om ganske god trivsel og godt læringsmiljø, medan motivasjonen for læring er minkande. Mobbinga har dessverre auka i Hå-skulane og.

### Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 311 731 | 302 002 | 319 185 | 321 980 | 310 630 | 306 430 | 303 430 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 31 149 | 25 535 | 25 685 | 26 685 | 26 748 | 26 810 | 26 883 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 21 657 | 18 928 | 18 928 | 18 928 | 18 928 | 18 928 | 18 928 |
| **Overføringsutgifter** | 3 414 | 2 233 | 3 073 | 2 233 | 2 233 | 2 233 | 2 233 |
| **Finansutgifter** | 3 627 | 3 627 | 3 538 | 3 602 | 3 602 | 3 602 | 3 602 |
| Sum Driftsutgifter | **371 579** | **352 326** | **370 410** | **373 429** | **362 142** | **358 004** | **355 077** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Salgsinntekter** | -12 692 | -9 845 | -9 045 | -8 675 | -8 675 | -8 675 | -8 675 |
| **Refusjoner** | -47 301 | -30 252 | -30 252 | -29 531 | -29 531 | -29 531 | -29 531 |
| **Overføringsinntekter** | 0 | 0 | -6 000 | -2 600 | 0 | 0 | 0 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | -646 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsinntekter | **-60 639** | **-40 097** | **-45 297** | **-40 806** | **-38 206** | **-38 206** | **-38 206** |
| Sum | **310 940** | **312 229** | **325 113** | **332 623** | **323 936** | **319 798** | **316 871** |

## Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Administrasjon opplæring** | 454 | 498 | 518 | 550 | 550 | 550 | 550 |
| **Tillitsvalde opplæring** | 129 | 457 | 472 | 112 | 112 | 112 | 112 |
| **Ungdomsråd** | 64 | 68 | 68 | 68 | 68 | 68 | 68 |
| **Lærlinger OK** | 331 | 1 016 | 1 047 | 286 | 286 | 286 | 286 |
| **Undervisning, ordinær** | 180 979 | 175 301 | 180 063 | 187 050 | 184 700 | 183 150 | 181 610 |
| **Spesialundervisning** | 71 068 | 69 673 | 79 542 | 75 886 | 66 936 | 64 336 | 62 936 |
| **Undervisning framandspråklege** | 3 208 | 3 352 | 3 424 | 3 611 | 3 611 | 3 611 | 3 611 |
| **Adm.på skulane** | 23 516 | 23 287 | 23 542 | 24 969 | 24 969 | 24 969 | 24 969 |
| **Kantine skulane** | 1 441 | 37 | 108 | 277 | 277 | 277 | 277 |
| **Skulebibliotek** | 3 494 | 3 618 | 3 681 | 3 595 | 3 595 | 3 595 | 3 595 |
| **Vaksenopplæring** | -1 114 | 4 690 | 4 690 | 4 690 | 4 690 | 4 690 | 4 690 |
| **Opplæring innvandrarar** | 219 | -22 | -22 | -550 | -550 | -550 | -550 |
| **Skulefritidstilbud** | 5 439 | 7 345 | 9 633 | 9 735 | 9 735 | 9 735 | 9 735 |
| **Sfo-ekstra tilrettelegging** | 6 650 | 6 766 | 8 061 | 9 208 | 9 208 | 9 208 | 9 208 |
| **Husleie skolebygg** | 3 718 | 4 368 | 4 368 | 4 568 | 4 581 | 4 593 | 4 606 |
| **Badevakt ok** | 494 | 437 | 449 | 483 | 483 | 483 | 483 |
| **Skoleskyss** | 6 218 | 5 800 | 5 800 | 5 300 | 5 300 | 5 300 | 5 300 |
| **Asylmottak opplæring** | 4 619 | 5 539 | 5 669 | 5 386 | 5 386 | 5 386 | 5 386 |
| **Statstilskot flyktningar** | 0 | 0 | -6 000 | -2 600 | 0 | 0 | 0 |
| Sum | **310 940** | **312 229** | **325 113** | **332 623** | **323 936** | **319 798** | **316 871** |

## Beskriving av verksemda i dag

## Mål

Kommuneplanen 2024-2036 har under satsingsområdet Utdanning som hovudmål at Hå kommune skal tilby alle barn og unge eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø som fremjar trivsel og læring. Samstundes er læring ikkje avgrensa til barn og unge, og kommunen skal arbeide for innbyggarane sine moglegheiter til livslang læring. I tillegg har kommuneplanen delmål og strategiar som konkretisering av hovedmålet.

Skuleadministrasjonen har som mål å få til eit felles løft for korleis skulen i større grad kan ivareta og fremje elevane sin motivasjon, meistring, læring og utvikling. Me skal ta ny stortingsmelding som kjem om 5.-10. trinn til etterretning og mellom anna skrive ei politisk sak om korleis skulen kan bli mer praktisk og variert, slik at elevene kan lære meir og trivast betre.

Skule, barnehage og PPT skal samarbeide med Universitetet i Stavanger i prosjektet i «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis». Skular som har prosentvis mykje spesialundervisning skal ta grep for å stabilisere dette på eit lågare nivå. Skuleadministrasjonen skal følgje opp skulane og PPT. Her må me få med dei føresette slik at me er saman om ei trygg omstilling i dette arbeidet.

Svake resultat i lesing på 5. trinn (over tid) på fleire av skulane gjer at skuleeigar skal følgje desse skulane og tiltaka nøye. Svake resultat over tid vil krevje leiargrep og organisatoriske endringar.

Ny opplæringslov med forskrifter skal gjelde frå august 2024. Skuleadministrasjonen skal støtte skulane og PPT i å etterleve reglane i ny lov.

## Effektive skular

Skule har dei siste par åra hatt ei auke i lønsutgifter til spesialundervisning og me har ikkje klart oss innanfor opprinneleg budsjett. I den forbindelse kan det virke som at skule bruker mykje penger. Framsikt (programmet me bruker til budsjettarbeidet) og diverse indikatorar viser at me framleis driv skulane effektivt. Ei oversikt som viser kor kommunen potensielt kan spare viser at differansen til Time er -9,2 mill, til Klepp -15,2 mill, til Rogaland -20 mill og til Kostragruppa (07) -38,1 mill. Alle tala er negative, noko som betyr at det ikkje tilrås innsparing. Det er verdt å nemne at både Time og Klepp har hatt eksterne økonomiske vurderingar på si skuledrift med den konklusjon at dei driv skulane sine svært effektivt.

Ein annan indikator er Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) kor alle skulane rapporterer inn sin ressursbruk til Utdanningsdirektoratet. Eit sentralt tal der er lærartetteik. I tilstandsrapport for Jærskulen såg me at tettleiken i Hå var på 16,9 elevar per lærar, nærast oss var Time på 15,8 elevar per lærar, dei andre var enda lågare. I denne utrekninga er lågt tal bra, då den ser på få elevar per lærar som ein kvalitet. Då skulesjefen presenterte desse tala for utval og kommunestyre sa han at denne forskjellen kan høyrast liten ut, men for å kome ned på nasjonalt snitt (15,7 elevar per lærar) mangler det 7000 lærarårstimar, noko som for Hå tilsvarer om lag 10 lærarårsverk.

## Ordinær undervisning og tilpassa opplæring

Nasjonalt har me ein lærarnorm som skal sikre nok ressursar til ordinær undervisning. Norma seier at det skal vere 15 elevar per lærar for 1.-4. trinn, og 20 elevar per lærar for 5.-10. trinn. Vidare er det grupper som har rett på undervisning utanom det ordinære tilbodet, til dømes spesialundervisning og særskilt norskopplæring. Ved den type undervisning skriv rektor eit enkeltvedtak med ein individuell rett til den enkelte elev. Desse ressursane tel ikkje med når me rekner ut lærarnorm. Det same gjeld ulike funksjonstimar, som til dømes tid til leiing, rådgjeving, bibliotek og kontaktlærar. Skulane i Hå oppfyller lærarnorma, men det er lite ressurser "til overs" til å kunne styrke den ordinære undervisninga. Dette kan vere ein årsak til at antal elevar med spesialundervisning aukar og at ressursar som kunne blitt brukt til styrking av fellesskapet blir brukt til å sikre rettar på individnivå.

## Spesialundervisning i endring

I Hå kommune fekk 238 av elevane våre spesialundervisning ved innrapportering hausten 2023. Dette utgjer 9 % av elevane våre, og viser ei auke på 1,8 % frå året før. Me har for første gong fleire elevar med spesialundervisning enn Time (8,6 %), Klepp (7,7 %), Rogaland (7,3%) og Kostragruppe 07 (8,1%). Andel elevar som får spesialundervisning forklarer bare delar av kor mykje ressursar me bruker på spesialundervisning. Omfanget kan variere frå nokre få timar i veka til full oppdekning med fleire tilsette. I Hå kommune ser me ei klar trend på at fleire elevar i sine vedtak har behov for assistent (fagarbeidar/miljøterapeut) til å gje fagleg støtte og regulere emosjonelle vanskar. Slike vanskar kan bli større i undervisning med låg grunnbemanning og ufaglært undervisningspersonale. Tala for 2024 er ikkje publiserte, men me ser ut av innrapporte tal ei utflating av veksten. Det ser ut som 2024 vil ha auke, men at veksten er kring 0,5%.

Skuleadministrasjonen og skulane arbeider med ein plan for å reversere denne utviklinga. Me har stor tru på ved å reversere utviklinga vil me få til ein skule som er til det beste for alle. I dag blir ein for stor andel av fellesressursane budne opp til individrettar, og me har dei siste to åra sett negative spiraler som følgje av dette. Dette fordrar eit godt samarbeid mellom skule, PPT og føresette. Skule skal og saman med barnehage og PPT delta i eit kompetanseprosjekt kor me har knytt til oss Læringsmiljøsenteret ved Universitet i Stavanger og får eksterne midlar frå ei ordning som heiter Kompetanseløftet. Tema her er inkluderande praksis som førebygger behov for spesialundervisning. Arbeidet er no i ei oppstartfase og har midlar med seg gjennom heile 2025. Her blir det viktig å arbeide godt saman med dei føresette og elevane for å få til ei trygg omstilling.

I ny opplæringslov gjeldande frå 01.08.2024 er § 5-1 om spesialundervisning erstatta av tre nye paragrafer. Det er § 11-4 Personleg assistanse, § 11-5 Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel og § 11-6 Individuelt tilrettelagd opplæring. Det er bare paragrafen om individuelt tilrettelagd opplæring som har krav om sakkunnig vurdering frå PPT. I dei to andre kan rektor gjere vedtak utan at PPT må uttale seg. Dette vil truleg gjere at PPT kan frigjere tid som fram til no har gått til sakkunnig arbeid og sakshandsaming til å støtte skulane meir i systemarbeid ute på skulane. Lukkast me med det kan me arbeide meir med førebygging og kvalitet på ordinær undervisning og på den måten redusere det framtidige behovet for spesialundervisning.

## Praktisk og relevant skule

Eit viktig mål for oss er å gjere skulen meir praktisk og relevant. Me har i mange år hatt ein praktisk avdeling i Stokkalandsmarka til undervisningsfaga arbeidslivsfag og valfag på ungdomstrinna. Den ligg til Vigrestad storskule, men blir og brukt av Varhaug og Ogna. Her får elevar praktiske erfaringar innan bygg og mekaniske fag.

Vidare har me hatt Hubben læringsfabrikk i samarbeid med Haugstad Møbel AS. Elevbedrifter blei gjennomført som tverrfagleg prosjekt med alle elevane på 9. trinn. Tilbakemeldingane frå elevane var gode, men våren 2024 vart det slutt då Haugstad Møbel AS gjekk konkurs. Skulane held fram med elevbedrift som metode i samarbeid med Ungt entreprenørskap, men utan den gode praktiske arenaen me hadde på Hubben.

Å drive praktisk skule handler ikkje berre om å ta i bruk andre læringsarena. Det er kvardagar og "vanlege" timar det er mest av. Det er difor viktig at me arbeider med å gjere det som skjer i skulen og klasserommet relevant og praktisk. Undervisning som på Hubben og i Stokkelandsmarka er ressurskrevjande og krev oftast meir enn vanleg vaksentetteleik å gjennomføre, derfor er variasjon og aktivitet i den vanlege undervisninga så viktig.

Alle skulane har praktisk estetiske fag som kroppsøving, kunst og handverk, musikk og mat og helse på timeplanen. Desse er for mange kjærkomne avbrekk frå teorifaga, og då er det viktig at dei har både høg status og gode rammevilkår. Kunnskapsdepartementet har i haust lagt fram Meld. St. 34, En mer praktisk skole — Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn som gjev oss føringar på korleis me kan løyse dette på ein god måte. Kommunedirektøren vil presentere ei eiga sak om praktisk skule ganske snart.

### Godkjente lærarar og vidareutdanning

Me er urolige for andel lærarar utan godkjent utdanning. Dette er ikkje noko som me merkar berre i Hå. Jærskulen melder om same uro og vil halde fram å samarbeide om dette.

Med ein aukande andel lærarar utan godkjenning får fleire undervisning av personell som ikkje er pedagogar. Det er og viktig å ha med seg at profesjonsfellesskapet blir svekka. Det fell større ansvar på dei med lærarutdanning.

5 av 9 grunnskular i Hå er øvingsskular for lærararutdanninga ved Universitetet i Stavanger, og dette er ein god arena for rekruttering. Forskning viser at godt arbeidsmiljø er ein viktig faktor i arbeidet med å rekruttere og behalde lærarar. Det utfordrar meir når profesjonsfellesskapet er svekka.

I rapporten frå Rogaland revisjon om kompetansebehov blir det trekt fram tre grupper av tilsette det bør vere ekstra fokus på. Ei av desse gruppene er lærarar. For å betre rekrutteringa av lærarar ønskjer kommunedirektøren å legge til rette for at lærarstudentar kan få stipend medan dei studerer mot å binde seg til å arbeide i Hå-skulen etter at dei er ferdige. Ei liknande ordning finnest allereie i helse og velferd. Ordninga blir nærare presisert i kompetanseplanen som kjem etter nyttår.

### Digitalisering i skulen

Det har skjedd mykje når det gjeld digitalisering i dei siste åra. Alle elevane har Chromebook. Elevane bruker Google Workspace for Education (Google) og læringsplattforma Canvas. Lærarane har med dette fått nye gode verktøy for tilbakemeldingar og undervegsvurdering. Ein IKT-rådgivar i 30% stilling støttar skuleeigar i utvikling og digitalisering i skulane. To ressurspedagogar i til saman 40 % stilling støttar skulane i kompetanseheving av personalet i pedagogisk bruk av IKT.

Vidare har alle arkivsystema blitt heildigitale. Denne hausten utvidar me med enda ein Vismamodul, Visma Flyt Timeplan, ei løysning for ressursstyring, digital timeplanlegging og vikarhandtering. Slike innføringar er ressurskrevjande i planlegging, opplæring og implementering, både for skuleeigar og skulane, men me trur dette auker kvaliteten i dette arbeidet og vere ressursparande over tid.

## Barn og familie

### Innleiing

Tenestene som høyrer til barn og familie er barnevern, PPT, ung førebygging og *Alle med i Hå*. Avdelinga har i tillegg eit tett samarbeid med familiesenteret og helsesjukepleiarar/jordmødre. Desse tenestene blir rekna som tenester som utgjer "laget rundt barnet". Det blir vurdert om det er tenleg å samle desse tenestene i same avdeling.

Barneverntenesta og PP- tenesta har begge hatt ei vesentleg auke i meldingar og henvisningar. Barnevernet har over tid hatt ei auke i plassering av barn utanfor heimen. Lite tyder på at dette vil snu med det første. Dette har ført til ei betydeleg auke i kostnader og det er behov for å auke budsjettet i denne tenesta i 2025.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 16 108 | 19 164 | 48 713 | 52 994 | 52 994 | 52 994 | 52 994 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 569 | 715 | 8 612 | 8 306 | 8 311 | 8 316 | 8 321 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 0 | 0 | 5 000 | 8 800 | 5 000 | 5 000 | 5 000 |
| **Overføringsutgifter** | 79 | 28 | 12 728 | 9 898 | 9 898 | 9 898 | 9 898 |
| **Finansutgifter** | 139 | 177 | 38 | 77 | 77 | 77 | 77 |
| Sum Driftsutgifter | **16 897** | **20 084** | **75 092** | **80 075** | **76 280** | **76 285** | **76 290** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Refusjoner** | -1 251 | -646 | -1 436 | -1 446 | -1 446 | -1 446 | -1 446 |
| **Overføringsinntekter** | 0 | 0 | 0 | -2 463 | -2 463 | -2 463 | -2 463 |
| Sum Driftsinntekter | **-1 251** | **-646** | **-1 436** | **-3 909** | **-3 909** | **-3 909** | **-3 909** |
| Sum | **15 645** | **19 438** | **73 656** | **76 166** | **72 371** | **72 376** | **72 381** |

### Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Administrasjon opplæring** | 658 | 1 348 | 1 348 | 1 938 | 1 938 | 1 938 | 1 938 |
| **Barnehagetilbud, ord.** | 90 | 0 | 0 | 72 | 72 | 72 | 72 |
| **Spesialundervisning** | 11 550 | 7 | 15 | 13 | 13 | 13 | 13 |
| **PPT spesialundervisning skule** | 0 | 9 711 | 9 753 | 11 914 | 11 914 | 11 914 | 11 914 |
| **Styrka barnehagetilbud** | 2 950 | 0 | 0 | -291 | -291 | -291 | -291 |
| **PPT styrka barnehagetilbud** | 0 | 3 071 | 3 125 | 3 197 | 3 197 | 3 197 | 3 197 |
| **Opplæring psykisk utviklingshemma** | 429 | 1 192 | 1 227 | 347 | 347 | 347 | 347 |
| **Oppvekstteam** | -16 | 2 752 | 2 974 | 2 699 | 2 704 | 2 709 | 2 714 |
| **Alle med i Hå** | -71 | 1 357 | 1 383 | 1 406 | 1 406 | 1 406 | 1 406 |
| **Barnevern** | 0 | 0 | 17 766 | 19 421 | 19 421 | 19 421 | 19 421 |
| **Barnehage** | 0 | 0 | 180 | 180 | 180 | 180 | 180 |
| **Besøksheim** | 0 | 0 | 1 361 | 1 589 | 1 589 | 1 589 | 1 589 |
| **Støttekontakt** | 0 | 0 | 310 | 310 | 310 | 310 | 310 |
| **Andre barneverntiltak - i heimen** | 0 | 0 | 5 938 | 5 598 | 5 598 | 5 598 | 5 598 |
| **Fosterheim** | 54 | 0 | 17 692 | 18 100 | 18 100 | 18 100 | 13 100 |
| **Institusjon** | 0 | 0 | 8 000 | 8 800 | 5 000 | 5 000 | 10 000 |
| **Andre barneverntiltak - utanfor heimen** | 0 | 0 | 2 583 | 3 335 | 3 335 | 3 335 | 3 335 |
| **Statstilskot flyktningar** | 0 | 0 | 0 | -2 463 | -2 463 | -2 463 | -2 463 |
| Sum | **15 645** | **19 438** | **73 656** | **76 166** | **72 371** | **72 376** | **72 381** |

## Beskriving av verksemda i dag

### Mål og beskrivelse

Det er over tid jobba godt med at barn og unge skal få rett hjelp så fort som mogleg. Barn og familie må saman med barnehage og skule arbeide førebyggande på systemnivå på ein slik måte at me kan hjelpe

fleire med same ressurs og same tiltak. Barn og familie har ei sentral rolla i det heilhetlege arbeidet på tvers av tenester. Ei styrking av kollektiv kompetanse på tvers, er ein av faktorane for å få dette til. Me vil stå saman om ei trygg omstilling.

Barn og familie skal saman med barnehage, skule og kultur utarbeide ein heilskapeleg oppvekstplan. Målet er å jobbe betre heilheitleg og saman mot felles mål for barn og unge i kommunen vår. Prosessen med oppvekstplan er i gang, og kjem til politisk handsaming våren 2025.

**Førebygging og tidleg innsats**
Tidleg innsats handlar om å gje barn og unge rett hjelp så tidleg som mogleg. Med tidleg innsats kan me førebygge skeivutvikling, sosiale vanskar/utenforskap, lærevanskar og seinare fråfall i skulen. Årsakene kan vere mange og komplekse.

Me treng god struktur og gode system mellom ulike avdelinger rundt barn og unge for å fange opp og førebygge ulike vanskar. Mindre vanskar er ikkje alltid enkle å oppdage. Ressursane er knappe. Systemarbeidet må i større grad organiserast på ein slik måte at fleire får hjelp med same ressurs og same tiltak. Samhandling, «kort avstand», kollektiv forståelse og kompetanse på tvers av tenester må ligge til grunn.

Ung førebygging og Alle med i Hå arbeider på lågterskel, og er sentrale aktørar i å tilby konkret og rask hjelp/tenester til barn og unge som treng det.

**Barnevern**
Det har vore eit krevande år og med stor pågang hos barnevernet. Det har kome fleire meldingar, fleire barn på tiltak, og det er fleire plasserte barn både i fosterheim og på institusjon. Dette har krevd store ressursar, økonomisk og menneskeleg.

Auken i plasserte barn er primært i fosterheim og beredskapsheim, men også på institusjon. Me har nå totalt 50 plasserte barn. Denne auka i 2024 vil gje vedvarande kostnad i 2025. Fosterheimen blir fullt frikjøpt og løna i det første plasseringsåret til barnet. Dette i tråd med regionale retningsliner. Det er i dag ulike føringar for avlønning mellom statlege og kommunale fosterheimar. Her pågår det regionale drøftinger, og det kan kome endringar som fører til auka kostnader. Hå kommune lønar fosterheimar i henhald til gjeldande rutiner.

Før eit barn får ein institusjonsplass er det gjennomført grundige karteggingar og vurderingar. Over halvparten av barna på institusjon er plassert på omsorg. Det vil seie at dei truleg vil bu der i lang tid, og minimum gjennom heile 2025. Ein instituasjonsplass koster 2,2 mill i året.

Barnevernet bør på grunn av auke i plasserte barn på institusjon og fosterheim, auke budsjettet med 4,7 millionar.

Tenesta ser også stor verdi i å samhandle med andre tenester med tanke på tidleg innsats og førebygging. Barnevernet må då ha rom for å prioritere ressursmøter, vere tilgjengeleg på telefon, og bidra med informasjon i diverse møter – ressursane er knappe og me fryktar det er desse oppgåvene som må reduseras.

**PPT**
PP-tenesta skal hjelpe barn, elevar og vaksne med behov for særskilt tilrettelegging. Hensikta er at dei får eit inkluderande, likeverdig og tilpassa pedagogisk tilbod. PPT sitt mandat er regulert i Opplæringslova og Barnehagelova. Ei lovpålagt oppgåve er og å gje vaksne rett til spesialundervisning på grunnskulen sitt område.

PPT har dei siste åra hatt ei jamn auke i henvisningar. Til dømes har andelen elevar i skulen som får spesialundervisning auka frå 5,8 til 9,0 prosent dei siste fire åra (Kostra og Nøkkeltal 2023), noko som igjen vil seie at arbeidsmengda hjå PPT har auka. Me ser og ei auke i komplekse saker, som til dømes barn med autismespekterdiagnoser, vaksne med stort logopedisk hjelpebehov etter slag, auka skulefråværsproblematikk og krysskulturelle elevar med samansette vanskar. Her krevst det samarbeid med andre instansar og arbeid på tvers.

PP-tenesta har både system- og individretta arbeidsoppgåver. Frå 1. august 2024 trådde ny opplæringslov i kraft, med nye presiseringar for samarbeid. PPT skal mellom anna støtte og rettleie skulane i si utgreiing av elevane sine behov, og samstundes hjelpe skulane med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling. Me må arbeide systematisk og langsiktig med tiltak som hjelper fleire, med same ressurs, heller enn å gje individuelle rettar til barn.

Det er 15,3 årsverk i PPT, inkludert administrasjonskonsulent og leiar. Hå kommune har saman med Time, Klepp og Gjesdal ein synspedagog, der Hå eig 30 prosent. Det er inga leiargruppe hjå PPT, og det er eit ynskje om å få på plass ein fagleiar i 20 prosent som vil vere ein del av ei leiargruppe. Dette for å styrke PPT sitt arbeid ut mot ulike samarbeidspartnarar.

PPT vil få ei sentral rolla i arbeidet med kompetanseløftet for inkludering og spesialpedagogikk. Her skal Hå saman med UiS arbeide med barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling for å auke kompetansen på inkludering og spesialpedagogikk.

**Ung førebygging**

Ung førebygging arbeider for å førebygge rus og kriminalitet. I det kriminalitetsførebyggande arbeidet vil me rette hjelpa mot barn og unge som er i risikosona for å utvikle ei kriminell åtferd. Det er ei lita gruppe unge som har auka risiko for å utføre straffbare handlingar dersom dei ikkje får tidleg hjelp. Me veit at det allereie frå barnehagealder kan vere viktig å setje inn tiltak. Målgruppa er barn og unge i alderen 0-20 år, og deira familiar.

Ung førebygging samarbeider med føresette og samordnar innsatsen på tvers av fag og tenester og andre aktørar i og utanfor kommunen. Sentrale arbeidsoppgåver er oppsøkjande sosialt arbeid, koordinere natteramnsarbeidet, samtaler med ungdom, fylgje opp glidelåselevar, sommarjobb til vel 20 ungdommar, oppfølging av fråver i ungdomsskule og vidaregåande skule, og styrke arbeidet med samtalegrupper i ungdomsskulane.

Det bør vere kontinuitet i det oppsøkjande arbeidet, samstundes som det er fleksibilitet for å vere der dei unge er innan kort tid. Målet er å arbeide førebyggande, skadereduserande og identifisere problem tidleg. Ung førebygging kan på eit tidleg tidspunkt samle kunnskap om ungdom sin livssituasjon, registrere utviklingstrekk og tendensar.

Det er viktig med godt samarbeid med FAU ved ungdomsskulane og felles mål i natteravnsarbeidet. Dersom barn/unge har kome inn i ei negativ utvikling, treng dei hjelp frå kommunen og ei heil landsbygd for å kome seg ut av denne utviklinga.

Ung førebygging har 2,7 årsverk, med SLT og ungdomskoordinator.

**Alle med i Hå**

Frå august 2024 har om lag 60 nye barn og unge kome i gang med ein fritidsaktivitet. Vel 20 kjem frå mottaket og er i alderen 6-18 år. Dei fleste aktivitetar krev kontingent og utstyr. Eit stort fleirtal av desse 50 får og hjelp til dette. Me har eit budsjett på 150 000 kroner i året til dette arbeidet. Også Jærkortet

som er eit aktivitetskort for barn i lavinntekstfamiliar, bidreg til at barn og unge får mulighet til å vere med i ulike aktivitetar.

Me opplev ei auke i behov for hjelp til klede og utstyr, og stadig fleire oppsøker «lageret» på Vigrestad. Frå august har vel 30 familiar fått hjelp til klede og utstyr. Henvisningane har primært kome frå flykningeeininga, barnevernet og helsestasjonen. Tal frå NAV Hå (september 2024) viser at 108 familiar mottar ei form for sosialhjelp. For 37 av desse familiane er denne sosialhjelpa den viktigaste økonomiske kilda dei har.

FlexID

Det er ei jamn auke av fleirkulturelle familiar i kommunen. Me ønsker at alle barn og unge som veks opp i Hå skal kjenne at dei høyrer til i eit trygt fellesskap. Den grunnleggande ideen i Flexid er at krysskulturelle skal bli bevisst og stolt av den personen dei er, som deltakar i eit mangfaldig samfunn. Me har snart fire tilsette som er sertifiserte som arbeider aktivt med Flexid-grupper.

# Kultur

## Innleiing

### Innleiing

Kultur og fritidsaktivitetar spelar ei viktig rolle i å fremje gode oppvekstvilkår, personleg vekst og læring. Desse aktivitetane er òg viktige for å førebygge rusproblem og kriminalitet. Samordning mellom lag, organisasjonar, kulturskule og kommunale tilbod er essensielt for å dekke innbyggarane sine behov. Hå kommune tilbyr mange arrangement som gjer kultur og fritid lett tilgjengeleg for alle.

Kultur er eit samfunn sin identitet. Kultur fortel oss kven vi er det og skaper fellesskap. Kultur er eit rom der ein kan utforske idear og bli utfordra. Hå kommune skal ha eit levande og mangfaldig kunst- og kulturliv fordi kultur har ei samfunnsbyggande kraft.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 33 122 | 32 047 | 32 873 | 33 863 | 33 863 | 33 863 | 33 863 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 12 701 | 9 808 | 9 808 | 10 008 | 10 018 | 10 033 | 10 048 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 223 | 256 | 256 | 256 | 256 | 256 | 256 |
| **Overføringsutgifter** | 42 041 | 15 860 | 15 860 | 16 046 | 16 050 | 16 056 | 16 060 |
| **Finansutgifter** | 728 | 724 | 826 | 911 | 911 | 911 | 911 |
| Sum Driftsutgifter | **88 814** | **58 695** | **59 623** | **61 083** | **61 098** | **61 118** | **61 138** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Salgsinntekter** | -7 142 | -5 856 | -5 856 | -5 856 | -5 856 | -5 856 | -5 856 |
| **Refusjoner** | -4 736 | -1 972 | -1 972 | -1 872 | -1 872 | -1 872 | -1 872 |
| **Overføringsinntekter** | -5 709 | -1 839 | -1 839 | -1 839 | -1 839 | -1 839 | -1 839 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | -798 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Sum Driftsinntekter | **-18 386** | **-9 667** | **-9 667** | **-9 567** | **-9 567** | **-9 567** | **-9 567** |
| Sum | **70 428** | **49 028** | **49 956** | **51 516** | **51 531** | **51 551** | **51 571** |

## Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Ungdomsråd** | 71 | 73 | 73 | 73 | 73 | 73 | 73 |
| **Undervisning, ordinær** | 169 | 221 | 221 | 221 | 221 | 221 | 221 |
| **Skulebibliotek** | 259 | 258 | 261 | 265 | 265 | 265 | 265 |
| **Fritidsklubb** | 3 411 | 3 103 | 3 165 | 3 040 | 3 040 | 3 040 | 3 040 |
| **Skulemusikkorps** | 958 | 1 075 | 1 093 | 926 | 926 | 926 | 926 |
| **Andre aktivitetstilbud barn og unge** | 1 550 | 2 061 | 2 121 | 2 145 | 2 145 | 2 145 | 2 145 |
| **Velferdstiltak eldre** | 296 | 312 | 312 | 312 | 312 | 312 | 312 |
| **AKTIVITETSTILBUD FUNKSJONSHEMMA OPPLÆRING** | 1 209 | 1 177 | 1 213 | 1 237 | 1 237 | 1 237 | 1 237 |
| **Friluftsliv** | 411 | 453 | 453 | 648 | 648 | 653 | 653 |
| **Bibliotek** | 6 622 | 7 474 | 7 620 | 7 584 | 7 584 | 7 584 | 7 584 |
| **Bibliotektjenesta åna fengsel** | -126 | 0 | 23 | -5 | -5 | -5 | -5 |
| **Jærmuseet** | 1 158 | 1 130 | 1 130 | 1 255 | 1 260 | 1 265 | 1 270 |
| **Hå bygdemuseum** | 974 | 905 | 905 | 1 005 | 1 010 | 1 015 | 1 020 |
| **Hå gamle prestegard** | 4 203 | 3 356 | 3 533 | 3 472 | 3 472 | 3 472 | 3 472 |
| **Idrett** | 25 106 | 9 964 | 9 964 | 9 964 | 9 964 | 9 964 | 9 964 |
| **Kulturskule** | 8 182 | 8 314 | 8 499 | 9 380 | 9 385 | 9 390 | 9 400 |
| **Kulturvern** | 1 948 | 2 584 | 2 617 | 2 684 | 2 684 | 2 684 | 2 684 |
| **Samfunnshus/kulturanlegg** | 9 416 | 2 278 | 2 278 | 2 278 | 2 278 | 2 278 | 2 278 |
| **Folkearrangementer** | 634 | 100 | 100 | 100 | 100 | 100 | 100 |
| **Annan kulturaktivitet** | 1 409 | 986 | 1 017 | 1 821 | 1 821 | 1 821 | 1 821 |
| **Kommunale kulturbygg** | 2 572 | 3 204 | 3 356 | 3 110 | 3 110 | 3 110 | 3 110 |
| Sum | **70 428** | **49 028** | **49 956** | **51 516** | **51 531** | **51 551** | **51 571** |

## Beskriving av verksemda i dag

### Omstilling for framtida

I 2025 skal me fokusere på omstilling i kulturtilbodet for å tilpasse oss endra behov i samfunnet, inkludert digitalisering og berekraft. Me ønskjer å utnytte midlane til kultur betre og sikre eit tettare samarbeid mellom kulturaktørar og andre kommunale tenester. Målet er å gjere kulturtilbodet meir synleg og tilgjengeleg.

### Idrettslag, kulturbygg, lag og organisasjonar

Idrettslaga i Hå har nær 8000 medlemmar fordelt på 23 idrettslag, med aukande aktivitet og utviding av anlegg. Hå kommune gjer tilskot til investering på 33% av godkjent kostnadsoverslag til anlegg som kan få spelemidlar, 20% av godkjent kostnadsoverslag til bygging av ordinære nærmiljøanlegg og 50% investeringstilskot til andre anlegg. I 2024 vart det lagt inn ekstra midlar som hjelpte på ventelistene både til idrettsanlegg og til kulturbygg. Framleis er det 8-10 års ventetid for nye idrettsanlegg før laga får utbetalt kommunalt investeringstilskot og om lag 15 års ventetid før sluttutbetaling. For anlegg som fell inn under 50% ordninga er ventetida 15-20 år. Prioritering av spelemiddelsøknadar og fordeling av investeringstilskot vert gjort i samråd med Hå idrettsråd. Fordeling av investeringstilskot er spesifisert i vedlagt tabell. Vedlegg

I kommunen er det òg 26 kulturbygg, eigd og drive av frivillige lag og organisasjonar. Desse gir lokale for meir enn 70 barne- og ungdomsforeiningar. I tillegg kjem aktivitetar for vaksne. For å halde oppe god standard på bygningane og stimulere til dugnadsarbeid i eigarorganisasjonane, er det naudsynt med store tilskot frå stat og kommune. Hå kommune gjer 50% investeringstilskot til bygging og rehabilitering

av kulturanlegg. Fordeling av investeringstilskot blir gjort i samråd med Kontaktutvalet for kulturbygg og -anlegg i Hå. For nye søkjarar er det om lag 12 års ventetid før investeringstilskot blir utbetalt. Fordeling av investeringstilskot er spesifisert i vedlagt tabell. Vedlegg

**Tiltak for 2025:**

- Markering av *Friluftslivets år.*
- Halde fram med samarbeid med lokale krefter.
- Gjere *Dagsturhytta* meir brukarvenleg, samt kartlegge og utvikle turløyper i tilknyting til hytta.
- Vidareføra turprosjektet *Telltur* i samarbeid med Jærkommunane og Jæren friluftsråd.
- Halde fram arbeidet med *Folkepulsen* i samarbeid med idrettslaga i Hå, Hå idrettsråd og Folkehelsa i Hå.
- Markering av utvandrarjubileet.

**Fritidsavdeling og kulturskule**
Fritidsavdelinga skal fremje allsidige aktivitetar for barn og ungdom, med fokus på å rekruttere ungdom til positive tiltak.

Dei tre kommunale ungdomsklubbane er populære. Dei er styrte av ungdommane sjølv og er ei god opplæring i medverknad og demokrati. Klubben er ein rusfri arena og alle får eit gratis måltid. Klubben er ein viktig nøkkel til integrering av ungdom med ulik etnisk og kulturell bakgrunn. Det er ønske om å etablere ein ny ungdomsklubb på Vigrestad, til ein kostnad av kr. 800.000. Kommunedirektøren finn ikkje rom for dette i komande år, men ønskjer å sjå på moglege lokale og kartlegge behovet i løpet av våren 2025.

Tiltaka *Barn i juli* og *Ung i juli* er store økonomiske løft for Kulturtorget. Sommartilbodet er svært populært og krev ei sikker finansiering i framtida.

Kulturskulen har dei siste åra styrka gruppefaga, grunna stor søking. Med auka stillingsressurs frå hausten 2024 er det nå 14 grupper, mot 9 før, i visuelle kunstfag. I dans, som før var 13 grupper, er det no 17 grupper. I juni var det 603 elevplassar i aktivitet, mot 520 i 2023. Talet på elevar utan plass var i juni 105, mot 57 i 2023.

Kulturskulen tilbyr tilrettelagt musikkopplæring for vaksne og barn. Vennegruppa (8 unge, 15-20 år) og A-laget (6 barn, 10-15 år) for tilrettelagt aktivitet er fullteikna.

I samarbeid med omsorgssektoren skal det utviklast kultur- og fritidstiltak for å betre opplevd livskvalitet og helse hjå eldre. Det siste året har statstøtte til *Den kulturelle spaserstokken* blitt redusert til kr. 59.000. Vi held oppe eit akseptabelt tilbod gjennom bruk av eigne krefter. Det er mellom 50-100 deltakarar på kvart arrangement i Ståvå.

Det nystarta *Demenskoret* har om lag 15 deltakarar.

**Tiltak for 2025:**

- Halde fram samarbeidet mellom dei tverrfaglege gruppene som arbeider med ungdom og oppvekst.
- Halde fram med ferietilboda og samarbeid med Jærmuseet.
- Utvikle kultur- og fritidstiltak for eldre i samarbeid med omsorgssektoren.
- Kulturskulen skal vere eit ressurssenter for andre einingar i kommunen, som ATO-avdelinga og Tunet brukarstyrte senter.

- Kartlegge behovet for meir plass i kulturskulen.

**Hå bibliotek**
Hå bibliotek har eit hovudbibliotek på Nærbø og kombinasjonsbibliotek på Varhaug, Vigrestad og Ogna, i tillegg til Åna fengselsbibliotek. Filialen på Vigrestad er for tida stengd. Denne desentraliserte bibliotekstrukturen er kostbar å drifte.

Tendensen i landet er at biblioteka aukar opningstidene, ofte ved hjelp av ordninga «meirope». Kostnadane for denne ordninga i Hå vil vere på om lag 1.9 mill. (1 mill. er investering og 900.000 er drift).

I 2023 lånte i gjennomsnitt kvar Hå-bu 5,4 bøker, medan tal for Time og Klepp er 3,5 og 3,1 pr innbyggar. Gjennomsnittet for Rogaland er 3,0. Strukturen med kombinasjonsbibliotek gir oss høge utlåns- og besøkstal.

Biblioteket har mange arrangement og aktivitetar for vaksne og barn. I 2023 var det mellom anna 387 klassebesøk og 69 barnehagebesøk. Lesekampanjen «Sommarles» er framleis populær blant barn i skulealder. Det er svært viktig å fange barn si leseinteresse- og evne.

**Tiltak for 2025:**

- Styrke aktiv formidling av litteratur.
- Vidareutvikle arrangement for barn og unge.
- Implementere nye tilbod som gaming og sjakk for 10-13-åringar.

**Kommunale kulturbygg**
Drift og ansvar for Hå gamle prestegard, Obrestad fyr og kulturvernavdelinga er ei god konsolidert ordning når det kjem til utstyr, fagpersonale og ressursar.

Kulturarrangement, kunstutstillingar, fyrmuseum, permanent utstilling om steinalderen, kunstbutikk med formidlingssal av biletkunst og kunsthandverk, bokhandel, formidlingsopplegg til skuleelevar, kafé, overnatting, foredrag, familiedagar og rettleiing i vernesaker er hovudområda for avdelinga. I tillegg drift og vedlikehald av eit freda fyranlegg og ein verna prestegard, med prinsippet *vern gjennom bruk*.

Hå gamle prestegard og Obrestad fyr har delvis behov for rehabilitering. Økonomien er anstrengt.

Det er ønskeleg å ta opp att produksjonen av eigenproduserte kulturhistoriske utstillingar, då trengs ein sterkare økonomi.

**Tiltak for 2025:**

- Gjennomføre 14 kunstutstillingar og kulturarrangement på prestegarden og Obrestad fyr.
- Planlegge og gjennomføre installering av overrislingsanlegg.
- Halde fram med reduserte opningstider for å få ned lønskostnadar i vintersesongen der det er minst besøkande.
- Ei god, publikumsvennleg kafédrift er ei viktig satsing.

**Kulturvern**
Kulturvernet i Hå kommune arbeider med vern, vedlikehald og brukstilpassing av kulturminne ut frå ei vurdering av desse som kulturhistoriske, sosiale, økonomiske, estetiske og antikvariske ressursar i dagens og framtidas samfunn. Kulturminna gir oss ei kjensle av identitet og kontinuitet i lokalsamfunnet.

Ein kommune med mange og ulike kulturminne som vert haldne i god stand, tek også vare på eigenarten sin.

**Tiltak for 2025:**

- Rådgje eigarar om restaurering og søke offentlege og private midlar.
- Skaffe midlar til restaurering av redningsstasjonen på Raunen.
- Formidling av kulturminna i kommunen gjennom foredrag og skilting.

**Avslutning**
Hå kommune skal gjennomføre nødvendige tiltak for å sikre eit rikt kultur- og fritidstilbod i 2025. Omstilling er nødvendig for å møte framtidas behov og sikre at alle innbyggarar får tilgang til aktivitetar som fremjar trivsel og fellesskap.

# Helse og velferd

## Innleiing

"Saman for ei trygg omstilling"

Innan helsetenestene handlar det også her om at kvar enkelt må gjere meir for å møte framtida på ein meir bærekraftig måte. Skal me fortsatt klara å levera gode tenestar til innbyggjarane, må me arbeida på ein annan måte enn det me gjer i dag, for å møte framtidas utfordringar innan blant anna digitalisering, beredskap, kommunikasjon, innbyggardialog og medverknad.

Helse og velferd er sett saman av mange ulike tenester. Me levere tenester til innbyggjarar i alle aldersgrupper «frå vogge til grav».

Tenestemottakarane er fordelt på dei seks verksemdene; helsetenesta, heimebaserte tenester, institusjon, enhet for funksjonshemma, psykisk helse og rusvern, og NAV.

Me skal tilby rett tenester til rett tid gjennom kartlegging av brukarbehov, vurdering av tenester og naudsynt omfang.

Per dato er det 602 årsverk fordelt på 878 tilsette. Ca. 56% av desse er 100% stillingar. Tenestene blir levert heile døgnet, og alle dagar, året rundt.

Fleire blir eldre og forventningane til å få tenester aukar samtidig som ressursar og tilgang på kvalifisert arbeidskraft i alle områder er avgrensa. Bu trygt heime» erstattar «Leve heile livet» reforma. Hå kommune dreier tenestene sine over mot heimebaserte tenester.

Prosessen med å omstilla tenesteleveringa er i gang i fleire av tenesteområda. Nye tenestekriterier er utarbeida og politisk vedtatt. Med dei forventningane og endringane staten legg opp til, vil ressursane kommunane har til rådighet verta endå meir pressa.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 689 356 | 666 970 | 676 420 | 677 417 | 681 332 | 673 844 | 672 504 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 67 366 | 66 714 | 63 054 | 63 744 | 63 794 | 64 361 | 64 360 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 9 575 | 10 872 | 5 878 | 5 972 | 5 972 | 5 967 | 5 967 |
| **Overføringsutgifter** | 53 908 | 50 753 | 52 579 | 57 418 | 57 418 | 57 398 | 57 398 |
| **Finansutgifter** | 38 651 | 2 559 | 29 858 | 3 398 | 3 398 | 3 398 | 3 398 |
| Sum Driftsutgifter | **858 854** | **797 868** | **827 789** | **807 949** | **811 914** | **804 968** | **803 627** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Salgsinntekter** | -63 912 | -63 444 | -65 409 | -65 804 | -65 804 | -65 544 | -65 544 |
| **Refusjoner** | -152 475 | -120 699 | -138 594 | -129 932 | -131 272 | -126 836 | -125 496 |

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Overføringsinntekter** | -90 839 | -60 011 | -103 489 | -74 966 | -74 966 | -69 966 | -69 966 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | -6 544 | -500 | -4 755 | -500 | -500 | -500 | -500 |
| Sum Driftsinntekter | **-313 769** | **-244 655** | **-312 247** | **-271 203** | **-272 543** | **-262 847** | **-261 507** |
| Sum | **545 086** | **553 213** | **515 541** | **536 746** | **539 371** | **542 121** | **542 121** |

## Beskriving av verksemda i dag

### Mål

- Me vil sikra god helse og fremja livskvalitet for alle uansett alder
- Me skal gjennom førebyggjande arbeid med fysisk og psykisk helse og med tidleg innsats fremja god folkehelse, motverka utanforskap og redusera risikoen for sjukdom og tidleg død
- Innbyggjarane skal ha tilgang til lovpålagde og naudsynte helsetenester
- Samarbeida aktivt med innbyggjarar og frivillige lag og organisasjonar, for å møta dagens og morgondagens helseutfordringar
- «Dei få skal hjelpa dei mange»
- Gjera begrensande val saman med innbyggjarane

### Utfordringar og strategiar:

- Det er behov for omstilling i fleire av våre tenesteområde. Særleg er det behov for å sjå på nye måtar å organisere innan Enhet for funksjonshemma. Me skal bemanne nytt burettslag fram mot 2026. Ei slik omstilling må gjerast saman med tenestemottakarar, pårørande, tilsette og tillitsvalde. Tiltaka og prosessen er nærare omtalt under Enhet for funksjonshemma.
- Det er fleire som oppfyller kriteriene til Brukarstyrt personleg assistent (BPA). Det er difor foreslått ei auke på 1 Mill kr her.
- Innan Psykisk helse og rusvern er det behov for å styrkje ramma grunna reduksjon i inntekter.
- Hå kommune er med i ein vertskommuneavtale for drift av Krisesenteret i Stavanger. Stavanger kommune har gjennomgått budsjetta sine og dei betaler uforholdsmessig mykje høgare kronebeløp per innbyggjar enn samarbeidande kommunar. Avtalen tilseier at det skal betalast likt kronebeløp.
- For legevakta har det vore auka utgifter som ikkje har vore i samsvar med fordelingsnøkkelen i vertskommuneavtalen. Det er no til behandling ei politisk sak i alle tre samarbeidskommunane for å retta opp i dette.
- Hå sjukeheim og Klokkarhagen har i fleire år måtta få tilført midlar i tertial. For å oppretthalda kapasiteten i institusjonsområdet til dei innbyggjarane som ikkje kan få forsvarlege tenester i heimen eller i omsorgsbustad, føreslår me å styrkja ramma også i år.
- Hå kommune satsar på velferdsteknologi, både i bustad og institusjon. Denne satsinga gir auka driftsutgifter i form av lisensar og abonnement.

## Rammeoversikt

*Beløp i 1000*

| | | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Beskriving tiltak | Tiltak | Avdeling | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Vedtatt budsjett | | | **553 213** | **553 213** | **553 213** | **553 213** |
| Sum Tekniske justeringer | | | **25 065** | **25 065** | **25 065** | **-23 894** |
| Vedtak forrige periode | | | | | | |
| **Auka driftsutgifter velferdsteknologi** | | Helse og velferd | 250 | 500 | 750 | 750 |

| Beskriving tiltak | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Enhet for Funksjonshemma - Planlagt nedtrapping vertskommunebebuarar** | | Helse og velferd | -2 300 | -2 300 | -2 300 | -2 300 |
| **Flyktningar** | | Helse og velferd | 1 400 | 1 400 | 1 400 | 1 400 |
| **Heimebaserte tenester - planlagt opptrapping** | | Helse og velferd | 1 000 | 2 000 | 3 000 | 3 000 |
| **Helse og velferd administrasjon - nedtrapp** | | Helse og velferd | -371 | -371 | -371 | -371 |
| **Lærlingar** | | Helse og velferd | -300 | -300 | -300 | -300 |
| **Psykisk helse og rus** | | Helse og velferd | 10 | 10 | 10 | 10 |
| **Psykisk helse og rusvern - Trigga** | | Helse og velferd | 10 | 10 | 10 | 10 |
| **Torvholen gård** | | Helse og velferd | -300 | -300 | -300 | -300 |
| Sum Vedtak forrige periode | | | **-601** | **649** | **1 899** | **1 899** |
| Konsekvenser av vedtak forrige periode | | | | | | |
| **Auka driftsutgifter velferdsteknologi** | | Helse og velferd | 1 790 | 1 290 | 1 290 | 1 290 |
| Sum Konsekvenser av vedtak forrige periode | | | **1 790** | **1 290** | **1 290** | **1 290** |
| Konsekvensjustert budsjett | | | **26 254** | **27 004** | **28 254** | **-20 705** |
| Konsekvensjustert ramme | | | **579 467** | **580 217** | **581 467** | **532 508** |
| Budsjettendring i år | | | | | | |
| **omkontering fra ansvar 326 til 251** | | Helse og velferd | -48 959 | -48 959 | -48 959 | 0 |
| **Omkontering periodisering fra funksjon 2540 til 2580** | | Helse og velferd | 1 000 | 2 000 | 3 000 | 3 000 |
| Sum Budsjettendring i år | | | **-47 959** | **-46 959** | **-45 959** | **3 000** |
| Innsparingstiltak | | | | | | |
| **Framtidsløftet - Sikra bemanning til Viervegen burettsalg utan å auke det totale talet på tilsette** | | Helse og velferd | 0 | -9 600 | -12 000 | -13 000 |
| **Psykisk helse og rusvern ledige lønsmidlar del av året** | | Helse og velferd | -575 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Innsparingstiltak | | | **-575** | **-9 600** | **-12 000** | **-13 000** |
| Nye tiltak | | | | | | |
| **Hå sjukeheim og Klokkarhagen. Justering av for lav ramme over tid.** | | Helse og velferd | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| **Administrasjon - intern flytting mellom sentraladministrasjonen og helse** | | Helse og velferd | -753 | -753 | -753 | -753 |
| **Eldrefest** | | Helse og velferd | 100 | 100 | 100 | 100 |
| **Enhet for funksjonshemma BPA** | | Helse og velferd | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| **Enhet for funksjonshemma inkludert Viervegen burettslag** | | Helse og velferd | 0 | 9 600 | 12 000 | 13 000 |
| **Enhet for funksjonshemma VTA plasser** | | Helse og velferd | 150 | 150 | 150 | 150 |
| **Hå Mottak og Fengselshelse og Flyktningar** | | Helse og velferd | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Intern justering mellom ulike tenester** | | Helse og velferd | 10 | 10 | 10 | 10 |
| **Krisesenter i Stavanger - ny utgiftsfordeling** | | Helse og velferd | 606 | 606 | 606 | 606 |
| **Legevakta ny vertskommune avtale** | | Helse og velferd | 1 100 | 1 100 | 1 100 | 1 100 |
| **Ny elektronisk pasientjournal-driftskostnader** | | Helse og velferd | 200 | 500 | 1 000 | 1 000 |

| Beskriving tiltak | Tiltak | Avdeling | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Psykisk Helse og rusvern - mindreinntekt ved sal av plass ved Vinkelbygget** | | Helse og velferd | 1 400 | 1 400 | 1 400 | 1 400 |
| Sum Nye tiltak | | | **5 813** | **15 713** | **18 613** | **19 613** |
| Nye tiltak og realendringer budsjett | | | **-42 721** | **-40 846** | **-39 346** | **9 613** |
| Ramme 2025-2028 | | | **536 746** | **539 371** | **542 121** | **542 121** |

## Driftsbudsjettet - forslag til rammeendringar fordelt på endringskategoriar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|
| Vedtatt budsjett | **553 213** | **553 213** | **553 213** | **553 213** |
| **Tekniske justeringer** | 25 065 | 25 065 | 25 065 | -23 894 |
| **Vedtak forrige periode** | -601 | 649 | 1 899 | 1 899 |
| **Konsekvenser av vedtak forrige periode** | 1 790 | 1 290 | 1 290 | 1 290 |
| Konsekvensjustert budsjett | **26 254** | **27 004** | **28 254** | **-20 705** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **579 467** | **580 217** | **581 467** | **532 508** |
| **Budsjettendring i år** | -47 959 | -46 959 | -45 959 | 3 000 |
| **Innsparingstiltak** | -575 | -9 600 | -12 000 | -13 000 |
| **Nye tiltak** | 5 813 | 15 713 | 18 613 | 19 613 |
| Nye tiltak og realendringer budsjett | **-42 721** | **-40 846** | **-39 346** | **9 613** |
| **Ramme 2025-2028** | **536 746** | **539 371** | **542 121** | **542 121** |

## Vedtak forrige periode

**Auka driftsutgifter velferdsteknologi**
Velferdsteknologi - tidligere vedtatt

**Psykisk helse og rusvern - Trigga**
Trigga tidligere vedtatt 10' pr år i planperioden

## Konsekvenser av vedtak forrige periode

**Auka driftsutgifter velferdsteknologi**
Hå kommune satsar på velferdsteknologi, både i bustad og institusjon. Denne satsinga gir auka driftsutgifter i form av lisensar og abonnement.

## Budsjettendring i år

**omkontering fra ansvar 326 til 251**
omkontering fra ansvar 326 til 251

**Omkontering periodisering fra funksjon 2540 til 2580**
Omkontering periodisering fra funksjon 2540 til 2580

## Innsparingstiltak

**Framtidsløftet - Sikra bemanning til Viervegen burettsalg utan å auke det totale talet på tilsette**

- **Rekruttera ny frivilligkoordinator internt i organisasjonen**. For å fortsatt kunna satsa på frivillighet gjennom frivilligsentral også sør i kommunen, meiner me det er lurt å rekruttera internt i organisasjonen. Det er i dag tilsette som har arbeidsoppgåver som er samanfallande

med arbeidsoppgåvene til ein frivilligkoordinator. Ved å gjera mindre endringar, vil me kunna klara meir med færre økonomiske ressursar. Ved å tenka på tvers av tenester og ha ei heilskapleg tilnærming, vil me kunna oppretthalda frivilligsentralen.

- **Sikra at me nyttar ressursar på tvers av avdelingar gjennom felles leiing og ny organisering i EFF**. Den overordna organiseringa av tenesteområdet gjer at det er ein leiar per bufellesskap og avdeling. Dette er ein barriere for å tenka meir heilskapleg og legga til rette for å nytta ressursane i form av personell og kompetanse, på ein betre måte enn i dag. Ved å ha færre leiarar som kvar har ansvar for fleire avdelingar eller tenester, er det større rom for å trekka ut synergiar og nytta ressursene der behovet til ei kvar tid er. Samtidig er det viktig å sikra at tilsette får god nærleiing og at tenestemottakarar får gode tenester. Dette kan me sikra ved at leiar kan dela noko av det daglege ansvaret med tilsette som får formalisert ansvar. Dette vil sikra at me har spanande jobbar med meir ansvar, me bygger organisasjonen nedanfrå og styrker nærleiing og meir overordna strategisk leiing.
- **Nytta personalressursar på tvers av avdelingar**. Nokre av kommunen sine bufellesskap med heildøgns omsorg, ligg geografisk nær kvarandre. Ved å samla fleire avdelingar under same leiar, vert det lettare å nytta personalressursar på tvers. Turnusar kan planleggast slik at det på ein betre måte enn i dag, kan leggast til rette for å sikra betre bemanning på sårbare tidspunkt og redusera bemanning på tidspunkt der bebuarane ikkje har same behov. Det vil vera råd å laga noko større fagmiljø for vernepleiarar/sjukepleiarar og miljøterapeutar, legga til rette for meir systematisk kompetansedeling og sikra oppgåvedeling på tvers av to eller fleire einingar.
- **Sikra dagtilbod som er meir tilrettelagt for ulike brukargrupper**. Brukargruppa som i dag er samla på Aktiviteten har svært ulike behov og ressursar knytta til arbeid og aktivitet. Dei fleste brukarane som bur i bufellesskap med heildøgns omsorg har i eige personell som fylgjer dei gjennom dagen. Behovet til denne gruppa er ein samlingsplass og ein plass å gjera aktiviteter saman med andre og med støtte frå personellet som fylgjer dei. Samstundes har me ei aukande gruppe brukarar av tilbodet, som ikkje bur i bufellesskap. Dette er innbyggjarar med funksjonsnedsettingar som venter på plass på Jæren Industripartner eller som har behov for aktivitet og har produksjonsevne. Ved å skilla tilbodet tydelegare vil me kunna legga til rette for begge gruppene på ein betre måte, kunna arbeidsretta aktivitetane meir for dei som ynskjer og klarer det, og på denne måten også arbeida for å kvalifisera fleire av brukarane for arbeid. Aktiviteten har per i dag to lokaler, men det er tilfeldig kven som er på dei ulike lokasjonane. Ved å ha eit lokale til, for dei med eige personell og bruka det andre lokalet til dei med produksjonsevne, vil me kunna klara å drifta meir effektivt på sikt.
- **Gjennomgang av tenestevedtak for å sikra at dei er i tråd med nyleg vedtekne tenestekriterium**. Ved bruk av nye politisk behandla tenestekriterier, skal alle enkeltvedak til bebuarar i bufellesskap gjennomgås og justerast. Fokus er den einskilde sine ressursar, funksjonsnivå og å sikra at alle skal kunna leva så sjølvstendige liv som mogleg med den bistanden dei treng.

**Psykisk helse og rusvern ledige lønsmidlar del av året**
Permisjon ein tilsett utan vikarinnleie 01.01-01.09.2025

## Nye tiltak

**Hå sjukeheim og Klokkarhagen. Justering av for lav ramme over tid.**
Institusjonsområdet har over tid vore budsjettert med for lav ramme og me har dei siste åra tilført midlar i tertialane. Me la inn ei auke på 5 Mill frå 2024 og legg inn nye 2 Mill frå 2025 for å koma ajour med kostnadane der me er i dag.

**Eldrefest**
Det er satt av midlar til å arrangere fest for eldre også i 2025

**Enhet for funksjonshemma BPA**
**Brukarstyrt personleg assistanse**

Brukerstyrt personlig assistent (BPA) er ei teneste som har ei ynskja vekst fordi fleire innbyggjarar skal få tenestene sine heime. Tiltaket har auka frå 4 i 2019 til 13 nå i 2024.

Dei nasjonale og lokale føringane seier at me i større og større grad skal levera tenester som legg til rette for at den einskilde innbyggjar skal kunna bu heime hjå seg sjølv. BPA er ei slik teneste. Som tabellen syner er talet på ordningar meir enn dobla sidan 2019. Me ser og at talet på søknadar om BPA veks og hittil i 2024, har me motteke 6 nye søknadar om å få oppretta BPA – ordning. Så langt i år har 3 av desse fått vedtak om at dei oppfyller kriteriene for å motta BPA.

Me ser ei klar utvikling der dei som treng BPA er små barn med funksjonsnedsettingar. Dette er ei utvikling som me har all grunn til å tru at vil fortsetta og som er tett knytta til at medisinske framskritt gjer at fleire kan leva gode liv til tross for funksjonsnedsettingar. Utviklinga med etablering av fleire BPA – ordningar, er etter Hå kommune sitt planverk og nasjonale føringar, ei ynskja utvikling. Fleire skal få tenester heime, mellom anna i form av BPA, i staden for meir omfattande og inngripande tenester i kommunale bustader eller institusjonar. Dette gjer at behovet for økonomiske midlar til nye BPA – ordningar i åra som kjem, er stort.

Det har i fleire år vore ei planlagt auke for denne tenesta i budsjett- og økonomiplan på 500 000,- per år. Denne auka vart teke vekk i budsjett- og økonomiplanen for 2024 – 2027. Det er stort behov for å få den planlagde auka inn i budsjett- og økonomiplanen att. For 2024 er prognosen at tenesta går med eit meirforbruk på 1 mill. Denne summen er difor lagt inn som behov i 2025.

**Enhet for funksjonshemma inkludert Viervegen burettslag**
**2026:**

Viervegen burettsalg er under planlegging og estimert stå ferdig til bruk i 2026. Me legg inn 9,6 Mill kr i 2026. Og heilårsefekt i 2028 med 13 Mill kr

**Enhet for funksjonshemma VTA plasser**
Avtale om medfinansiering varig tilrettelagt arbeidsplasser. Utvida avtale kr 150 000 per år (3 stk, nye)

**Krisesenter i Stavanger - ny utgiftsfordeling**
I signert avtale om administrativt vertskommunesamarbeid med Krisesenteret i Stavanger står det at deltakerkommunene skal betale eitt likt kronebeløp per innbyggar for finansiering av senteret. I realiteten har Stavanger over tid båret hovuddelen av det økonomiske ansvaret, i strid med avtalen.

Pr 2024 betaler Stavanger kommune over 100 kr per innbyggar til Krisesenteret, medan dei andre kommunane per 2024 betaler Ca 18,5 kr per innbyggar.

Denne skjeivfordelinga har vart over tid og årsaken er usikker, men foranledningen kan ha vært at Stavanger i 2010 fekk eit eingongstilskudd på 8,5 Mill kr til å starta opp senteret. Når eingongsstøtta fall bort, skulle finansieringa vore basert på lik kronefordeling, utan at det har skjedd.

Alle kommunar er forplikta til å ha eit krisesentertilbod og får derfor tildelt tilskudd til formålet gjennom rammetilskuddet, basert på innbyggertal. Vertskommunen får ikkje ei ekstra finansiering.

Ny utgiftesfordeling utgjør ei auke for Hå på kr 606 000.

**Ny elektronisk pasientjournal- driftskostnader**
Vedlikehald av pasientjornal CosDoc vert ikkje gjort etter 2028, det er difor naudsynt å få skifta.

**Psykisk Helse og rusvern - mindreinntekt ved sal av plass ved Vinkelbygget**
Hå kommune har over tid seld plassar ved Vinkelbygget. I 2024 var det bortfall av ein av desse bebuarane og me reduserer derfor inntekta.

## Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

*Beløp i 1000*

| | | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Prioritet | Endringskode | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Enhet for funksjonshemma - Helt med** | 2 | Nytt tiltak | 651 | 651 | 651 | 651 |
| **Helsetenesten - heimel for ergoterapeut** | 2 | Nytt tiltak | 500 | 500 | 500 | 500 |
| **Institusjon: Servicemedarbeidar** | 2 | Nytt tiltak | 650 | 650 | 650 | 650 |
| Sum | | | **1 801** | **1 801** | **1 801** | **1 801** |

## Nye tiltak

**Enhet for funksjonshemma - Helt med**
Helt med stilling: kr 500 000 per år - 0,5 heimel

**Helsetenesten - heimel for ergoterapeut**
Fysio/ergo: På grunn av auke i kompleksitet i tilrettelegging og hjelpemiddel i heimen er det behov for auke av 50% stilling ergoterapeut.

**Institusjon: Servicemedarbeidar**
Vidareføring av service-medarbeidar på Hå sjukeheim, nå til avdeling 4 A kr 650 000

## Investeringsbudsjett

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | | Sum Økonomiplan |
|---|---|---|---|---|---|
| Investeringsprosjekter | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2025-28 |
| **Ombygging Blåbærtua** | 1 500 | 0 | 0 | 0 | 1 500 |
| **Personbil** | 3 340 | 2 990 | 2 640 | 2 640 | 11 610 |
| **Tiltak helsebygg** | 6 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 | 24 000 |

| | Økonomiplan | | | | Sum Økonomiplan |
|---|---|---|---|---|---|
| Investeringsprosjekter | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2025-28 |
| **Utstyr og inventar Helse og sosial** | 1 100 | 1 100 | 500 | 0 | 2 700 |
| **Velferdsteknologi** | 4 600 | 0 | 0 | 0 | 4 600 |
| **Viervegen borettslag** | 46 200 | 5 700 | 0 | 0 | 51 900 |
| Sum investeringsprosjekt | **62 740** | **15 790** | **9 140** | **8 640** | **96 310** |

**Ombygging Blåbærtua**
Planleggingsarbeid knytt til ombygging av Blåbærtua vart ferdigstilt i mai 24. Vidare framdrift blei imidlertid stansa då helse ønska å utreda andre bruksmåtar for bygget. Etter avklaringar blei det beslutta å gå vidare med dei opprinnelege planane. Saka blei behandla i AMU i september og prosjektet er lagt ut på anbod. Arbeida vil starta så fort evaluering av anboda er ferdigstilt og entreprenør er valgt.

**Personbil**
Me held fram med utskiftinga av bilparken i tråd med kommunen sine retningslinjer. Imidlertid er prisane på varebilar fortsatt svært høge. Me vel difor å behalde to 2013-modellar eit år til i påvente av lågare prisar på varebilar.
I 2025 må me bytte totalt fire bilar, der ein må ha firehjulstrekk, sidan den vert nytta i heimesjukepleien 24/7/365. Bilane som skal byttast er tre 2013-modellar og ein 2014-modell.

Me får no meir rekkevidde for same kostnad som tidlegare. Nye bilar vert difor plasserte ut i tenester der det køyrast mange kilometer kvar dag i veka.

For å fase inn nye bilar trengst det ei utviding av ladeinfrastrukturen. I tillegg utvidar eininga for funksjonshemma verksemda med ambulante tenester, noko som også krev ladeinfrastruktur. Anslaget for utviding av eksisterande ladeinfrastruktur er rimeleg sikre. Det er usikkerheit knytt til kostnadene med nyetablering i Eivindhagen på Varhaug.

**Tiltak helsebygg**
Kommunedirektøren tilrår å flytta 2,0 mill.kr frå tiltak skular til tiltak helsebygg slik at det årlege investeringsnivået til helsebygg blir 6,0 mill.kr. i heile den komande økonomiplanperioden.

**Utstyr og inventar Helse og sosial**
Institusjonane har ein del større utstyr både på kjøkken og vaskeriet. Dette må byttast og reparerast innimellom. I tillegg må institusjonsmøbler og senger fornyast. Dette er utgifter som er for store til at det kan førast i drift.

Det er politisk beslutta at lag og organisasjoner skal leie dagsentra våre utan vederlag. Det blir meir slitasje og møblar må skiftast ut ved behov. Utstyrskonto for institusjonane er utvida til også å gjelde 2026.
For økonomiplanperioden 2025-2028 er det behov for utskifting av nøkkelbokser som ein del av oppgradering - nye løsninger for Nærbø heimetjeneste.

**Velferdsteknologi**
Det er ønskjeleg å ha dei resterande bygga på opsjon. Og me ser for oss mindre omfattande løysingar i resterande bygg og at me får alle installasjonar på plass i løpet av 2025 og kan avslutta prosjektet innan utgangen av året.

**Viervegen borettslag**
I kommunestyret den 20.06.24, sak 068/24 blei fylgjande vedtak fatta:

1. Forprosjektet "Viervegen Borettslag" godkjennes og kan lyses ut på anbud.
2. Kostnadsramme sette til 60,0 mill.kr. inkl mva
3. Kommunen sin økonomiske andel vil være 23,7 mill.kr. inkl mva.

Prosjektet blei etter vedtaket lyst ut på anbod med frist til 22.08.24. Ved anbodsfristens utløp kom det inn 3 tilbod. Espeland AS hadde det beste tilbodet og som også låg innanfor den økonomiske ramma. Den 16.09.24 blei kontrakt signert. Fysiske arbeida på byggeplassen er forventa å starta opp i slutten av 2024, med ei planlagt ferdigstilling og overlevering våren 2026.

# Helse og velferd administrasjon

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 45 276 | 47 626 | 47 900 | 49 252 | 49 252 | 44 252 | 44 252 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 6 276 | 8 658 | 10 147 | 9 871 | 10 171 | 10 671 | 10 671 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 71 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Overføringsutgifter** | 16 137 | 14 654 | 26 288 | 29 592 | 29 592 | 29 592 | 29 592 |
| **Finansutgifter** | 30 666 | 359 | 26 670 | 210 | 210 | 210 | 210 |
| Sum Driftsutgifter | **98 426** | **71 296** | **111 005** | **88 924** | **89 224** | **84 724** | **84 724** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Salgsinntekter** | -20 883 | -19 614 | -21 114 | -20 784 | -20 784 | -20 784 | -20 784 |
| **Refusjoner** | -4 789 | -3 646 | -7 846 | -3 646 | -3 646 | -3 646 | -3 646 |
| **Overføringsinntekter** | -88 110 | -57 644 | -100 722 | -71 999 | -71 999 | -66 999 | -66 999 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | -3 253 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsinntekter | **-117 035** | **-80 904** | **-129 682** | **-96 429** | **-96 429** | **-91 429** | **-91 429** |
| Sum | **-18 609** | **-9 608** | **-18 677** | **-7 505** | **-7 205** | **-6 705** | **-6 705** |

### Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Administrativ ledelse** | -6 | 0 | -100 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Administrasjon helse** | 3 996 | 5 289 | 5 187 | 5 349 | 5 649 | 6 149 | 6 149 |
| **Drift og vedlikeh.adm.lokaler** | -2 792 | -2 410 | -2 410 | -2 480 | -2 480 | -2 480 | -2 480 |
| **Helsestasjon** | 532 | 433 | 446 | 201 | 201 | 201 | 201 |
| **Tannhelsetjeneste** | -892 | -839 | -839 | -939 | -939 | -939 | -939 |
| **Miljøretta helsevern** | 648 | 667 | 667 | 802 | 802 | 802 | 802 |
| **Helseopplysning** | 701 | 365 | 0 | 971 | 971 | 971 | 971 |
| **AKTIVITETSTILBUD FUNKSJONSHEMMA HELSE** | 299 | 563 | 463 | 450 | 450 | 450 | 450 |
| **Lege** | 1 019 | 1 120 | 1 331 | 1 218 | 1 218 | 1 218 | 1 218 |
| **Fengselshelsetjeneste** | 0 | 2 | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | | Økonomiplan | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Rådgivning sosiale problem** | 1 376 | 1 438 | 1 842 | 1 645 | 1 645 | 1 645 | 1 645 |
| **Andre hjelpetiltak** | 8 842 | 10 466 | 10 466 | 11 382 | 11 382 | 11 382 | 11 382 |
| **Barnevern** | 465 | 453 | 465 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Institusjonspleie** | 1 637 | 2 115 | 1 475 | 2 675 | 2 675 | 2 675 | 2 675 |
| **Heimsjukepleie** | 3 773 | 4 165 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Funksjonshemma** | 1 252 | 1 199 | 0 | -0 | -0 | -0 | 1 199 |
| **Lærlingar** | 2 525 | 4 194 | 4 422 | 4 265 | 4 265 | 4 265 | 4 265 |
| **FUNKSJONSHEMMA** | 0 | 0 | -2 978 | 1 943 | 1 943 | 1 943 | 744 |
| **HEIMESJUKEPLEIE** | 0 | 0 | 4 210 | 3 138 | 3 138 | 3 138 | 3 138 |
| **Komm.bustader eldre og funksj.h** | -9 356 | -9 374 | -8 974 | -9 374 | -9 374 | -9 374 | -9 374 |
| **Beredskapsbustader** | -6 824 | -5 590 | -7 590 | -6 490 | -6 490 | -6 490 | -6 490 |
| **Kommunale bustader** | 45 | 80 | 0 | 80 | 80 | 80 | 80 |
| **Introduksjonsordningen** | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 15 000 | 15 000 |
| **Flyktningar** | 12 517 | 13 300 | 27 100 | 29 258 | 29 258 | 29 258 | 29 258 |
| **Tilskott frå husbanken, etabl. og utb.** | 400 | 400 | 400 | 400 | 400 | 400 | 400 |
| **Statstilskot flyktningar** | -58 775 | -57 644 | -74 262 | -71 999 | -71 999 | -66 999 | - 66 999 |
| Sum | **-18 609** | **-9 608** | **-18 677** | **-7 505** | **-7 205** | **-6 705** | **-6 705** |

## Beskriving av verksemda i dag

### Administrasjon og Lærlinger

Administrasjonen arbeider med vedtaksoppfølging, planlegging og dagleg drift. Saksførebuing, service til tenesteutøvarar, opplæring, vedlikehald og kompetanseutvikling. Administrasjonen gjer støtte for bruken av ulike fag- og journalsystem, budsjett og økonomioppfølging, innkrevjing av refusjonar og betaling frå brukarar, interne og eksterne rapportar og service til publikum. Administrasjon av lærlingeordninga ligg og her. Me har 10 lærlingar i helsefag som har signert lærekontrakt, ein av desse starte ikkje opp før i februar 2025.

### Flyktningar

Korleis kommunen lukkast med integreringa av flyktningane har mykje å seia for kostnadane på dette området. Introduksjonsprogrammet varer frå 3 månader til 4 år alt etter utdanningsbakgrunnen til flyktningen.

Dei fleste flyktningane som kjem frå Ukraina som har mellombels kollektivt vern har høgare utdanning, og får difor kortare introduksjonsprogram, frå 3 til 12 månader. Det er ein rett å delta, men ikkje ei plikt for individ med mellombels kollektivt vern.

I 2022 vart det vedteke å auka talet på mottak av flyktningar frå 30 til 165. I 2023 vart me bedne om å busetja 170, men seinare bede om å auka dette til 185. I 2024 vart med bede om å busetja 185 som kommunen sa ja til å lenge det er kapasitet med bustader og kommunale tenester. Det er gjort eit stort arbeid med oppfylging og busetjing. Talet for kor mange me skal busetje i 2025 er ikkje avklart.

### Tilskot frå Husbanken, etablering og utbetring

Vidareformidling av statlege midlar frå Husbanken til utbetring/tilpassing og etablering/rehabilitering.

# Pleie og omsorg felles

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 2 464 | 15 669 | 15 575 | 15 660 | 15 660 | 15 660 | 15 660 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | -1 351 | -540 | -540 | -740 | -740 | -740 | -740 |
| **Overføringsutgifter** | 283 | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 |
| **Finansutgifter** | 1 445 | 1 445 | 1 716 | 1 716 | 1 716 | 1 716 | 1 716 |
| Sum Driftsutgifter | **2 840** | **16 874** | **17 051** | **16 936** | **16 936** | **16 936** | **16 936** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Refusjoner** | -283 | -700 | -700 | -700 | -700 | -700 | -700 |
| Sum Driftsinntekter | **-283** | **-700** | **-700** | **-700** | **-700** | **-700** | **-700** |
| Sum | **2 557** | **16 174** | **16 351** | **16 236** | **16 236** | **16 236** | **16 236** |

### Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Transport** | 2 556 | 3 366 | 3 713 | 3 730 | 3 730 | 3 730 | 3 730 |
| **Institusjonspleie** | 1 | 12 808 | 12 638 | 12 506 | 12 506 | 12 506 | 12 506 |
| Sum | **2 557** | **16 174** | **16 351** | **16 236** | **16 236** | **16 236** | **16 236** |

# Sosial

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 8 852 | 10 303 | 12 226 | 11 433 | 11 433 | 11 433 | 11 433 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 920 | 883 | 883 | 953 | 953 | 953 | 953 |
| **Overføringsutgifter** | 13 188 | 16 210 | 14 710 | 16 210 | 16 210 | 16 210 | 16 210 |
| **Finansutgifter** | 297 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | **23 256** | **27 396** | **27 819** | **28 596** | **28 596** | **28 596** | **28 596** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Refusjoner** | -3 313 | -1 810 | -3 634 | -3 210 | -3 210 | -3 210 | -3 210 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | 0 | 0 | -296 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsinntekter | **-3 313** | **-1 810** | **-3 930** | **-3 210** | **-3 210** | **-3 210** | **-3 210** |
| Sum | **19 943** | **25 586** | **23 889** | **25 386** | **25 386** | **25 386** | **25 386** |

### Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Rådgivning sosiale problem** | 5 274 | 5 091 | 5 869 | 5 167 | 5 167 | 5 167 | 5 167 |
| **Institusjonspleie** | 0 | 0 | 0 | -79 | -79 | -79 | -79 |
| **ANNA HJELP I HEIMEN** | 0 | 0 | 0 | 15 | 15 | 15 | 15 |
| **Kvalifiseringsordningen** | 3 585 | 6 735 | 5 760 | 6 523 | 6 523 | 6 523 | 6 523 |
| **Livsopphald** | 11 082 | 13 760 | 12 260 | 13 760 | 13 760 | 13 760 | 13 760 |
| Sum | **19 943** | **25 586** | **23 889** | **25 386** | **25 386** | **25 386** | **25 386** |

## Beskriving av verksemda i dag

### Sosial:

Sosial omfattar tenester knytt til vanskeleg økonomi, arbeid/sysselsetting, bustad, gjeld, rus, psykiatri og familieproblem.

Kommunale gjennomgangsbustadar vert nytta til innbyggarar som av ulike grunnar ikkje klarer å skaffa seg bustad i den ordinære bustadmarknaden. Etter § 3-7 i Helse- og omsorgstenestelova er kommunen ”forpliktet til å finne midlertidig husvære for dem som ikke klarer det selv”.

Sysselsettingstiltak omfattar tiltak som høyrer til vedlikehalds-verkstaden og sosialtenesta. Det er tilbod til personar som ikkje oppnår arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden.

Kvalifiseringsprogrammet er eit av våre viktigaste reiskapar for å løfte innbyggarar ut av sosialhjelp. KVP er for dei som ikkje har statlige rettigheiter på eks. AAP ordninga.

For 2023 og så langt i 2024 hadde Hå låg arbeidsløyse,  men me ser ai auke i utbetalingane av økonomisk sosialhjelp. Det skuldast i hovudsak flyktningstraumen frå Ukraina, i tillegg til  høgare bu utgifter, høgare renter og prisauke generelt. Det gjer at fleire av innbyggarane i Hå har behov for supplerande økonomisk sosialhjelp. Det er også en auke på behovet for økonomisk råd og veiledning og hjelp til å handtere gjeld.

Korleis kommunen lukkast med integreringa av flyktningane har mykje å seia for kostnadane på dette området.

Hå ligg på landssnittet i andel uføretrygda, men over snittet for Rogaland. Sjukefråværet ligg rett over snittet i Rogaland, men lågare enn landet for øvrig. Arbeidsløysa er låg, men en svak auke i 2024. Andelen hushald med låg inntekt er låg, men stigande. Hå har lågare utdanningsnivå, men mindre sprik i levealder mellom utdanningsnivåa. Fleire gjennomfører vidaregåande opplæring no enn tidlegare.

# Psykisk helse og rusvern

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 90 457 | 88 226 | 94 272 | 94 300 | 96 215 | 91 727 | 90 387 |

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 7 908 | 8 294 | 8 134 | 8 701 | 8 701 | 8 518 | 8 518 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 17 | 270 | 275 | 275 | 275 | 270 | 270 |
| **Overføringsutgifter** | 1 952 | 2 017 | 1 617 | 2 037 | 2 037 | 2 017 | 2 017 |
| **Finansutgifter** | 1 737 | 24 | 24 | 24 | 24 | 24 | 24 |
| Sum Driftsutgifter | **102 070** | **98 830** | **104 321** | **105 337** | **107 252** | **102 556** | **101 216** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Salgsinntekter** | -1 836 | -1 655 | -1 820 | -2 065 | -2 065 | -1 805 | -1 805 |
| **Refusjoner** | -30 504 | -24 582 | -27 193 | -27 112 | -28 452 | -24 015 | -22 676 |
| **Overføringsinntekter** | -126 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | -635 | 0 | -1 239 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsinntekter | **-33 101** | **-26 237** | **-30 252** | **-29 177** | **-30 517** | **-25 820** | **-24 481** |
| Sum | **68 970** | **72 593** | **74 069** | **76 160** | **76 735** | **76 736** | **76 735** |

## Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Dagsenter for heimebuande** | 1 222 | 1 405 | 1 468 | 1 458 | 1 458 | 1 458 | 1 458 |
| **Støttekontakt** | 512 | 464 | 464 | 464 | 464 | 464 | 464 |
| **Rusvern** | 6 705 | 8 875 | 8 691 | 9 183 | 9 183 | 9 184 | 9 183 |
| **Institusjonspleie** | 12 223 | 12 920 | 16 567 | 18 195 | 18 195 | 15 306 | 15 306 |
| **PSYKISK HELSE** | 17 016 | 16 940 | 0 | -10 | -10 | -10 | 16 940 |
| **Funksjonshemma** | 19 420 | 19 161 | -63 | 0 | 0 | 0 | 19 161 |
| **FUNKSJONSHEMMA** | 0 | 0 | 16 865 | 16 579 | 16 579 | 19 468 | 307 |
| **HEIMESJUKEPLEIE** | 0 | 0 | 0 | -7 | -7 | -7 | -7 |
| **PSYKISK HELSE** | 0 | 0 | 17 172 | 16 718 | 17 293 | 17 293 | 344 |
| **Drift av institusjon** | 51 | 40 | 40 | 40 | 40 | 40 | 40 |
| **Organisering av sysselsettingstiltak** | 1 849 | 1 965 | 1 810 | 2 011 | 2 011 | 2 011 | 2 011 |
| **Introduksjonsordningen** | 9 802 | 10 421 | 10 641 | 11 178 | 11 178 | 11 178 | 11 178 |
| **Asylmottak** | 154 | 404 | 415 | 351 | 351 | 351 | 351 |
| Sum | **68 970** | **72 593** | **74 069** | **76 160** | **76 735** | **76 736** | **76 735** |

## Beskriving av verksemda i dag

### Psykisk helse og rusvern

Psykisk helse og rusvern består av sju avdelingar: Meistringseininga, Vedlikehaldsverkstaden, Tunet Brukarstyrt Senter, Hybelhuset og Familiesenteret. I tillegg er Flyktningeininga organisert i denne avdelinga. Vinkelbygget er òg organisert her, men vert budsjettert under tenesteområdet for institusjonar.

Meistringseininga er i stor grad ei oppsøkande teneste som gjev tenester til innbyggjarar som bur utanfor Klokkartunet. Eininga er også svært sentral i det bustadsosiale arbeidet i kommunen. Eininga har ansvar for å tildele og følgje opp bebuarar i kommunale bustader for vanskelegstilte og flyktningar.

Funkishuset i Sandnes gjev eit lågterskel helse- og omsorgstilbod for rusmiddelavhengige over 18 år. Dette tilbodet sikrar mellom anna kommunen si plikt til å ha eit slikt lågterskeltilbod, og er ein del av eit interkommunalt samarbeid.

ACT (Assertive Community Treatment) er eit oppsøkande behandlingstilbod for menneske med alvorlege psykiske lidingar, ofte med rusmiddelproblem, som i liten grad sjølv oppsøkjer hjelpeapparatet. ACT-teamet er eit samarbeid mellom Jæren DPS og kommunane Klepp, Time, Hå og

Gjesdal. Teamet er tverrfagleg sett saman, og leverer både kommunale tenester og spesialisthelsetenester.

I Meistringseininga er det eit eige ungdomsteam. Ungdomsteamet er eit ambulant team som gjev lågterskeltilbod til ungdom mellom 13 og 23 år, med hovudvekt på aldersgruppa 18-23 år. Tilbodet til dei mellom 13 og 18 år vert ofte gjeve i samarbeid med Familiesenteret. Ungdomsteamet arbeider tett saman med andre avdelingar og instansar, ofte oppfølgingstenesta i vidaregåande skule og NAV sitt ungdomsteam.

I samband med ny opptrappingsplan for rusfeltet har kommunen motteke fullfinansiering av to årsverk. Det eine årsverket vert nytta i Meistringseininga, med fokus på oppfølging av brukarar og deira nabolag. Det andre årsverket er delt opp i fleire mindre stillingar ved Tunet Brukarstyrt Senter. Oppgåvene er drift av «Prosjekt Arbeid» og utvida opningstider ved senteret (7 dagar per veke).

Meistringseininga er framleis styrkt med eit årsverk knytt til arbeid med flyktningar. Tenester vert gjevne til både allereie busette og bebuarar ved Nærland mottak.

Sommaren 2024 fekk kommunen fullfinansiert prosjektet «Saman om arbeid». Det er tilsett medarbeidar både i Meistringseininga og i NAV Hå. I tillegg er det sett av prosjektressursar i legetenesta.

Hybelhuset er styrkt med to årsverk hausten 2024 på grunn av auka behov i eit enkelttiltak.

## Helsetenesten

### Driftsbudsjett

#### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 89 895 | 86 945 | 90 820 | 90 025 | 90 025 | 90 025 | 90 025 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 15 288 | 11 200 | 11 858 | 12 475 | 12 475 | 12 475 | 12 475 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 5 431 | 5 351 | 5 351 | 5 601 | 5 601 | 5 601 | 5 601 |
| **Overføringsutgifter** | 4 713 | 3 882 | 3 982 | 4 044 | 4 044 | 4 044 | 4 044 |
| **Finansutgifter** | 1 829 | 180 | 180 | 180 | 180 | 180 | 180 |
| Sum Driftsutgifter | **117 155** | **107 558** | **112 191** | **112 324** | **112 324** | **112 324** | **112 324** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Salgsinntekter** | -10 134 | -10 047 | -11 047 | -10 477 | -10 477 | -10 477 | -10 477 |
| **Refusjoner** | -42 921 | -45 101 | -42 580 | -45 565 | -45 565 | -45 566 | -45 565 |
| **Overføringsinntekter** | -2 440 | -2 367 | -2 767 | -2 967 | -2 967 | -2 967 | -2 967 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | -1 849 | -500 | -2 045 | -500 | -500 | -500 | -500 |
| Sum Driftsinntekter | **-57 344** | **-58 014** | **-58 439** | **-59 509** | **-59 509** | **-59 510** | **-59 509** |
| Sum | **59 811** | **49 543** | **53 752** | **52 815** | **52 815** | **52 814** | **52 815** |

#### Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Drift og vedlikeh.adm.lokaler** | -239 | -221 | -221 | -221 | -221 | -221 | -221 |
| **Miljøretta helsevern** | 2 433 | 2 156 | 2 156 | 2 277 | 2 277 | 2 277 | 2 277 |
| **Helseopplysning** | 1 | 16 | 16 | 16 | 16 | 16 | 16 |
| **Friskliv** | 1 504 | 2 071 | 2 113 | 2 149 | 2 149 | 2 149 | 2 149 |
| **Medisinsk attføring** | 56 | 58 | 58 | 65 | 65 | 65 | 65 |
| **Folkehelsetenesta** | 451 | 573 | 582 | 614 | 614 | 614 | 614 |
| **Lege** | 26 727 | 21 716 | 22 511 | 23 182 | 23 182 | 23 181 | 23 182 |
| **Legevakt** | 17 268 | 12 313 | 15 463 | 13 816 | 13 816 | 13 816 | 13 816 |
| **Fengselshelsetjeneste** | 0 | -2 | 115 | -0 | -0 | -0 | -0 |
| **Fysio- og ergoterapi** | 9 599 | 9 266 | 9 487 | 9 400 | 9 400 | 9 400 | 9 400 |
| **PSYKISK HELSE** | 2 865 | 2 675 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 675 |
| **FUNKSJONSHEMMA** | 0 | 0 | 0 | -42 | -42 | -42 | -42 |
| **PSYKISK HELSE** | 0 | 0 | 2 547 | 2 660 | 2 660 | 2 660 | -15 |
| **Asylmottak** | -870 | -1 079 | -1 074 | -1 100 | -1 100 | -1 100 | -1 100 |
| Sum | **59 811** | **49 543** | **53 752** | **52 815** | **52 815** | **52 814** | **52 815** |

## Beskriving av verksemda i dag

### Helse:

Frå 01.09.24 er det 23 fastlegar i Hå, 22 av desse er ansatt i kommunale legesentre. Den siste lista er under opptrapping, ledige plasser fylles raskt opp. Dersom det skal verta plass til ytterlegare ei liste i eksisterande kontor må det gjerast større endring på legekontoret på Varhaug samt planleggjast nytt kontor. Det er difor ikkje lagt inn ny fastlege for 2025.

Ergoterapi og fysioterapi er viktige element i det å gjera rehabiliteringspasientar i stand til å koma seg ut frå sjukeheimen, anten heim eller over i ein omsorgsbustad. I tråd med målsetjinga i strategien "Bu trygt heime» som har erstattar «Leve heile livet» reforma.  Me ser at pågangen spesielt til ergoterapi og nye hjelpemiddel er i stor vekst.

Miljøretta helsevern omfattar faktorar i miljøet som kan påverka innbyggarane si helse. Ein stor del av arbeidet her vert gjort gjennom interkommunal ordning.

Frisklivssentralen er ein del av kommunen sitt folkehelsearbeid. Dei tek i mot personar som er tilviste med frisklivsresept frå legar, fysioterapeutar og NAV. Senteret gir rettleiing om trening, kost og røykeslutt.  Det er tilsett ein folkehelsekoordinator i 40 % stilling som skal koordinera folkehelsearbeidet i heile kommunen.

Nærland Mottak

Hero har avtale om drift av to asylmottak på Nærland. Det eine mottaket er eit ordinært mottak som har 200 plassar. Det andre er eit meir spesialisert mottak for einslege mindreårige og har 30 plassar.

Kommunen leverer helsetenester til personar på mottaket og får økonomisk stønad frå staten. Stønaden frå staten går i balanse med utgiftene. Når det gjeld psykiske helsetenester til mottaka vert det levert av Meistringseininga i psykisk helse og rusvern.

Fengselshelsetenesta

Verksemda vert driven som ein integrert del av kommunen si helseteneste. Utgiftene vert dekka av staten gjennom øyremerka tilskot, og drifta vert lagt opp etter dette.

# Helsestasjon og jordmor

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 17 646 | 20 036 | 19 503 | 20 887 | 20 887 | 20 887 | 20 887 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 1 631 | 1 707 | 1 707 | 1 707 | 1 707 | 1 707 | 1 707 |
| **Overføringsutgifter** | 306 | 490 | 490 | 490 | 490 | 490 | 490 |
| **Finansutgifter** | 648 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | **20 232** | **22 233** | **21 700** | **23 084** | **23 084** | **23 084** | **23 084** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Salgsinntekter** | -170 | 0 | 0 | -100 | -100 | -100 | -100 |
| **Refusjoner** | -3 947 | -1 891 | -1 507 | -2 291 | -2 291 | -2 291 | -2 291 |
| **Overføringsinntekter** | -50 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | 0 | 0 | -644 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsinntekter | **-4 167** | **-1 891** | **-2 151** | **-2 391** | **-2 391** | **-2 391** | **-2 391** |
| Sum | **16 065** | **20 342** | **19 549** | **20 693** | **20 693** | **20 693** | **20 693** |

### Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **Helsestasjon** | 9 414 | 9 993 | 10 477 | 10 242 | 10 242 | 10 242 | 10 242 |
| **Skulehelsetjeneste** | 5 462 | 7 834 | 7 834 | 7 901 | 7 901 | 7 901 | 7 901 |
| **Frivillighetssentral** | 409 | 1 876 | 586 | 1 790 | 1 790 | 1 790 | 1 790 |
| **Asylmottak** | 778 | 639 | 653 | 759 | 759 | 759 | 759 |
| Sum | **16 065** | **20 342** | **19 549** | **20 693** | **20 693** | **20 693** | **20 693** |

## Beskriving av verksemda i dag

Helsestasjonen driv førebyggande helsearbeid, oppfølging av barn og unge, i tillegg til rettleiing av foreldre. Skulehelsetenesta er ein sentral aktør i det førebyggande arbeidet. Kontaktflata dei har mot alle barna i skulen gjev spesielle moglegheiter til å fange opp dei som treng hjelp tidleg. I prosjektet «Styrking av helsestasjonen» har ein via tilskuddsmidlar hatt fysioterapeut inne i tverrfagleg arbeid i barselgrupper og helsestasjonen. Psykolog med ansvar for born og unge arbeider tverrfagleg og gjer råd til alle instansar som arbeider med barn og unge både i velferd og andre tenesteområde.

Skulehelsetenesta har i seinare tid fått fleire kompliserte saker, meir dropp inn og fleire foreldre/føresette og lærarar som tek kontakt om enkeltsaker. Det er mykje bruk av tolk både ved konsultasjonar og vaksinasjonskort.

# Sjukeheimar

# Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| **Lønn** | 167 729 | 143 186 | 155 004 | 151 260 | 151 260 | 151 260 | 151 260 |
| **Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon** | 21 152 | 19 486 | 20 855 | 20 766 | 20 516 | 20 766 | 20 766 |
| **Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon** | 531 | 87 | 87 | 87 | 87 | 87 | 87 |
| **Overføringsutgifter** | 2 531 | 2 168 | 2 288 | 2 168 | 2 168 | 2 168 | 2 168 |
| **Finansutgifter** | 635 | 444 | 1 192 | 1 192 | 1 192 | 1 192 | 1 192 |
| Sum Driftsutgifter | **192 578** | **165 371** | **179 425** | **175 473** | **175 223** | **175 473** | **175 473** |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| **Salgsinntekter** | -29 869 | -31 006 | -30 306 | -31 126 | -31 126 | -31 126 | -31 126 |
| **Refusjoner** | -17 241 | -9 495 | -15 348 | -8 958 | -8 958 | -8 958 | -8 958 |
| **Overføringsinntekter** | -112 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Finansinntekter og finansieringstransaksjoner** | -247 | 0 | -189 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsinntekter | **-47 469** | **-40 501** | **-45 843** | **-40 084** | **-40 084** | **-40 084** | **-40 084** |
| Sum | **145 109** | **124 870** | **133 582** | **135 388** | **135 138** | **135 388** | **135 388** |

## Fordeling på teneste (Tabell)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Rev.budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| **AKTIVITETSTILBUD FUNKSJONSHEMMA HELSE** | 4 | 16 | 16 | 16 | 16 | 16 | 16 |
| **VELFERDSTEKNOLOGI INSTITUSJON** | 522 | 470 | 950 | 1 400 | 1 150 | 1 400 | 1 400 |
| **Institusjonspleie** | 128 762 | 110 940 | 119 155 | 119 620 | 119 620 | 119 620 | 119 620 |
| **Dagavdeling** | 2 164 | 2 615 | 2 407 | 2 706 | 2 706 | 2 706 | 2 706 |
| **Vaskeri** | 2 564 | 2 803 | 2 841 | 2 851 | 2 851 | 2 851 | 2 851 |
| **Kjøkken** | 3 803 | 3 295 | 3 442 | 3 477 | 3 477 | 3 477 | 3 477 |
| **Heimsjukepleie** | 3 507 | 1 789 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Annan hjelp i heimen** | -650 | -670 | 0 | -0 | -0 | -0 | -670 |
| **Akutthjelp oppfølging av helsereformen** | 3 620 | 3 666 | 3 666 | 3 966 | 3 966 | 3 966 | 3 966 |
| **HEIMESJUKEPLEIE** | 0 | 0 | 1 812 | 1 862 | 1 862 | 1 862 | 1 862 |
| **ANNA HJELP I HEIMEN** | 0 | 0 | -670 | -670 | -670 | -670 | 0 |
| **Drift av institusjon** | 94 | 269 | 270 | 270 | 270 | 270 | 270 |
| **Terapibasseng** | -519 | -323 | -308 | -109 | -109 | -109 | -109 |
| Sum | **145 109** | **124 870** | **133 582** | **135 388** | **135 138** | **135 388** | **135 388** |

# Beskriving av verksemda i dag

### Institusjon:

Kommunen har fleire institusjonar som gjev tilbod om opphald heile døgnet. Desse er: Hå sjukeheim, Klokkarhagen sjukeheim, Skjeraberget avlastingsheim, Vinkelbygget og fleire barnebustader. Tenesteområdet har også dagavdeling for institusjonsbebuarar, fellestenester og terapibassenget Stampen.

Institusjonsopphald, i dette forstått som sjukeheimsplass, er for dei innbyggjarane som kommunen ikkje klarer å ivareta på anna måte, anten i eigen heim eller i kommunal bustad. Denne tenesta er for dei få, og det vil framover verta endå viktigare at ein har fokus på å hjelpa endå fleire utanfor denne tenesta. Sakshandhandsaminga skjer ute i tenestene, som gjer effektiv saksgang og god kjennskap til løysingane. Det vert ikkje brukt unødig tid på eit ekstra forvaltingsledd, samstundes som mengde sakshandsaming er

av eit slikt omfang for den enkelte at ein klarer å sikra kompetanse på området. I tillegg er fagteam det fora der ein diskuterer og fatter desse beslutningane. Her deltek både heimetenesta og institusjonstenesta og dermed vert ansvaret for å finna ei god løysing lagt her.

Kriteria for tildeling av alle tenester i helse og velferd har vorte revidert og dei har vore oppe til ny politisk handsaming hausten 2024. Dette gjer oss gode føringar for korleis ein skal forvalte denne tildelinga framover. I tillegg sikrar det at den praksisen ein gjennomfører administrativt er i tråd med den retninga som politikarane ynskjer. Det er venta at ein framover vil oppleva fleire innbyggjarar som ynskjer eit anna utfall av saka si, gitt at ein treng å gje tenestane på andre måtar i møte med den store auken i tal på eldre.

Velferdsteknologi er teke i bruk og gjer oss gode gevinstar. Framover vert det viktig at me bruker dette aktivt som det hjelpemiddelet det kan vera både for bebuarar og dei tilsette. Ein stor del av arbeidet er å tilpassa bruken til den enkelte sine behov og vera i god dialog rundt dette.

Me ser at desse løysingane kostar å drifta. Det vil framover vera viktig å sikra finansieringa til dette, og arbeida med leverandørane slik at utgiftene ikkje fer opp.

Også her ser me på ulike tiltak som kan bidra til å redusera utgiftene. Eit slikt tiltak er å vurdera om det er aktuelt å gå ned noko på dekningsgrad for langtid. Me har i dag totalt 119 plassar til korttid og langtid.

For å kunne spare på personell lyt ein ta ned minimum 4 senger (neste sprang er 8), då kan me bemanna med ein person mindre på dag og kveld i aktuell avdeling. Ei anna reduksjonstakt enn dette vil ikkje kunne gje oss full uttelling og anbefalas ikkje. Me vil ikkje råda til å redusera i dei 16 plassane me har til korttid.

Det har det siste halvanna året ikkje vore ventelister på langtidsplassar. Me vil difor kunna argumentera for at det er uproblematisk å gå ned i tal på plassar til dette. Samstundes er dette umogleg å spå. Nabokommunen vår har dei siste to åra sett ein enorm vekst i behov, og har hatt store problem med å dekka dette. Kor tid denne auken treff oss er ikkje godt å vita. Dette heng ikkje bare saman med demografiendringa, men er naturlegvis avhengig av kor godt me klarer å snu tenestene. Det vil sei at den treff oss seinare jo raskare me klarer å fokusera på å gje endå meir av hjelpa vår heimebasert.

